

Oslo, 21. oktober 2003.

Vestlandske Mållag
Olav Torheim

Til:
Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Til vitring til:
Fylkesmannen i Hordaland
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål
Noregs Mållag,
Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag,
Vestmannalaget, og
Norsk Måldyrkingslag.

Høyringsvar

Vestlands Mållag vil med dette koma med sine synsmåtar på dei framleggi til brigde i fondsfyresegni som styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev bede oss om merknader til, jfr, brev dagsett 14. november 2002, 26. juli 2003 9. september 2003 og 12. september 2003.

Vestlandske Mållag syner til at me fremja fyrebilse merknader munnleg andsynes fondsformannen og fekk då munnleg vitring um svari frå Vestmannalaget og Noregs Mållag. Me hev òg fenge kopi av framleggi deira.

Ålmene synsmåtar på framleggi til brigde:

Vestlandske Mållag er positive til at fondsstyret hev gjort framstøyt for å få fondsfyresegni i samsvar med lovverket og å få ho eintydig og uppdatera. Vestlandske Mållag ser at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore utarbeidd og fremd tidlegare. Det noverande fondsstyret skal hava stor æra for å hava gjort eit framifrå arbeidd med å utforma ein klår ordlyd og ikkje minst ei presis og grundig grundgjeving for kvart einskild framlegg til brigde.

Vestlandske Mållag delar ikkje på nokon måte synsmåtane som er fremd av den noverande leidingi i Vestmannalaget i høve til legitimitet til fondsstyret og framleggi frå fondsstyret. Dei grunngjevingane som i so måte er komne for den vantande legitimitet er i liten mun dekkjande for dei faktiske umstendi. Der er òg verd å merka seg at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore fremde alt medan nokre av dei leidande personane i den noverande leidingi i Vestmannalaget sjølve sat i fondsstyret.

Vestlandske Mållag er samde med fondsstyret i at ingen av dei framleggi til brigde som er fremde vedkjem fyremålet til fondet eller på nokon måte kann segjast å hava vore lagd serlegt vekt på av skiparen. Vestlandske Mållag er soleides samd med fondsstyret i at alle framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftingslogi § 35 andre lekken.

Vestlandske Mållag vil segja seg sers nøgd med at fondsstyret hev gjeve vallagi lange svarfrestar, og segjer seg leide for at dei tidlegare brevi ikkje vart fylgde upp godt nok.

Synsmåtar på dei konkrete framleggi til brigde:

§ 1:

Fondsstyret gjer framlegg til å umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framlegget vert studt. Vestlandske Mållag tykkjer at fyresegnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.

Dette brigdet gjeld heller ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

§ 2:

Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.

VM er òg samde i at ein kann stilla spørsmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrr vedtaket um umskiping vart gjort.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyningsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

§ 3:

Vedkomande aldersgrensa:

Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men diverre hev Vestmannalaget fleire gonger gjenge mot denne fyresegni og tolka henne slik dei sjølv vil. Vestmannalaget hev synt til at det finst sedvanar i fondet, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yvertyande dokumentasjon for denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innföra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styresmann etter 71 år. Det er truleg av di ein ynskjer at ein vald styresmann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opdal sjølv sett i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærare innskrenking slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyningsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved tvist i vallagi:

VM segjer seg leid for at stoda er slik at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Me ser at Vestmannalaget i høyningsbrevet sitt skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemnast at både Vestmannalaget og Norsk

Måldyrkingslag hev nemnde upp nye styresmenn etter dei two som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølv som formelt ber andsvaret for desse nyuppnevningane.

VM er heilt samd i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein fær ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore lite gagnleg at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar attum seg eller å vera løysingsorienterte.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 4:

Godkjenning av rekneskapane:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegne i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynmann:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegne i samsvar med lovi. VM er usamd med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegne, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev valt er i strid med fyresegne i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegne:

VM er samd i at ein bør ha ei eigi fyresegne um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegne utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann fråvika huvudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 5:

Tidspunkt for utetlingane:

VM er samde i at ein lyt hava hatt tid til å fastsetja rekneskapen for året fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Det er som påpeika no fastsett i stiftingslovi og rekneskapslovi at fresten for å fastsetja rekneskapen er 30. juni. VM er samde i at det ikkje er heldig at ein hev ein konkret frest for utetlingar.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 6:

Klargjering av tilleggi frå Opedal, jfr. § 6:

VM er samde i dei synsmåltane som fondsstyret fremjer i brevet dagsett 14. november 2002.

Presiseringa av umgrepsbruken, styresmann:

VM er samd i at det diverre hev vorte ein ukultur med å rekna styresmannen sin som målsmann for eit vallag. VM meiner difor at det er turvande å få presisert den uavhengige

rolla til fondet og fondsstyret, og at dette millom anna vert gjort med å byta ut umgrep som målsmann med umgrepstypesmann.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi fra 9. september 2003.

Vallag – nye lag?

VM ser at fondstyret dryfter tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14 november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ikkje. Det var alt då Halldor O. Opdal sette upp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein typesmann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides i mot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko i mot at andre samskipnader vert gjeven valrett

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråseigner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvt legaliteten og dei rettlege spursmåli som ligg til grunn for usemjá. VM er samd i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnevningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnevningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fyerseigner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt meldta tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyersegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyersegnene. Ut frå samtalene med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka opp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, med ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi fra 9. september 2003..

Verknaden av burtvising, uppløysing og sjølvvald attendetrekking av valretten:

VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfyresegn.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi fra 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:

VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfyresegni. VM tykkjer ikkje at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjort framlegg um. VM er òg uroa yver den

innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til at fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opedal skipa eit landsfemnande fond, ikkje eit fond for Bergen med umland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfyresegne frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at då fondsfyresegni vart fastsett 29. desember 1971 var hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidig då var rimelegast å møtast i Bergen. At det miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 i stor grad heldt til kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet åt Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lenger eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfyresegni, utan at styret slepp ganga vegen um umskiping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:

Dette er tåketale!!!!!!!!!!!!!!

VM syner til det som er nemnd um sætet. VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimelegt nivå. Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastset ein slik regel i fondsfyresegni. Den materielle regelen i fyresegni er det ingen som er usamde i.

Buregel for styresmennene:

Halldor O. Opedal ynskte eit landsfemnande fond og ein bør difor ikkje taka inn framlegget um buplikt i Bergen eller umland for styresmennene i fondsstyret.

Instituttet Halldorsbu:

VM registrerer med undring påstandane frå Vestmannalaget um at fondsstyret krenkjer viljen til Halldor O. Opedal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fyresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opedal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktalar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette opp reglar um at slekti hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspeil frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi bør gjevast til det andre fondet som Opedal skipa.

Sluttmerknad

Vestlandske Mållag ynskjer at dei framleggi som det er fremde av fondsstyret skal verta fastsette i god til fyre det nye fondsstyret tek til med sin arbeidsfolk våren 2004, og bed um at fondsstyret og Fylkesmannen i Hordaland kann sjå på saki snøgt.

Vestlandske Mållag trur at mange av stridane vert løyste um ein fær fastsett den nye og meir presiser fondsfyresegni fyre vallagi skal nemna upp nye styresmenn.

Vestlandske Mållag ynskjer å takka fondstyret for umfemnande arbeidet som heilt klårt lyt
vera lagt ned i denne prosessen.

Vensam helsing
Vestlandske Mållag

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org nr. 977 152 836

Postboks 919 - Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 1. november 2002.

Til

Noregs Mållag

Ivar Aasen-sambandet

Vestlandske Mållag

Vestmannalaget

Norsk Måldyrkingslag

HØYRINGSRUNDE

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ynskjer, i samband med den nye stiftingslogi, å brigda sume fyresegner i statuttane (fyresegni) åt fondet. I samband med detta bed styret vallagi um å koma med merknader og innspel til dei framleggi som styret hev. Framleggi vert presentert nedanfor.

Stortinget vedtok 15. juni 2001 ei ny log um stiftingar, ho er enno ikkje iverksett, men den nye logi krev sume brigde i fyresegni åt fondet. Styret kann sjølv sagt ikkje gjera brigde i fyresegni åt fondet på eigar hand, men vil fremja saki andsynes Fylkesmannen i Hordaland. Etter den gjeldande stiftingslovi ligg fullmakti hjå Kongen, jfr. § 32. Den reelle avgjerdsmakta ligg hjå Fylkesmannen i Hordaland, som gjenom delegasjon hev fenge fullmakt til å taka avgjerd um umskiping, jfr. kgl. res. dagsett 4. desember 1981 og rundskriv 198/88 frå Justisdepartementet

Skipingsgrunnlaget åt fondet

Den 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal uppe eit gåvebrev der han gav kr. 600 000,00 til eit fond som skulde fremja norsk målreising og måldyrking. Fondet skulde bera namnet åt skiparen. I gåvebrevet sette skiparen òg opp statuttane, fyresegni åt fondet. Det vart i fyresegni gjeve reglar um bruken av avdråtten frå fondsmidelen. Fyresegni, § 5, sette upp ein firaårsturnus. Avdråttane dei tri fyrste åri skulde etlast ut til serskilt nemnde fyremål og avdråtten det fjerde året skulde leggjast til grunnstolen. Fyrste i 1976 byrja fondet for å etla ut studnad.

I 1987 vedtok styret samrøystes å brigda fyresegni åt fondet. Styret ynskte i praksis å minka kravet um avsetjing til grunnstolen. Styret ynskte å setja av 10% av avdråtten kvart år, i staden for å setja av heile avdråtten det fjerde året i turnusen. Framleggi som styret vedtok vart sendt ut på høyring hjå vallagi våren 1988. Alle lagi slutta seg til ynsket frå styret, men Norsk Måldyrkingslag hadde eit etterhald.

I 1992 søkte styret um og fekk godkjent ei umskiping, permuntasjon, av fyresegni åt fondet. Det er skilnad på det som vart vedteke i 1987 og dei brigdi som vart bede um i 1992.

Hendingane dei siste åri

Det hev vore mykje uro kring styringi av fondet dei siste åri. Alt i 1997 byrja styresmannen frå Noregs Mållag, Einar Schivevåg, å reisa spørsmål ved styringi av fondet. Etter mykje turbulens melde Noregs Mållag i frå um at styret i laget ikkje studde styresmannen i kritikken av styringi, styreformannen og forretningsføraren. På same tid hadde fleire både i Vestmannalaget og i Ivar Aasen-sambandet byrja å røkja etter kva som skjedde i fondet, og kvifor ikkje lagi fekk rekneskapane og årsmeldingane åt fondet. Det var ingen samband millom dei ulike miljøi. Noregs Mållag som hadde reist kritikken skarpast drog attende kritikken, i den trui at ingen andre av vallagi studde synsmåtane deira. I 1999 vedtok Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag at tidi var mogen for å få meir innsyn i og betre styring av fondet, kvart lag valde difor nye målsmenn. Kvart lag valde leidaren sin til styresmann, for å betra sambandet millom vallaget og fondet. Etter kontakt millom vallagi syntet det seg at dei hadde samanfallande synsmåtar og løysingar på styringi av fondet. Våren 2000 valde difor fondsstyret ny leiding, med studnad frå fire av fem vallag. To av styrelmene som båe var passert den fastsette aldersgrensa for mange år sidan, og forretningsføraren studde ikkje synsmåtane til fleirtalet av vallagi.

Våren 2000 vart òg forretningsførarposten samstundes avskipa. I samband med detta fekk den nye leidingi seg fyrelagt fyresegni åt fondet. Denna fyresegni som òg var send til sume vallag, var ikkje i samsvar med den rettsgyldige fyresegni etter umskipingi i 1992. Det største praktiske skilnaden millom dessa var serlegt § 2 i fyresegni. Formannen hadde oppdaga at fyresegni ikkje var uppdatert under eit møte millom han og Fylkesmannen den 3. august 2001.

Framlegg til umskiping frå styret, jfr styrevedtak frå 4. august 2001:

Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegne til fondet i medhald av stiftingslovi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegne til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 fyrste og andre lekken i stiftingslovi.

Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigda som er fyreslegne råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagt vesentleg vekt på av Halldor O. Opdal då han skipa fondet i 1971.

Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:

§ 2 vert brigda soleis at siste punktum fell burt.

§ 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:

Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordlyden fell burt og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§ 5 vert brigda soleis at ordi ”i mars månad” i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen og skrivaren har fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje let seg etterleva.

Formannen og skrivaren skriv ei utgreiding med underbyggjing for brigdi i samsvar med dryftingane på dette møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sendt til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sendt Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

Grunngjeving:

Avsetnadene til grunnstolen

Hovudinnhaldet i umskipingi i 1992 var at ein fekk årlege avsetnader, på minst 10 % av avdråtten, og at dei skulde vera so store at det røynde verdet av grunnstolen auka. Konsekvensen av umskipingi er at ein lyt setja av mykje meir enn fyre umskipingi i 1992. Skulde ein setja av so mykje som § 2 gjer påbod um, vert avsetnaden på millom 1/3 og 2/3 av den årlege avdråtten. Skulde ein hava fylgd fyresegni ville avsetnaden ha utgjort i 1997 66,6%; 1998 50,4%; 99 38,8% og i 2000 62,9% av den årlege resultatet fyre umframpostane (attendeføringane). Slike avsetnader ville etter styret si meinings ikkje vera i samsvar med fyremålet til fondet, sidan dei årlege utetlingane ville vera sers knappe.

I 29. desember 1971 sette Halldor O. Opdal upp fyresegni som ein del av gåvebrevet. I § 5 vart det slege fast at fondet skal fylgia ein turnus på fira år, med utetlingar dei tri fyrste og:

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2.

Det fanst ingen krav eller påbod um at det røynde verdet at grunnstolen skal haldast ved lag, eller aukast.

Fyresegnene i § 5 vart ikkje fylgd dei fyrste åri, etter ynskje frå Halldor O. Opdal sjølv, soleis at fondet ikkje etla ut studnad fyrr i 1976. Grunnen var at både fondsstyret og Halldor O. Opdal ynskte at grunnstolen skulde koma upp i ein million kronor.

I 1982/83 hadde ein i eit bel fylgd turnusen i gåvebrevet, då vart fondsstyret uppmoda av Halldor O. Opdal um å setja av meir til grunnstolen. Dette av di han då òg ynskte at grunnstolen skulde nå ein million so snøgt som råd. Dette fylgde styret opp, med å setja av 10 % av avdråtten òg i dei tri fyrste åri av turnusen, attåt heile avdråtten det fjerde året.

I midten av 1980-talet vart grunnstolen på ein million kronor. Det kom difor ynskje om to brigde:

1. at fondet gjekk attende til turnusen, og
2. at §§ 2 og 5 i fyresegne vart brigda soleis at meir av avdråtten skulde nyttast til å fremja fyremålet med fondet, enn det som gjekk fram av den dågjeldande fyresegne

Styret gjorde i 1987 vedtak om å brigda § 2 og 5, med tanke på å minka avsetnaden. Styret gjorde framlegg um at ein skulde setja av 10 % av den årlege avdråtten, i staden for heile avdråtten den fjerde året i turnusen. Intensjonen med denne umskiping var at ein skulde nyitta meir av avdråtten på å fremja fyremålet med fondet og nyitta mindre til grunnstolen, sidan denne var komen yver ein million. Framlegget vart sendt på høyring hjå vallagi. Alle vallagi studde intensjonen. Norsk Måldyrkingslag hadde likevel eit anna framlegg til løysing, laget ynskte å setja av minst 10 %, likevel høgst 25 % av den årlege avdråtten. Innanfor desse avgrensingane, skulde avsetnaden til grunnstolen fastsetjast slik at det røynde verdet til grunnstolen aukar.

Kvar år skal millom 10 og 25 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

Merknaden frå Norsk Måldyrkingslag vart ikkje sendt til dei andre vallagi.

Avdråtten i midten av 1980-talet var sers høge, og ein avsetnad på like yver 10 % av den årlege avdråtten var nok til å halde det røynde verdet ved lag.

Brigi som styret gjorde i vedtak um i 1987 vart i praksis fylgd upp, utan at det hadde skjett ei formell umskiping av fylkesmannen. Etter kva arkivi fortel vart saki først i 1992 fremja andsynes Fylkesmannen. Etter brevbyte med den dåverande styreformannen, endar med at fondet endrar framlegget sitt. Det nye framlegget som styret fremde andsynes fylkesmannen vart ikkje sendt ut på høyring hjå vallagi. Styret søker um følgjande umskiping av §§ 2 og 5 i fyresegni:

Kvar år skal minst 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

Fylkesmannen gjorde difor i 1992 vedtak um umskiping av fyresegni, §§ 2 og 5 i samsvar med det siste framlegget frå den dåverande styreformannen. Fylkesmannen bad òg um at den nye heilskapen i fyresegni vart sendt han, utan at me kann sjå at dette vart etterkome.

Skilnaden på framlegget frå 1987 og 1992 er at i 1987 skulde det setjast av 10 % årleg, utan umsyn til det røynde verdet til grunnstolen. I framlegget frå 1992 er det eit påbod um å tryggja det røynde verdet til grunnstolen, fyresegni slår fast eit minimumskrav. Teoretisk kann ein soleis uppleva at heile avdråtten lyt setjast av til grunnstolen. I framlegget frå Norsk Måldyrkingslag som òg hev eit minimumspålegg er det i det minsta ei øvre grensa (på 25 %) for kor mykje som skal setjast av til grunnstolen, sjølv um det røynde verdet minkar.

Styret hev følgjande merknader til saki:

- a) Halldor O. Opedal hadde inge påbod um at grunnstolen skulde halda uppe sitt røynde verde i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Sidan vedkommande fyresegne ikkje var ein del

av den upphavlege fyresegne, kann det ikkje vera umstende som Halldor O. Opedal såg på som vesentlege, som skulde tilsega at denna umskipingi ikkje kann skje.

- b) Hovudintensjonen med dei umframavsetnadene som skjedde på 1970-talet og 1980-talet var at grunnstolen skulde nå ein million kronor, ikkje fyrst og fremst det røynlege verdet av grunnstolen. At sideeffekten av umframavsetnadene var eit større røynlegte verde, er det ingen i tvil um.
- c) Intensjonen med den umskipingi som styret gjorde framlegg um i 1987 var å minka den pålagde avsetjingi til grunnstolen, ikkje å auka ho.
- d) Alle vallagi stydde denne intensjonen, sjølv um Norsk Måldyrkingslag ynskte å setja av meir enn dei fira hine vallagi og styret.
- e) Dei årlege reelle avdråttane i kring 1987 var sers høge, slik at ein ikkje hadde serleg tanke på at fondet kunne koma i den stoda at um lag 40 % av den årlege avdråtten laut setjast av til grunnstolen um det røynlege verdet hans skulde haldast ved lag. Dimed er en viktig fyresetnad for fyresegni falle burt, jfr. § 35 3) siste punktum.
- f) Det siste framlegget som vart fremja andsynes Fylkesmannen var ikkje på høyring hjå vallagi. Dei hev soleis ikkje hatt høve til å koma med merknader til det. Dette momentet er truleg i seg sjølv ikkje god nok heimel for å brigda fyresegni, men er eit viktig attåtmoment.
- g) Skilnaden millom både framlegget frå 1987 og framlegget frå Norsk Måldyrkingslag på den eine sida og framlegget frå 1992 på den andre sida er at dei to første minkar avsetnadene i høve til fyresegni slik ho vart sett opp i 1971 – medan det andre i praksis (frå 1990-talet) fører til at avsetnadene lyt vera um lag 40 % av den årlege avdråtten. Det verkar både lite heldig i høve til fyremålet å ha påbod som krev so høge avsetnader til grunnstolen.
- h) Det siste framlegget frå styret i 1992 ville, um ein skal nytta 1990-talet som utgangspunkt, føra til at dei reelle avsetnadene til grunnstolen vert dobla i høve til fyresegni som Halldor O. Opedal sette opp i 1971. Dette sidan avsetnaden i fylge gåvebrevet skulde gjerast i slutten av firaårs-turnusen, og den nye fyresegni fastsett årlege avsetnader, der avsetnadene i dei fyrste åri sjølv gjev avdrått i dei neste åri.
- i) Det var soleis ikkje samsvar millom det i alle høve fleirtalet av vallagi og styret ynskte å uppnå, og det som ligg vart resultatet av umskipingi. Fyresegni slik ho vart i 1992, er dimed komi i strid med meinings med umskipingi, jfr. § 35 fyrste lekken 3).
- j) Fyresegni slik ho vart etter vedtaket dagsett xx.xx. 1992, er ikkje gjort kjend for vallagi. I alle høve Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.
- k) Fyresegni er heller ikkje i praksis fylgd, med undantak av året 1999 då det dåverande styret gjorde framlegg um ein avsetnad på kr. 100 000,00. Denne avsetnaden vart ikkje godteke av fira av dei fem vallag. Dei kjende då ikkje til fyresegni i § 2.
- l) Fyremålet med fondet er ikkje å samla seg midlar, men å fremja norsk målreising og måldyrking ved å gjeva studnad til personane og tiltaki som fremjer dette. Fondet vil sjølv

med ein avsetnad på 10 % av avdråtten, framleis vera eit av dei tri største målfondi i landet. Fondet vil ikkje missa "tyngd" og "gjetord" innan målrørsla. Ynskje um å halda uppe sitt eige minne, var no ein av grunnane til at skiparen fastsette at fondet skulde bera namnet sitt. Ein lyt sjå forbodet mot å nytta grunnstolen i dette perspektivet òg. Dette ynskjemålet stettar ein difor sjølv um ein ikkje sett av so mykje som den noverande fyresegni pålegg.

- m) Heimelen til umskiping finst i stiftingslovi §§ 32 og 34. Det materielle grunnlaget for umskipingi finst i § 35, med avgrensing av § 36. I § 35 finst det to ulike grader materielle vilkår som lyt vera til stades fyre umskiping kann gjerast. I 35 1. lekken gjeld brigde av fyremålet eller anna som er lagt vesentleg vekt på av skiparen. For dessa brigdi er kravet at fyresegni som ein ynskjer å brigda er **synbert** uheldig eller uformuftig. § 35 2. lekken gjeld andre brigde, for dessa gjeld ikkje kravet um å vera synbert. Sjølv um avsetnadene ikkje er ein del av fyremålet og vilkåret um "røynlegt verde" ikkje med i den upphavelege fyresegni, lyt nok fyresegni truleg brigdast med heimel i § 35 fyrste lekken, av di denna fyresegni var vesentleg i samband med umskipingi i 1992.

Styret meiner difor at ein ikkje berre skal gjera ei vurdering av dei skrivne fyresegnene, men og intensjonen um å halde minne um Halldor O. Opedal uppe. Ein held minne um skiparen uppe via utetlingane ikkje via ein stor grunnstol.

Styret meiner at um ein skal fylgja fyresegni slik ho er no vil det vera synbert uheldig for fyremålet og destinatarane. Ei eventuell umskiping kann dimed også heimlast i § 35 1. lekken 4).

Styret er meir uviss um fyresegni fall inn under vilkåret "synbert uformuftig". At grunnstolen vert stor er nok ikkje uformuftig, sjølv om det er til ulempa for destinatarane. Styret kom fram til at ein ikkje trong nærrare dryfting av detta momentet, sidan § 35 1. lekken 4) nytta umgrepet "eller". Det er, etter styret si meinung, nok at fyresegni er synbert uheldig.

Styret meiner òg at fyresegni i tillegg var komi i strid med meiningsi med umskipingi i 1992, sidan meiningsi var å minka avsetnadene til grunnstolen. Styret syner òg til at ein av fyresetnadene for umskiping i 1992, dei store reelle avdråttane, heller ikkje lengre er til stades, umskipingi kann dimed òg heimlast i § 35 1. lekken 3). Styret meiner difor at fyresegni um auka reell verde ikkje bør standa i fyresegni år fondet, og at siste setningi i § 2 fell burt.

Aldersgrensa

Styret ynskjer å presisera fylgja av aldersgrensa i § 3. Styret syner til dei siste åri der middelalderen i styret hadde vore sers høg og at kontakten millom styret og vallagi hadde vore liten. Styret syner til at to av vallagi hadde nemnt upp personar som var nesten 80 år gamle. Styret syner til kva som vart skreve til vallagi:

Ut i frå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lengre" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

Styresemennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "bør" er fyresegni deklaratorisk, altso kann ikkje vallagi fråvika denne fyresegni.

Aldersgrensa er oppover 75 år; sidan det er nytta umgrepet "er" er denne fyresegni presprisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist fråvika denne fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp var dryfta med med advokat fyrr dei vart sett upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjenomdryft, og at ordvalet bygde på ei nøgje vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt mellom "bør" og "er", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.

Ei aldersgrensa oppover til 75 år tykkjer heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingen moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Når fyresegni hev vorte tolka onnorleis av vallagi enn dei etter styret si meining var meint, tykkjer styret det er turvande å gjera ei understrekning av denne paragrafen og slå fast at målsmenn yver 75 år gjeng ut av fondet. Då vil det ikkje verta rom for tolkingar. Styret meiner difor at det noverande tolkningsrommet er "uheldig", jfr. stiftingslovi § 35 andre lekken.

Godkjenningi av rekneskapane og val av ettersynsmenn

Det var alt våren 2000 semje mellom styremennene um at fyresegni um rekneskapane og ettersynsmennene ikkje er i samsvar med gjeldande lovverk.

Der det er ein stor skilnad mellom fyresegni åt fondet og andsvarsdelingi som stiftingslovi sette i §§ 10 og 11. Fyresegni slær fast at styret skal peika ut ettersynsmann og at vallagi godkjenner rekneskapen, medan stiftingslovi slær fast at vallagi vel ettersynsmann, jfr. § 11 sjuand lekken, og at styret fastsett rekneskapen, jfr. § 10. Also er ordningi i fyresegni motsett av lovi. Styret ynskjer at det skal vera samsvar mellom lovverket og fyresegni åt fondet.

Ei umskiping vil få fåe praktiske fylgjor for fondet. Fondsstyret ser det som uheldig at fyresegni ikkje er i samsvar med stiftingslovi, og det som urett at styret skal nemna upp sin "eigen" ettersynsmann. Fondsstyret meiner difor at den noverande § 4 i fyresegni ikkje lenger lar seg etterleva, jfr. § 35 fyrste lekken og fyresegni er "uhensiktsmessige", jfr. § 35 andre lekken i stiftingslovi.

Utan at det var eit tema under fyrehavingi av styret, er det naturleg ogso å fjerna tilvisingane til godkenningsordningi som finst i § 5 andre, tridje og fjerde bok.

Tidspunktet for utetlingane

Skrivaren syntte til det utsende framleggget um brigde i § 5, og Kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert sløyfa. Framleggget vart grunngjeve med fylgjande:

- a) Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande lover å vera fastsett fyrr 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferdige fyrr i april. Ein bør ikkje vera tvungen til å gjera løyvingar fyre rekneskapen er ferdug.
- b) Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vore halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynskje um

å halde styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera tunge til å halda to ulike styremøte.

Det er ingen moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagt serlegt vekt på av Halldor O. Opedal, då ha sette upp gåvebrevet. Ogso dette framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekk.

Instituttet *Halldorsbu*

Formannen synte til ordskifte på styremøtet den 4. august 2001 um umskiping av fyresegni. Han stilte òg spørsmål ved kva "instituttet *Halldorsbu* på Bibelhaug i Ullensvang" var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrt um dette instituttet, og um det ikkje finst vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i uppgåva å røykja etter kva meiningi med fyresegni kunne ha vore. Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denne fyresegni saman med dei andre brigdi – um det synte seg at instituttet *Halldorsbu* ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi, ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje so nokon snarleg løysing på målstriden. Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ein alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane her på styremøtet. Ei niese av H. O. Opedal som bur på Opedal, fortalte til formannen at Halldorsbu var eit framstøyt som Halldor O. Opedal hadde med å opprettet ein samlingsstad på heimgarden sin for diktatarar og diktarspirar. Denne framstøyten mislukkast, og det vart ikkje noko av instituttet. Denna fyresegni let seg soleides ikkje etterleva.

Det lyt difor vurderast å taka burt fyresegni:

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Styret hev som nemnd foran ikkje dryft alternativ fyresegn. Vallagi vert soleides uppmoda um å koma med framlegg til ny fyresegn.

Brigde av eg-formi i § 1

Etter nærmere gjenomgang av fyresegni ynskjer formannen også at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp var i sjølve gåvebrevet, ei ålmen fyresegn bør, etter formannen i meining, ikkje nytta eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "Eg viser til målsynet å" og at ein i staden nyttar "Det vert synt til målsynet å...".

Vallag

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen si til fyremun for Høgnorskringen. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å ha ein valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenn. Andre hev reist spørsmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag, ogso uavhengig av stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åre vokse sterkt og målber målsynet å Gjeldsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på dette spørsmålet.

Desse framleggi vert sendt ut til vallagi, so at dei fær høve til å koma med merknader til fondet. Deretter skal dei sendast til Fylkesmannen for godkjenning.

Vensam helsing
For
Styret i Halldor O. Opedals fond for norks målreising og målodling

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 22. august 2003.

Til:

Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Norsk Måldyrkingslag.

Høyring

For fondsstyret vil eg med detta informera um at fondsstyret hev teke initiativ til nye brigde i fyresegni åt fonget. Dessa nye framleggi kjem i tillegg til dei som alt er melde i brev dagsette 14. november 2002 og 26. juli 2003.

I samsvar med stiftingslogi vert vallagi varsla um dessa framleggi og bedne um å koma med merknader, innspel og eventuelt framlegg til andre formuleringar av brigdi. Eg vil gjera merksam på at det berre er fondsstyret som kann koma med nye tema eller heilt nye fyresegner. Vallagi hev som høyrigninstansar sjølv sagt høve til å meina at brigdi ikkje er ynskjelege, vantar heimel og/eller ikkje er dryfte godt nok.

Eg ser at Vestmannalaget meiner at det er vallagi som kann brigda fondsfyresegni, detta er ikkje rett. Retten til å gjera brigde i fondsfyresegni er lagd til Fylkesmannen i Hordaland.

Når ikkje anna er nemnd gjeld alle paragraftilvisingane til stiftingslogi som er dagsett 23. mai 1980 nr. 11. Det er gjort sume tilvisingar til den nye stiftingslogi som enno ikkje er gjort gjeldande, dessa er tilvist under umripet "den nye stiftingslogi".

BAKGRUNNEN FOR BRIGDI:

Halldor O. Opedal sette upp fyresegni åt fonget i gávebrevet som er det rettelege grunnlaget for fonget, alt i 1971. Då fanst det ikkje ei eigi log um stiftingar. I 1980 fekk me ei eigi log um stiftingar. Denna logi sette upp mange fyresegner um stiftingar og korleides dei skal styra og korleides fondsmidlane skal varveitlast. Dessa logreglane er yverordna reglane i fondsfyresegni. Diverre hev dei tidlegare fondsstyri ikkje implementera dessa logrelane som kom i 1980 i fondsfyresegni. Eg vil her peika på reglane i fondsfyresegni um fastsetjing av rekneskap, val av ettersynsmann, og at fondsmidelen skal varveitlast etter reglane for umyndige. Dessa reglane i fondsfyresegni er i seinvese strid med reglane i stiftingslogi, og hev vore i strid med reglane no sidan 1980.

Fondsstyret hev òg gjort framlegg um å taka burt reglar som ikkje let seg etterliva, t.d. fyresegni um "Instituttet Bibelhaug" som ikkje finst. Eigedomen som Opedal i 1971 hadde tenkt å nytta som diktarstove, vart i 1986 yverlate til den ålmennyttige stiftingi som Opedal skipa. Vedkomande eigedom er òg sold.

Sume brigde, som vart gjort tidlegare, er etter nærare gjennomgang ikkje gjort i samsvar med fyresegrne i stiftingslogi, og fondsstyret gjer no framlegg um å bøta på dessa mistaki. Detta gjeld umskipingi i 1992 um storleiken på den årlege avsetnaden. Den formuleringi som

formelt vart vedteki av Fylkesmannen, men ikkje reelt ikkje fyldt av fondsstyret, var ikkje vedteke av eit samla fondsstyre. Fyresegni i § 33 slær fast at det berre er fondsstyret, og skiparen, som kann søkja um umskiping. Når det ikkje ligg fyre styrevedtak på vedkomande umskiping – her avsetnaden – som Fylkesmannen gjorde vedtak um, er vedtaket ikkje rettkome. Dette er det gjort greida for i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.

Dei siste brigdi som fondsstyret no gjer framlegg um kom etter innspel og dryftingar i samband med høyrignsrunden. Regelen um twisteløysing kom på grunn av stridane i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Måldyrkingslag (eit fleirtal av vallagi).

HEIMEL FOR BRIGDI:

I det fyrste høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002, vart fyresegnene i stiftingslogi um umskiping av fondsfyresegni gjort greida for, og eg vil ikkje taka uppatt detta. Eg vil berre segja i frå um fondsstyret meiner at både dei brigdi som det vart gjort framlegg um i dei two tidlegare høyringsrundane, og dei brigdi som fondsstyret no gjer framlegg ikkje vedkjem fyremålet eller at det vart lagt serskilt vekt på dei fyresegnene som vert brigda, jfr. § 35 andre lekken. Fondsstyret hev i alle høve prøvd å tilmåta brigdi so langt som råd både fyremålet og tankegangen i skipingsgrunnlaget, jfr. § 36 andre lekken.

Sjølv um alle framlegg til brigdi kann gjerast etter § 35 andre lekken, hev sume framlegg òg klårare heimelsgrunnlag i § 35 fyrste lekken.

GRUNNLAGET FOR DEI EINSKILDE FRAMLEGGI:

Fylgjande er notera av formannen og skrivaren frå styremøtet 16. august 2003, (**ikkje upprit, det vil ikkje liggja fyre fyrr seinare**):

(Sak nr. 9. Saki vart lagd fram av formannen.)

Tvist i vallagi:

Ein regel som fastslår at fondsstyret, ved ein uløyst tvist i eit av vallagi um kven som kann nemna upp styresmann, ved vedtak kann avgjera med endeleg verknad kven av twistepartane som skulde hava rett til å peika ut styresmann for vedkomande vallag. Umgrepet "tvist" synte her til strid millom two eller fleire motstridande styre, som hadde peika ut ulike personar, som styresmann frå det same vallaget. Umgrepet "uløyst" synte til at det på det tidspunktet det nye styret skulde kallast inn til skipande møte, ikkje låg fyre ein rettskraftig dom eller annan offentleg/rettsleg avgjerd um kven som var rettkomen til å målbera vedkomande vallag. Med "offentleg/rettsleg avgjerd" synte formannen til ei eventuell avgjerd frå Fylkesmannen og/eller det nye Stiftingstilsynet.

Grunngjeving:

Formannen synte til tvistane som hadde vore tidlegare knytte til Jon Askeland og Norsk Måldyrkingslag i arbeidsbolken 1988-1992, og til dei noverande tvistane i Norsk Måldyrkingslag, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag. Formannen synte til at fondsstyret hadde tri alternative måtar å løysa tvistane på:

- Ikkje kalla inn nokon styresmann frå dei vallagi der det var tvil um kven som hadde oppnemningsretten, fram til det låg fyre ei klår avgjerd i tvistane.
- Få ein regel i fyresegni som gjev det innkallande styret rett til ved uløyst tivst på innkalligstidspunktet, å avgjera med endeleg verknad kven som skulde ha rett til å peika ut styresmannen.

- ikkje hava styremøte fyre stoda er klårlagd eller at det "gamle" styret fungerar, som "forretningsministerium" fram til tvisten er løyst.

Ved det første tilfellet vilde ein kunna uppleva at fondsstyret ikkje vart vedtaksført, av di det var tvist i eit fleirtal av lagi og det kunde gå lang tid fyre tvistane eventuelt vart løyste rettslegt. Detta var grunnen til framlegget som er nemnd i punkt two.

Arbeidsbolken for styresmennene:

Det er slege fast ein regel i fyresegi um uppnevningssbolkar på fire år. Dette vil antitetisk tolkast som um det ikkje er råd for vallagi å nemna ut personar for kortare eller lengre tidsbolk, eller å kasta styresmannen sin i uppnevningssbolken. Det siste er det dessutan vedtak og praksis på, jfr framlegget um å skrifa ut Jon Askeland som styresmann frå Norsk Måldyrkingslag i 1991/92. Det er meir uvisst korleis stoda er til styresmennene ved burtvising og uppløysing.

Ein regel som fastslår verknaden for styresmannen, um eit vallag ikkje ynskjer å ha styresmann i fondet med dei fyresegnene som til kvar tid gjeld, jfr. § 6, og at ei vallag vert synt burt frå fondet, jfr. § 6. Verknaden for styresmannen um eit vallag i uppnevningssbolken vert nedlagt og/eller uppløyst må avklårast. Formannen hadde etter dryftingar med advokaten kome fram til følgjande prinsipp for denna fyresegni:

Når eit vallag ikkje ynskjer å velja styresmann, og det gjev melding i uppnevningssbolken, gjeng den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnd upp ut or fondsstyret frå det tidspunkt fondet hev fenge meldingi.

Når eit vallag vert synt burt, jfr. fyresegni § 6, gjeng den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnd upp, ut or styret frå det tidspunktet vedtaket er rettkome, d.v.s. etter det siste av dei two styremøti som hev havt saki uppe til avgjerd. Når eit vallag vert nedlagt og/eller uppløyst i uppnevningssbolken, sit styresmannen som vedkomande vallag hev nemnd upp ut uppnevningssbolken.

Grunngjeving:

Ved dei two fyrstnemnde tilfelli, ligg det fyre positive vedtak frå anten vallaget eller frå fondsstyret. Det er difor ikkje naturlegt at den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnd upp, sit ut uppnevningssbolken. Vedtaki er i både tilfelli knytte til fyremålet og/eller fyresegni åt fondet.

Når det gjeld uppløysing av eit vallag, er det umstendi i vedkomande vallag som løyser ut fokuset på vedkomande styresmann, og ikkje spørsmål kring fyremålet og/eller fyresegni åt fondet.

Tilslutnadsfråsegn:

Ein regel som pålagde vallagi ei plikt til, fyre kvar uppnevningssbolk, å koma med ei fråsegn um dei godtak fyresegni som var gjeldande på det tidspunktet uppnevningssbolken byrja. Det kunde òg vera eit tema um ikkje ogso dei valde styresmennene laut koma med ei slik fråsegn.

Grunngjeving:

Formannen og advokaten hadde etter dei siste rundane med Vestmannalaget undra eg yver um dei i det heile godtak fyremålet og fyresegni som Halldor O. Opdal hadde sett opp. Alle vallagi hadde rett nok då fondet vart skipa kome med fråsegn um aksept og vyrdnad for

fyresgni, men ein kunne spyra um dette var gløymd. Det hadde òg frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Måldyrkingslag tidlegare vore reist spursmål um dei styremennene som var nemnde upp hadde kjenskap til og ynskte å arbeida i samsvar med fyresegni.

Dryftingane i fondsstyret kom fram til fylgjande:

Formannen peika på at dei tri siste reglane ikkje hadde vore ute på høyring, og at skulde fondstyret fremja dei, lyt dei sendast ut på høyring hjå vallagi.

Eit viktig prinsipp å slå fast er at Opedalsfondet er eit autonomt organ. Uppnemnarlagi kann peika ut ein styremann, men styremennene er ikkje målsmenn for sine samskipnader. Dei einskilde styremennene er pliktige til å fylgja fyresegnene til fondet og å fremja fyremålet til fondet. Den einskilde styremannen hev ingen skyldnader andsynes uppnemnarlagi. Fondsstyret skal derimot orientera uppnemnarlagi um rekneskap og årsmelding.

Det kom òg til ei dryfting av umgrepi; grunnstol, hovudstol og styremann. Det vart semja um å sjå nærrare på ei klårare presisering av umgrepi som vert nytta i fondsfyresegni og at ein nyttar umgrepi konsekvent i heile fyresegni. Formannen peika på at den nye stiftingslogi hadde klåre fyresegner, sum fondsmidelen og styringi av denna. Fondsstyret ynskte ei klårare presisering av at både den upphavlege midelen og avdråtten som var sett av til den bundne midelen, ikkje måtta minkast, jfr. intensjonen i Opedal si fyresegn.

Høyringsbrevi:

Fondsstyret slutta seg til argumentasjonen og dei framleggi som formannen hadde fremja i høyringsbrevi, dagsette 14. november 2002 og 26. juli 2003.

Tvist i vallagi:

Næstformannen gjorde framlegg um at ein skulde vurdera å ha ein tvingande skipnad med skilsdom, i staden for styrevedtak, når det låg fyre ein uløyst tvist på innkallingstidspunktet. Fondsstyret slutta seg til dette synet. Formannen fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksten i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Arbeidsbolken for styremennene:

Fondstyret slutta seg til synsmåtane til formannen, og han fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksten i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Tilslutnadsfråsegn:

Fondstyret slutta seg til synsmåtane til formannen, og han fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksten i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Fondsstyret dryfte med utgangspunkt i den pågåande striden i Vestlandske Mållag kva som skulde gjerast når det var tvistemål millom ulike fraksjonar i eit uppnemnarlag. Fondsstyret konkluderte med at det vilde vedtaka at fondsstyret kunde gjera fylgjande løysingsframlegg:

Dersom det ikkje ligg fyre rettskraftig dom um kven som kann representera eit av uppnemnarlagi kann styret gå inn for at det vert halden tvungen skildom um uppnemningsrett. Ein frå kvar fraksjon i lagi skal då saman med ein domar i Bergen tingrett avgjera saki.

Vedtak:

FFondsstyret slutta seg til argumentasjonen i høyringsbrevi, og dei framleggi som formannen hadde fremja der på grunnlag av tidlegare ordskifte i fondsstyret.

FFondsstyret slutta seg til dei tri nye reglane som formannen hadde gjort greida for, men endring av at ein skulde ha ein regel um tvungen skilsdom ved uløyst tvist på innkallingstidspunktet for det "nye" styret. Formannen fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksten i reglane, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

FFormannen fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege umgrevsbruken for å få ein gjennomført bruk av umgrepi; styresmann, grunnstol og hovudstol i fondsfyresegni, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

FFormannen sender ut eit nytt høyringsbrev vedkomande dei nye reglane som tidlegare ikkje hev vore ute på høyring.

FFormannen får fullmakt til å fremja den formelle søknaden um umskiping av fondsfyresegni i samsvar med dei vedtaki som fondsstyret hev gjort dei siste åri.

DEI EINSKILDE BRIGDI:

FFramlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§2

GGrunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – gunnstolen og den uppsamla avkastningi - skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

GGjeldande fyresegn, med etterhald um siste setning:

§2

GGrunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne lutten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

GGrunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Klår regel som fastslår at både grunnmidelen som Opedal gav til fondet då fondet vart skipa, og den seinare avdråtten som er sett av årleg til grunnstolen – skal vera bunden (urørleg). Regelen er no noko uklår i høve til statusen til dei årlege avsetnadene. Regelen som Opedal sette i 1971 um at fondsmidelen skulde varveitlast i samsvar med fyresegnene for midlar for umyndige, var nok i samsvar med rettsstoda fyre stiftingslogi kom i 1980. Etter stiftingslogi kom i 1980 er det dessa reglane, jfr. § 12 i stiftingslogi, som regulerar varveidslingi av fondsmidlen. Etter den nye stiftingslogi vil den noverande regelen i § 2 i fondsfyresegni vera i beinveges strid med den nye fyresegni um styringi med fondsmidlar, jfr. § 18 i den nye logi. Det ligg soleides fyre heimel for umskiping ikkje berre etter § 35 andre lekken, men etter § 35 fyrste lekken 1). Når det gjeld den siste setningi i paragrafen vert det synt til høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmaiki um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamann som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkome styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolt – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjeraast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmere avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagt til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld. Bergen tingrett er heimeting.

Gjeldande fyresegn:

§3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmaiki um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Ordi ”sin mann” er etter meiningsi vår både uheldig og litt upresis, og dimed ”uhensiktsmessig”. Vallagi vel ikkje **sin** mann, men ein styresmann med varamann. Sjølv um ein etter vanleg lesnad ikkje kann leggja for mykje i ordet ”sin” – er det vorten eit problem at sume vallag tru at styresmannen dei hev peika ut er underlagt styret i vallaget. Difor bør ein få presisera at vallagi vel ein styresmann og ikkje ”sin mann”. Det bør òg nyttast konsekvente umgrip på same umber.

I den noverande fyresegne kann vallagi gjeva fullmakt til ein person å møta når ikkje den faste styresmannen kann møta på fondsstyremøtet. Det er noko upresist i høve til rolla til varamannen. Fondsstyret meiner difor at ein lyt presisera at når varamannen kann møta, kann ikkje vallagi gjeva fullmakt til nokon andre. Som det no er kann ein lesa inn eit høve for vallagi til å gjeva fullmakt til andre, sjølv um varamannen kann møta. Detta vil vera uheldig og er ikkje tilskikta meinings.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. **Styret har signatura i lag. Formannen og skrivaren har prokura.** Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastsett rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nyt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

Gjeldande fyresegn:

§ 4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Styret hev i høyringsbrevet frå 14. november 2002 gjort greida for fyresegne um signatura og prokura. Det einaste som er gjort nyt her er å setja framlegget inn i teksten og å skipa two tekstbolkar der det tidlegare var eitt. Fyrste punktum er gjort um til two setningar, og at rekneskapsfyresegne er samla i ein eigen bok.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lengre ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein

styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt vert gjort. Styremenn som er vald frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. **Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.**

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styremenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Gjeldande fyresegn:

§6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det opp eit nytt lag som stettar kravi å dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Etter umstendi er det klårt uheldig at ein i fyresegni nyttar umgrip som "målsmann", sjølv um detta er berre gjort ein gong. Umgripen "målsmann" – som tilsvrar på bokmål umgripen "representant" – er ikkje presist i høve til det reelle innhaldet i rolla som medlem av fondsstyret. Ein bør ikkje i fondsfyresegni gjeva rom for mistolkingar. Styremennene i fondet er ikkje underlagt styri i vallagi, og er ikkje målsmenn i den tydingi som mange legg i ordet "målsmann". Fondsstyret meiner difor ein bør nyitta umgripen "styresmann" konsekvent i fondsfyresegni.

Det kom ikkje ned i sjølve skipingsgrunnlaget for fondet kravet um tilslutnad til fyresegni. Detta vart gjort i eit serskilt brev som alle vallagi fekk fyre det skipande møtet til fondet i 1975. Fondsstyret registrerer òg at fleire vallagi gjev uttrykk for at fyresegni kann brytast etter påstått intern praksis. Det er klårt uheldig at det vert opna for ulike prosedyrar for tolking av fondsfyresegnene i dei ulike vallagi. Det bør heilt klårt vera fondsstyrets prejudikat å syta for at fondsfyresegni vert halde, og av vallagi etter eventuelle brigde lyt gjeva tilkjenne både kunnskap um den nye fondsfyresegni og at vallaget ynskjer å fylgja ho. Fondsstyret hev difor vald å koma med framlegg um ei serskilt fyresegn um positiv attendemelding frå vallagi. Det lyt nemnast at det er vallag som ikkje hev svara fondsstyret um godkjenning av rekneskapane sidan 1999-rekneskapen vart send ut. Detta er ikkje heldig, og syner vantande uppfylgjing av dei skylnadene som vallagi heilt friviljug hev sagt seg viljuge til å bera. Sidan det etter etter sitningslogi og rekneskapslogi er fondsstyret som fastsett rekneskapen, og at vallagi difor berre er høyringspartar, gjer ikkje fondsstyret framlegg um sanksjonsordning ved vantande attendemelding um rekneskapane og årsmelding.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 - Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 14. november 2002.

Til styri i:

Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag, Vestmannalaget og
Norsk Måldyrkingslag

HØYRINGSRUNDE

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ynskjer, i samband med den nye stiftingslogi, å brigda sume fyresegner i statuttane (fyresegni) åt fondet. I samband med detta bed styret vallagi um å koma med merknader og innspel til dei framleggi som styret hev. Framleggi vert presentera nedanfyre.

Stortinget vedtok 15. juni 2001 ei ny log um stiftingar, ho er enno ikkje iverksett. Logi vil krevja sume brigde i fyresegni åt fondet. Styret kann sjølv sagt ikkje gjera brigde i fyresegni åt fondet på eigi hand, men vil fremja saki andsynes Fylkesmannen i Hordaland. Etter den gjeldande stiftingslogi ligg fullmakti hjå Kongen, jfr. § 32. Den reelle avgjerdsmakti ligg hjå Fylkesmannen i Hordaland, som gjenom delegasjon hev fenge fullmakt til å taka avgjerd um umskiping, jfr. kgl. res. dagsett 4. desember 1981 og rundskriv 1988/88 frå Justis-departementet.

Høyringsfrest er 12. desember 2002.

Skipingsgrunnlaget åt fondet

Den 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp eit gåvebrev der han gav kr. 600 000 til eit fond som skulde fremja norsk målreising og måldyrking. Fondet skulde bera namnet åt skiparen. I gåvebrevet sette skiparen òg upp statuttane, fyresegni, åt fondet. Det vart òg sett upp sume fyresegner i gåvebrevet, som ikkje vart tekne med i paragrafane, sjå seinare. Det vart i fyresegni gjeve reglar um bruken av avdråtten frå fondsmidelen. Fyresegni, § 5, sette upp ein fireårsturnus. Avdråttane dei tri fyrste åri skulde etlast ut til serskilt nemnde fyremål og avdråtten det fjorde året skulde leggjast til grunnstolen. Fyrst i 1976 byrja fondet etla ut studnad.

I 1987 vedtok styret samrøystes å brigda fyresegni åt fondet. Styret ynskte i praksis å minka kravet um avsetjing til grunnstolen. Styret ynskte å setja av 10 % av avdråtten kvart år, i staden for å setja av heile avdråtten det fjorde året i turnusen. Framleggi som styret vedtok, vart sende ut på høyring hjå vallagi våren 1988. Alle lagi slutta seg til ynsket frå styret, men Norsk Måldyrkingslag hadde eit etterhald.

I 1992 sokte styret um og fekk godkjent ei umskiping, permuntasjon, av fyresegni åt fondet. Det er skilnad på det som vart vedteke i 1987 og dei brigdi som vart bedne um i 1992.

Hendingane dei siste åri

Det hev vore mykje uro kring styringi av fondet dei siste åri. Alt i 1997 byrja styresmannen frå Noregs Mållag, Einar Schibevaag, å reisa spørsmål ved styringi av fondet. Etter mykje turbulens melde Noregs Mållag ifrå um at styret i laget ikkje studde styresmannen i kritikken av styringi, den dåverande styreformannen og forretningsføraren. På same tid hadde fleire både i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet byrja å røkja etter kva som skjedde i fondet, og kvifor ikkje lagt fekk rekneskapane og årsmeldingane å fondet. Det var ingen samband millom dei ulike miljøi. Noregs Mållag som hadde reist kritikken skarpast, drog attende kritikken, i den trui at ingen andre av vallagi studde synsmåtane deira. I 1999 vedtok Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag at tidi var mogi for å få meir innsyn i og betre styring av fondet, kvart lag valde difor nye målsmenn. Kvart lag valde leidaren sin til styresmann, for å betra sambandet millom vallaget og fondet. Etter kontakt millom vallagi syntet det seg at dei hadde samanfallande synsmåtar og løysingar på styringi av fondet. Våren 2000 valde difor fondsstyret ny leiding, med studnad frå fire av fem vallag. Korkje dei two styrelemene som hadde passera aldersgrensa for mange år sidan, eller forretningsføraren studde synsmåtane til fleirtalet av vallagi.

Våren 2000 vart òg forretningsførarposten samstundes avskipa. I samband med detta fekk den nye leidingi seg fyrelagt fyresegni å fondet. Denna fyresegni som òg var send til sume vallag, var ikkje i samsvar med den rettsgyldige fyresegni etter umskipingi i 1992. Den største praktiske skilnaden millom dessa var serleg § 2 i fyresegni. Formannen hadde oppdaga at fyresegni ikkje var uppdatera under eit møte millom han og Fylkesmannen den 3. august 2001. Det er òg noko uklårt kva som er den rette § 6, sidan det finst fleire utgåvor av denna. Nokre utgåvor tek med "tillegget" som Halldor O. Opdal sette upp i gåvebrevet, sume utgåvor tek ikkje med "tillegget".

Framlegg til umskiping frå styret, jfr styrevedtak frå 4. august 2001:

Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegnene til fondet i medhald av stiftingslogi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegnene til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 fyrste og andre lekken i stiftingslogi.

Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigdi som er fyreslegne, råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagde vesentleg vekt på av Halldor O. Opdal då han skipa fondet i 1971.

Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:

§ 2 vert brigda soleis at siste punktumet fell burt.

§ 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:

Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordljoden fell burt, og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei før han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§ 5 vert brigda soleis at ordi "i mars månad" i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen og skrivaren har fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje lèt seg etterleva.

Formannen og skrivaren skriv ei utgreiding med underbyggjing for brigdi i samsvar med dryftingane på detta møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sende til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sende til Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

Fyresegni var òg uppe på styremøtet den 27. juni 2002.

Avsetnadene til grunnstolen

Hovudinnhaldet i umskipingi i 1992 var at ein fekk årlege avsetnader, på minst 10 % av avdråtten, og at dei skulde vera so store at det røynde verdet av grunnstolen auka.

Konsekvensen av umskipingi er at ein lyt setja av mykje meir enn fyre umskipingi i 1992.

Skulde ein setja av so mykje som § 2 gjer påbod um, vert avsetnaden på millom 1/3 og 2/3 av den årlege avdråtten. Skulde ein ha fylgt fyresegni, vilde avsetnaden ha utgjort i 1997 66,6 %; 1998 50,4 %; 1999 38,8 % og i 2000 62,9 % av den årlege resultatet fyre umframpostane (attendeføringane). Slike avsetnader vilde etter styret si meinings ikkje vera i samsvar med fyremålet til fondet, sidan dei årlege utetlingane vilde vera sers knappe.

I 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp fyresegni som ein del av gåvebrevet. I § 5 vart det slege fast at fondet skal fylgja ein turnus på fire år, med utetlingar dei tri fyrste og:

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2.

Det fanst ingi krav eller påbod um at det røynde verdet grunnstolen skal haldast ved lag, eller aukast.

Fyresegnene i § 5 vart ikkje fylgde dei fyrste åri, etter ynske frå Halldor O. Opedal sjølv, soleides at fondet ikkje etla ut studnad fyrr i 1976. Grunnen var at både fondsstyret og Halldor O. Opedal ynskte at grunnstolen skulde koma upp i ein million krunor.

I 1982/83 hadde ein i eit bel fylgt turnusen i gåvebrevet. Då vart fondsstyret uppmoda av Halldor O. Opedal um å setja av meir til grunnstolen. Detta av di han då òg ynskte at grunnstolen skulde nå ein million so snøgt som råd. Detta fylgte styret upp, med å setja av 10 % av avdråtten òg i dei tri fyrste åri av turnusen, attåt heile avdråtten det fjorde året.

I midten av 1980-talet vart grunnstolen på ein million krunor og etter kvart two millionar. Det kom difor ynske um two brigde:

1. at fondet gjekk attende til turnusen, og
2. at §§ 2 og 5 i fyresegni vart brigda soleis at meir av avdråtten skulde nyttast til å fremja fyremålet med fondet, enn det som gjekk fram av den dågjeldande fyresegni

Styret gjorde i 1987 vedtak um å brigda § 2 og 5, med tanke på å minka avsetnaden. Styret gjorde framlegg um at ein skulde setja av 10 % av den årlege avdråtten, i staden for heile avdråtten den fjorde året i turnusen. Intensjonen med denna umskipingi var at ein skulde nyitta meir av avdråtten på å fremja fyremålet med fondet og nyitta mindre til grunnstolen, sidan denna var komen yver ein million. Framlegget vart sendt på høyring hjå vallagi. Alle vallagi studde intensjonen. Norsk Måldyrkingslag hadde likevel eit anna framlegg til løysing, laget ynskte å setja av minst 10 %, likevel høgst 25 % av den årlege avdråtten. Innanfor dessa avgrensingane, skulde avsetnaden til grunnstolen fastsetjast slik at det røynde verdet til grunnstolen aukar.

Kwart år skal millom 10 og 25 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

På styremøtet i 1988 slutta styret seg til merknaden, men han vart ikkje send til dei andre vallagi.

Avdråtten i midten av 1980-talet var sers høg, og ein avsetnad på like yver 10 % av den årlege avdråtten var nok til å halda det røynde verdet ved lag.

Brigdi som styret gjorde i vedtak um i 1987, vart i praksis fylgte upp, utan at det hadde skjett ei formell umskiping av fylkesmannen. Etter kva arkivi fortel vart saki først i 1992 fremja andsynes Fylkesmannen. Etter brevbytte med den dåverande styreformannen, enda det med at fondet endra framlegget sitt. Det nye framlegget som styret fremja andsynes fylkesmannen, vart ikkje sendt ut på høyring hjå vallagi. Det dåverande styret søkte um fylgjande umskiping av §§ 2 og 5 i fyresegni:

Kwart år skal minst 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denna luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

Fylkesmannen gjorde difor i 1992 vedtak um umskiping av fyresegni, §§ 2 og 5 i samsvar med det siste framlegget frå den dåverande styreformannen. Fylkesmannen bad òg um at den nye heilskapen i fyresegni vart send til han, utan at me kann sjå at detta vart etterkome.

Skilnaden på framlegget frå 1987 og 1992 er at i 1987 skulde det setjast av 10 % quart år, utan umsyn til det røynde verdet til grunnstolen. I framlegget frå 1992 er det eit påbod um å tryggja det røynde verdet til grunnstolen, fyresegni slær fast eit minimumskrav. Teoretisk kann ein soleis uppleva at heile avdråtten lyt setjast av til grunnstolen.

I framlegget frå Norsk Måldyrkingslag som òg hev eit minimumspålegg, er det i minsto ei øvre grensa (på 25 %) for kor mykje som skal setjast av til grunnstolen, jamvel um det røynlege verdet minkar.

Styret hev fylgjande merknader til saki:

- a) Halldor O. Opedal hadde inkje påbod um at grunnstolen skulde halda uppe sitt røynlege verde i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Sidan vedkomande fyresegn ikkje var ein del av den upphavlege fyresegne, kann det ikkje vera umstende som Halldor O. Opedal såg på som vesentlege, som skulde tilsega at denna umskipingi ikkje kann skje.
- b) Hovudintensjonen med dei umframavsetnadene som skjedde på 1970-talet og 1980-talet var at grunnstolen skulle nå ein million kronor, ikkje først og fremst det røynlege verdet av grunnstolen. At sideeffekten av umframavsetnadene var eit større røynlegt verde, er det ingen tvil um. I sume brev og upprit er målet two millionar.
- c) Intensjonen med den umskipingi som styret gjorde framlegg um i 1987, var å minka den pålagde avsetjingi til grunnstolen, ikkje å auka henne.
- d) Alle vallagi studde denna intensjonen, jamvel um Norsk Måldyrkingslag ynskte å setja av meir enn dei fire hine vallagi og styret.
- e) Dei årlege reelle avdråttane i kring 1987 var sers høge, slik at ein ikkje hadde serleg tanke på at fondet kunde koma i den stoda at um lag 40 % av den årlege avdråtten laut setjast av til grunnstolen um det røynlege verdet hans skulle haldast ved lag. Dimed er ein viktig fyresetnad for fyresegne fallen burt, jfr. § 35 3) siste punktumet.
- f) Det siste framlegget som vart fremja andsynes Fylkesmannen, var ikkje på høyring hjå vallagi. Dei hev soleides ikkje havt høve til å koma med merknader til det. Detta momentet er truleg i seg sjølv ikkje god nok heimel for å brigda fyresegne, men er eit viktig attåtmoment.
- g) Skilnaden millom både framlegget frå 1987 og framlegget frå Norsk Måldyrkingslag på den eine sida og framlegget frå 1992 på den andre sida er at dei two første minkar avsetnadene i høve til fyresegne slik ho vart sett opp i 1971 – medan det andre i praksis (frå 1990-talet) fører til at avsetnadene lyt vera um lag 40 % av den årlege avdråtten. Det verkar både lite heldig i høve til fyremålet å ha påbod som krev so høge avsetnader til grunnstolen.
- h) Det siste framlegget frå styret i 1992 vilde, um ein skal nytta 1990-talet som utgangspunkt, føra til at dei reelle avsetnadene til grunnstolen vert dubla i høve til fyresegne som Halldor O. Opedal sette upp i 1971. Detta sidan avsetnaden etter gåvebrevet skulde gjerast i slutten av fireårs-turnusen, og den nye fyresegne fastset årlege avsetnader, der avsetnadene i dei første åri sjølv gjev avdrått i dei næste åri.
- i) Det var soleides ikkje samsvar millom det i alle høve fleirtalet av vallagi og styret ynskte å uppnå, og det som vart resultatet av umskipingi. Fyresegne slik ho vart i 1992, er dimed komi i strid med meinings med umskipingi, jfr. § 35 fyrste lekken 3).

- j) Fyresegni slik ho vart etter vedtaket dagsett 3. april 1992, er ikkje gjord kjend for vallagi. I alle høve ikkje Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.
- k) Fyresegni er heller ikkje i praksis fylgd, med undantak av året 1999 då det dåverande styret gjorde framlegg um ein avsetnad på kr. 100 000,00. Denna avsetnaden vart ikkje godteken av fire av dei fem vallagi. Dei kjende då ikkje til fyresegni i § 2.
- l) Fyremålet med fondet er ikkje å samla seg midlar, men å fremja norsk målreising og måldyrking ved å gjeva studnad til personane og tiltaki som fremja detta. Fondet vil endå til med ein avsetnad på 10 % av avdråtten framleis vera eit av dei tri største målfondi i landet. Fondet vil ikkje missa "tyngd" og "gjetord" innan for målrørsla. Ynsket um å halda uppe sitt eige minne var no ein av grunnane til at skiparen fastsette at fondet skulde bera namnet hans. Ein lyt sjå forbodet mot å nytta grunnstolen i detta perspektivet òg. Detta ynskjemålet stettar ein difor jamvel um ein ikkje set av so mykje som den neverande fyresegni pålegg.
- m) Heimelen til umskiping finst i stiftingslogi §§ 32 og 34. Det materielle grunnlaget for umskipingi finst i § 35, med avgrensing av § 36. I § 35 finst det two ulike gradar materielle vilkår som lyt vera til stades fyrr umskiping kann gjerast. I § 35 fyrste lekken gjeld brigde av fyremålet eller anna som er lagt vesentleg vekt på av skiparen. For dessa brigdi er kravet at fyresegni som ein ynskjer å brigda, er **synbert** uheldig eller ufornuftig. § 35 andre lekken gjeld andre brigde, for dessa gjeld ikkje kravet um å vera synbert. Jamvel um avsetnadene ikkje er ein del av fyremålet og vilkåret um "røynlegt verde" ikkje er med i den upphavlege fyresegni, lyt nok fyresegni truleg brigdast med heimel i § 35 fyrste lekken, av di denna fyresegni var vesentleg i samband med umskipingi i 1992.

Styret meiner difor at ein ikkje berre skal gjera ei vurdering av dei skrivne fyresegnene, men òg intensjonen um å halda minne um Halldor O. Opedal uppe. Ein held minne um skiparen uppe via utetlingane, ikkje via ein stor grunnstol.

Styret meiner at um ein skal fylgja fyresegni slik ho er no, vil det vera synbert uheldig for fyremålet og destinatarane. Ei eventuell umskiping kann dimed ogso heimlast i § 35 fyrste lekken 4).

Styret er meir uviss på um fyresegni fell inn under vilkåret "synbert ufornuftig". At grunnstolen vert stor, er nok ikkje ufornuftig, endå um det er til mismun for destinatarane. Styret kom fram til at ein ikkje trong nærmare dryfting av detta momentet, sidan § 35 1. lekken 4) nytta umgrepene "eller". Det er, etter styret si mening, nok at fyresegni er synbert uheldig.

Styret meiner òg at fyresegni i tillegg var komi i strid med meiningsi med umskipingi i 1992, sidan meiningsi var å minka avsetnadene til grunnstolen. Styret syner òg til at ein av fyresetnadene for umskiping i 1992, dei store reelle avdråttane, heller ikkje lenger er til stades, umskipingi kann dimed òg heimlast i § 35 1. lekken 3). Styret meiner difor at fyresegni um auka reelt verde ikkje bør standa i fyresegni åt fondet, og at siste setning i § 2 fell burt.

Aldersgrensa

Styret ynskjer å presisera fylgja av aldersgrensa i § 3. Styret syner til dei siste åri der midelalderen i styret hadde vore sers høg og at kontakten millom styret og vallagi hadde vore liten. Styret syner til at two av vallagi hadde nemnt upp personar som var mesta 80 år gamle. Styret syner til kva som vart skrive til vallagi:

Uti frå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lengre" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

Styresmennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "bør" er, fyresegni deklaratorisk, altso kann vallagi vika av frå denna fyresegni.

Aldersgrensa er uppyver 75 år; sidan det er nyttat umgrepet "er", er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist vika av frå denna fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nyttat i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp, var dryfte med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjenomdryfte, og at ordvalet bygde på ei nøgi vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom "bør" og "er", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.

Ei aldersgrensa uppyver til 75 år tykkjест heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingi moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Når fyresegni hev vorte tolka onnorleis av vallagi enn dei etter styret si meining var meinte, tykkjer styret det er turvande å gjera ei understrekning av denna paragrafen og slå fast at styresmenn er yver 75 år gjeng ut av fondet. Då vil det ikkje verta rom for tolkingar. Styret meiner difor at det noverande tolkingsrommet er "uheldig", jfr. stiftingslogi § 35 andre lekken,

Godkjenningi av rekneskapane og val av ettersynsmenn

Det var alt våren 2000 semja millom styresmennene um at fyresegni um rekneskapane og ettersynsmennene ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk.

Der det er ein stor skilnad millom fyresegni å fondet og andsvarsdelingi som stiftingslogi sette i §§ 10 og 11. Fyresegni slær fast at styret skal peika ut ettersynsmann og at vallagi godkjenner rekneskapen, medan stiftingslogi slær fast at vallagi vel ettersynsmann, jfr. § 11 sjuande lekken, og at styret fastset rekneskapen, jfr. § 10. Altso er ordningi i fyresegni motsett av logi. Styret ynskjer at det skal vera samsvar millom stiftingslogi og fyresegni å fondet.

Ei umskiping vil få fåe praktiske fylgjar for fondet. Fondsstyret ser det som uheldig at fyresegni ikkje er i samsvar med stiftingslogi, og det som urett at styret skal nemna upp sin "eigen" ettersynsmann. Fondsstyret meiner difor at den noverande § 4 i fyresegni ikkje lenger let seg etterleva, jfr. § 35 fyrste lekken og fyresegni er "uhensiktsmessige", jfr. § 35 andre lekken i stiftingslogi.

Utan at det var eit tema under fyrehavingi av styret, er det naturleg ogso å fjerna tilvisingane til godkjenningsordningi som finst i § 5 andre, tridje og fjorde bolken.

Tidspunktet for utetlingane

Skrivaren syntte til det utsende framlegget um brigde i § 5, og kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert stroke. Framlegget vart grunngjeve med fylgjande:

- a) Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande loger vera fastsett fyre 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferduge fyrr i april. Ein bør ikkje vera nøydd til å gjera løyvingar fyrr rekneskapen er ferdug.
- b) Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vorte halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynske um å halda styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje er ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera nøydt til å halda two ulike styremøte.

Det er ingi moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagd serleg vekt på av Halldor O. Opedal, då han sette upp gåvebrevet. Ogso detta framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekken.

Instituttet *Halldorsbu*

Formannen syntte til ordskifte på styremøtet den 4. august 2001 um umskiping av fyresegni. Han stilte òg spørsmål ved kva "instituttet *Halldorsbu* på Bibelhaug i Ullensvang" var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrt um detta instituttet, og um det ikkje finst, vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i uppgåva å røkja etter kva meiningi med fyresegni kunde ha vore. Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denna fyresegni saman med dei andre brigdi – um det syntte seg at instituttet *Halldorsbu* ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje såg nokor snarleg løysing på målstriden. Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ei alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane på styremøtet. Ei niesa av H. O. Opedal som bur på Opedal, fortalte til formannen at *Halldorsbu* var ein framstøyt som Halldor O. Opedal hadde for å oppretta ein samlingsstad på heimgarden sin for diktatar og diktarspirar. Denna framstøten mislukkast, og det vart ikkje noko av instituttet. Denna fyresegni lét seg soleides ikkje etterleva.

Det lyt difor vurderast å taka burt fyresegni:

Skulle alle lagt verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Styret hev som nemnt fyrr ikkje dryft alternativ fyresegn. Vallagi vert soleides uppmoda um å koma med framlegg til ny fyresegn.

Brigde av eg-formi i § 1

Etter nærmare gjenomgang av fyresegni ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp, var i sjølvé gåvebrevet. Ei ålmenn fyresegn bør, etter formannen si meining, ikkje nytta eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "Eg viser til målsynet åt ..." og at ein i staden nyttar "Det vert synt til målsynet åt ...".

Vallag

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnørskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spørsmål um Høgnørskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spørsmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnørskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet å Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spørsmålet.

Stoda i høve til § 6

Det finst fleire utgåvor av § 6. Sume tek med den originale teksti som vart sett opp i gåvebrevet. Nokre tek med tekst/fyresegner som Halldor O. Opedal sette opp i slutten av gåvebrevet. Styret hev lagt til grunn at heile teksti er uttrykk for viljen til Halldor O. Opedal, og at teksti soleides er relevante fyresegner. Spørsmålet vert um heile etterteksti er tenkt eller høver som ein del av fyresegni (statuttane) åt fondet. Det er i gåvebrevet formulera sume fyresegner – tillegg – som truleg ikkje høyrer heima i § 6 – som lyder:

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylger m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)

Formannen i det eldsete av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte.

Fire styreledder kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Etter fyresegni som formannen og dei andre vallagi fekk frå forretningsføraren våren 2000, er § 6 soleides, som òg er i samsvar med det som er prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget frå 1978:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målmann i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett opp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det opp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Fire styreledder kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Denna òg hev vore lagt til grunn av i alle høve Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Det skal òg nemnast at uppritet frå skipingsmøtet 22. oktober 1975 inneheld fylgjande formulering vedrørande fyresegni:

1) Vedtekene.

Forretningsføraren gjorde greide for vedtekene og deira endelege innhald.

Fondsstyret er noko uviss på formuleringi "... og deira endelege innhald". Fondsstyret veit ikkje um fondsstyret/skiparen i tidi millom 1971 og 1975 hadde inkorporera tillegget frå gávebrevet dagsett desember 1971 inn i fyresegni, eller um det vart gjort på skipingsmøtet. Etter gávebrevet er § 6 som nemnd i 110-årssoga, med undantak av siste bolken.

Det var, so vidt fondsstyret veit, Halldor O. Opedal som sette upp denna teksten samstundes som resten av gávebrevet, so det er ingen tvil um at "tillegget" er skiparen sine tankar. Det er reist framlegg um å fastslå (umskipa) § 6 til å lyda slik som han vart prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget, og at ein ser på den fyrste bolken som tilvisingar til Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag. (Bolk nr. 2 er utaldra sidan skipingsmøtet hev vore, og det ikkje er aktuelt med nytt skipingsmøte.) I den grad ein ynskjer å taka med fyrste bolken i tillegget inn i fyresegni – er det kann henda rettkome å nytta fylgjande tekst:

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Ein hev her teke burt umgrepene "her" i fyrste punktum, og "Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag" med vallagi. Detta av di ein like greidt kann gjera regelen ålmenn, og ikkje berre knytt til dei two lagi som i 1971 hadde sæte i Oslo. Umgrepet "fullmakter" bør òg bytast ut med "styresmenn" – med di det er menneskja som møter på styremøti og ikkje sjølve fullmaktene.

Burttakingi av fyresegni um Halldorsbu

Burttakingi av fyresegni um instituttet Halldorsbu er det alt gjort greid for framfyre.

Sæte

Etter den komande stiftingslogi lyt stiftingi ha eit formelt sæte. Det er soleides framlegg um å nytta Bergen som sæte.

Fyresegni um sæte kann takast inn i § 6, med fylgjande ordljod:

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Den siste setningi er for å sleppa å søkja um umskiping berre av di ein ynskjer ei onnor tilskrift.

Signatura/prokura

Det er i fyresegni ikkje gjeve nokor fyresegn um kven som teiknar for fondet, og kven som hev proklama. Det er ingen planar um å fastsetja nokor fyresegn um detta, men fondsstyret ynskjer innspel på detta temaet òg.

Det hev vore nemnt fylgjande formulering:

Styret har signatura i lag. Formannen og skrivaren har proklama. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og proklama um det meiner det er rettast.

Høyringsfrest

Fondsstyret ynskjer andre framlegg, merknader og innspel innan 12. desember 2002.

Med mindre fondsstyret i desember gjer vedtak som vil reisa nye tema, vil ikkje det endelige vedtaket verta sendt ut på ny høyring, fyrr saki vert send til Fylkesmannen i Hordaland.

Vensam helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Dag H. Rey". The signature is fluid and cursive, with a long horizontal stroke extending to the right from the main body of the name.

Vedlegg: Avskrift av gåvebrev, gjeldande fyresegn og utkast til ny fyresegn.

Gåvebrev	Fyresegni, etter umskipping i 1992:	Framlegg til ny fyresegn:
<p>Underskrivne Halldor O. Opdal, Lofthus, fødd den 26.5.1895 gjev med dette til eit fond ein sum på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor. Fondet skal vera ein sjølvstendig juridisk person og skal bera namnet Halldor O. Opdal s fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet at fondet er å reisa og odla norsk mål.</p> <p>For fondet skal gjelda desse fyresegnene:</p>	<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opdal s fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p>	<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opdal s fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opdal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p> <p>Eg-formi er brigda.</p>

<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minnkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyrseigner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastningi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.</p>	<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minnkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyrseigner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastningi leggjast til grunnstolen.</p> <p>Siste setningi er fjerna.</p>
<p>§3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>	<p>§3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>
<p>§3</p> <p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jaamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lengre enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.</p>	<p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jaamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lengre enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.</p>

<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p>	<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p>	<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p>
<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p> <p>Mest heile paragrafen er ny.</p>	<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p> <p>Mest heile paragrafen er ny.</p>	<p>§ 4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</p> <p>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.</p> <p>Mest heile paragrafen er ny.</p>
<p>§ 5</p> <p>Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut å folk som skriv rein og veiflidd nynorsk. Dei bør også kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.</p>	<p>§ 5</p> <p>Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut å folk som skriv rein og veiflidd nynorsk. Dei bør også kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.</p>	<p>§ 5</p> <p>Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut å folk som skriv rein og veiflidd nynorsk. Dei bør også kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.</p>

	<p>skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbete. Det bør verha nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.</p> <p><u>Andre året</u> etlar fondsstyret ut kr. 1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på ei rekje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.</p> <p><u>Tridje året</u> etlar fondsstyret ut kr. 1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemann eller yrkjessmenn or næringslivet. Det kann òg verha tale um andre personar.</p> <p>Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.</p> <p><u>Fjerde året</u> skal renta leggjast attat hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.</p>	<p>nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.</p> <p><u>Andre året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for første året. Det som då er att, byter styret på ei rekje studentar (5- 10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.</p> <p><u>Tridje året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for første året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemann eller yrkjessmenn or næringslivet. Det kann òg verha tale um andre personar.</p> <p>Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.</p> <p><u>Alle</u> må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.</p>
--	--	---

<p>Ovannemnde fyrseigner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.</p> <p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p> <p>Fyrsegnene um at årsmøtet skal haldast i mars månad, godkjenningssordningi umrekning ikkje kunde brigdast av vallagi i samband med godkjenning vert avskipa.</p>	<p>Ovannemnde fyrseigner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.</p> <p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p> <p>Fyrsegnene um at årsmøtet skal haldast i mars månad, godkjenningssordningi umrekning ikkje kunde brigdast av vallagi i samband med godkjenning vert avskipa.</p>	<p>§6</p> <p>Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyrseigner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lag. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lag som er att, styret for fondet.</p>	<p>§6</p> <p>Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyrseigner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lag. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lag som er att, styret for fondet.</p> <p>Kjem det opp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyrseigner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.</p>
---	---	---	---

<p>Skulle alle lag i verda uppløyste gjeng fondsmidiane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.</p> <p>*</p> <p>Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt borte frå byen. (Dette so lenge desse lag i har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)</p> <p>Formannen i det eldste av dei fem lag i som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte.</p> <p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p> <p>Etter brige av Fylkesmannen i 1992.</p>	<p>Skulle alle lag i verda uppløyste gjeng fondsmidiane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.</p> <p>*</p> <p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p>	<p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p> <p>Etter brige av Fylkesmannen i 1992.</p> <p>Det er noko uvisst um fyresegnene som er henta frå tillegget som Halldor O. Opdal sette opp i gavebrevet. Her er den mest vanlege teksten til § 6 lagt til grunn.</p>	<p>Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styremenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt borte frå byen.</p> <p>Bolken um instituttet Halldorsbu er teken burt, ny fyresegn hev ikkje styret framlegg til. Fyresegn um styringsutlogone og burtvising er henta frå tillegget til Halldor O. Opdal.</p>
---	--	--	---

Halldor O. Opelands fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 26. oktober 2003.

Til:

Fylkesmannen i Hordaland

Søknad um umskiping av fondsfyresegni

For fondsstyret i Halldor O. Opelands fond for norsk målreising og måldyrking vert det søkt um å få skipa um sume fyersegner i fondsfyresegni åt Halldor O. Opelands fond for norsk målreising og måldyrking.

INNLEIDING

Skiparen sette upp fondsfyresegni i gåvebrevet sitt som er datera, 29. desember 1971. I 1980 kom det ei eigi log um skriftingar, som på mange umkverve gjev ei onnar løysing og uppgåvedeling enn det som er sett i fondsfyresegni. Detta gjeld millom anna reglane for fastsetjing av rekneskapen for fonnet og val av ettersynsmenn. På dessa two felti hev fondsfyresegni og stiftingslogi diametralt motsett uppgåvedeling.

Fondsstyret hev i dei siste åri registrera at det er mange fyersegner det er usemje um, noko som er sers uheldig av dei ein ynskjer å få til eit godt og velfungerande samarbeid millom fondsstyret, vallagi og andre i målrørsla som mottakarar av studnad (destinatorar).

Det skjedde ei umskiping av fondsfyresegni i 1992. Bakgrunnen for denna var at fondstyret og vallagi ynskte å minka avsetnadene til grunnstolen, i høve til reglane som Opelal sette i fondsfyresegni si. Framleggi vart dryfte i fondsstyret i 1987 og 1988. Dei vart i dessa åri sende ut på høyring millom vallagi. I 1992 søkte den dåverande formannen i fondsstyret um å skipa um fondsfyresegni med ein annan ordlyd enn det som var vedteke i fondsstyret og det som var send ut på høyring. Reglane slik dei vart fastsette av Fylkesmannen i Hordaland i 1992 er heller ikkje implementerte i den fondsfyresegni som fondsstyret og vallagi nyttar. Det kann difor reisast spursmål ved både legitimiteten og legaliteten av reglane um avsetnad, slik dei vart etter umskipingi i 1992. Spursmålet um denna umskipingi er grundig dryft i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.

Fleire av vallagi såg kring 1999 og år 2000 med uro på utviklingi i fonnet, og det var fleire møte millom leidingi av fleire av vallagi. I 1997 hadde styremannen som Noregs Mållag hadde nemnd opp retta skarp kritikk av det dåverande fondsstyret, utan at andre enn fondsstyret og Noregs Mållag hadde kjenskap til kritikken. Utan nærmere samband millom vallagi trekte Noregs Mållag mykje av kritikken. Det syntre seg i 1999 og år 2000 at Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag òg delte den kritikken som var reist frå Noregs Mållag. Det vart òg reist kritikk mot dei nære bandi millom medlemene og forretningsføraren i fonnet og mange målmiljø i Bergen. Det vart i samband med dryftingane

millom vallagi sett på regelverket til fondet, og mange undra seg yver at det ikkje hadde vore gjort upptak til å implementera fyresegne i stiftingslogi i fondsfyresegni. Då det nye fondsstyret, det sitjande, vart skipa våren 2000 var det eit uttala ynskje frå vallagi um at det no laut skje ei lenge etterlengta opprydjing av millomveret millom dei ulike målmiljøi i Bergen og å få bøta for den vantande implementeringi av lovverket i fondsfyresegni.

Alt våren 2000 vart det gjort tildriv for å få sett i verk ei utgreiding um fondsfyresegni. Adv. Per J. Jordal vart hyra inn og formannen i fondsstyret fekk i uppgåva å sjå igjenom fondsfyresegni. Vallagi vart munnleg og skriftleg vitra um arbeidet.

HØYRINGSRUNDANE

Dei interne dryftingane i fondsstyret resultera i at det den 14. november 2002 vart send ut eit formelt høyringsbrev frå fondsstyret. Det vart etterfylgd av nye høyringsbrev den 26. juli 2003, 9. september 2003 og 12. september 2003. Fylgjande tema var nemnde i dei ulike brevi, etter yverskriftene:

I brev dagsett 14. november 2002:

- Avsetnaden til hovudstol (grunnstol) – presiering og klårgjering av umgrep
- Aldersgrensa – presiering av gjeldande rett
- Godkjenning av rekneskapan – brigde til at styret fastsett rekneskapen
- Val av ettersynsmenn – brigde av fyresegni yverføring av valretten til vallagi
- Tidspunkt for utetlingane – utsetning av tidspunkt
- Instituttet Halldorsbu – fjerning av fyresegni
- "Eg" – formi i fondsfyresegni
- Vallag – nye lag?
- Klårgjering av tilleggi som Opedal gjorde til § 6
- Sæte – fastsetjing av Bergen som sæte
- Signatur/prokura – fastsetjing av regel um prokura m.m.

I brev dagsett 26. juli 2003:

- Sæte – presiering i høve til framlegg frå 14. november 2002.

I brev dagsett 9. september 2003:

- Tvist i vallagi – framlegg um tvungen tvisteløysingsordning
- Arbeidsbolken for styresmennene - verknaden ved burtvising/uppløysing, og presiering av umgrepet "styresmann"
- Krav um tilslutnadsfråsegn – fastsetjing av krav um tilslutnadsfråsegn

I brev dagsett 12. september 2003:

- Presiering av umgrepet avsetnad i § 2

Fylgjande fekk høyringsbrevi:

Fylkesmannen i Hordaland	BERGEN
Halldor O. Opedals sitt fond for ålmennytige føremål	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Litlere	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	KONGSVINGER
Mona Stormark	BERGEN
Arne Skjerven	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	BERGEN
Noregs Mållag	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmtveit	SEIM

Halldor Slettebø	OSLO
Håvard Tangen	OSLO
Magnus Robberstad	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	SOGNDAL
Johan Forsmo	OSLO
Johan A. Schulze	OSLO
Jostein Stokkeland	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	OSLO

Fylgjande hev svara oss i eigne brev:

Vestmannalaget
 Vestlandske Mållag
 Noregs Mållag
 Ivar Aasen-sambandet

Svarbrevi frå dessa samskipnadnene ligg ved som vedlegg til denna søknaden.

Hallvard Bergwitz hev ringt for Johan Forsmo og Johan A. Schultze og gjeve uttrykk for tilslutnad til framleggi frå fondsstyret, slik dei vert presenterte i høyringsbrevi.

HEIMELSGRUNNLAGET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE

Det er etter gjeldande stiftingslog Kongen som kann skipa um statuttar (fondsfyresegner), jfr. § 32. Denna rett er delegera vidare til Justisdepartementet og fylkesmennene.

Det er etter gjeldande rett berre grunnlag for å skipa um fondsfyresegner når tilhøve er endra. Det er ulike kriterium um det er tala um fyresegner som gjeld fyremålet til fondsstyret eller mindre sentrale brigde som det vert søkt um.

Det er òg eit krav um at søknaden um umskiping vert sett fram av skiparen eller fondsstyret. Vidare er det gjeve fyresegner i § 33 um kven som skal høyrast. Skiparen Halldor O. Opdal er avliden, og fondsstyret hev i samsvar med § 33 bede um merknader frå Marit Skuland, ho hev meldt frå til fondsstyret – munnleg at ho ikkje ynskjer å koma med merknader til framleggi til brigde.

Fondsstyret syner til høyringsbrevet dagsett 9. september 2003, der det vert gjort greide for fylgjande:

HEIMEL FOR BRIGDI:

I det fyrste høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002, vart fyresegne i stiftingslogi um umskiping av fondsfyresegni gjorde greida for, og eg [styreformannen] vil ikkje taka upp att detta. Eg vil berre segja ifrå um at fondsstyret meiner ingen av dei brigdi som det vart gjort framlegg um kokje dei i i dei two tidlegare høyringsrundane eller dei brigdi som fondsstyret no gjer framlegg – vedkjem fyremålet eller at det vart lagt serskild vekt ved skipingi av fondet, jfr. § 35 andre lekken. Fondsstyret hev i alle høve freista tilmåta brigdi so langt som råd både fyremålet og tankegangen i skipingsgrunnlaget, jfr. § 36 andre lekken.

Jamvel um alle framlegg til brigde kann gjerast etter § 35 andre lekken, hev sume framlegg og klårare heimelsgrunnlag i § 35 fyrste lekken.

Høyringsinstansane hev kome med fylgjande merknader til heimelsgrunnlaget for brigdi:

Ivar Aasen-sambandet hev kome med fylgjande:

Ivar Aasen-sambandet meiner at framleggi til brigde ikkje råkar ved fyremålet og heller ikkje noko som ein lyt tru Halldor O. Opedal lagde vesentleg vekt på. Me meiner òg at det ligg fyre endra umstende som gjer den tidlegare teksti uheldig, jfr. grunngjevingi frå fondsstyret. Ivar Aasen-sambandet meiner at ein kann leggja til grunn at framleggi til brigde kann gjerast med heimel i § 35 andre lekken, med undantak frå framleggelsen til å fastsetja Bergen som sæte. Ivar Aasen-sambandet kann ikkje sjå at er "uheldig eller uhensiktsmessig" um ein let vera å fastsetja sætet i fondsfyresegne.

Vestlandske Mållag hev kome med fylgjande merknad:

Vestlandske Mållag er samde med fondsstyret i at ingen av dei framleggi til brigde som er fremde vedkjem fyremålet til fondet eller på nokon måte kann segjast å hava vore lagd serlegt vekt på av skiparen. Vestlandske Mållag er soleis samde med fondsstyret i at alle framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftlingslogi § 35 andre lekken. Vestlandske Mållag (VM) meiner òg at alle framleggi til brigde, med undantak av framleggi um sæte og spursmålet um skriffesting av fyresegne um styringsutlogone, er tufta på endra tilhøve, jfr. § 35 fyrste lekken. VM er òg av den meiningi at alle framleggi er tilmåte so langt som råd er tankegangen til skiparen og skipingsgrunnlaget.

Hallvard Bergwitz hev for Johan Forsmo og Johan A. Schultz munnleg meldt i frå um studnad til høyringsbrevet dagsett 9. september 2003.

Noregs Mållag og Vestmannalaget hev i sine høyringssvar ikkje uttala seg um heimelsgrunnlaget.

Ingen hev meldt frå um usemja med fondsstyret um heimelsgrunnlaget.

KONKLUSJON UM HEIMELSGRUNNLAGET:

Fondsstyret meiner difor at det er breid semja um at det med etterhald av fyresegni um sætet ligg fyre vilkår for å skipa um fondsfyresegni i medhald av § 35 andre lekken.

DEI ULIKE FRAMLEGGI TIL BRIGDE

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 1

GJELDANDE FYRESEGN:

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsnål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

UTSENDE FRAMLEGG, JFR. HØYRINGSBREV DAGSETT 14. NOVEMBER 2002:

Etter nærmere gjennomgang av fyresegni ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp, var i sjølve gåvebrevet. Ei ålmenn fyresegne bør, etter formannen si meining, ikkje nyttja eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "Eg viser til målsynet åt ..." og at ein i staden nyttar "Det vert syn til målsynet åt ...".

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE

Vestmannalaget hev i høyringssvaret sitt ikkje komentera framleggjet. Noregs Mållag hev meldt attende at dei ynskjer å endra denne ordleggingi til at: "*Gjevaren viser i gåvebrevet til målsynet åt...*"

Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

Paragraf 1

Ivar Aasen-sambandet styd framleggjet frå fondsstyret. Me meiner det er rimeleg at eit fond ikkje hev tilvising til gjevaren. Fondet er ei sjølvstendig eining uavhengig av gjevaren. Alle skynar kven gjevaren er gjennom namnet på fondet. Det er ikkje turvande å få opplyst at det var han som ytra seg um korleis fondsfyresegnene skulde vera. Det segjer seg sjølv.

Tilvisingar bør vera føringar beinveges og ikkje indirekte med å syna til "eg" som skiparen av fondet.

Vestlanske Mållag hev meldt fylgjande:

Fjerning av "eg"-formi:

Fondsstyret gjer framlegg til å umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framleggjet vert sydd. VM [Vestlanske Mållag] tykkjer at fyresegnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.

Dette brigdet gjeld heilt ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

FONDSSTYRET UTTALA PÅ MØTET DEN 19. OKTOBER 2003 FYLGJANDE:

Fondsstyret tykte ikkje den nye ordlyden frå Noregs Mållag hadde noko fyre seg. Ordlyden syner ikkje attende i teksten, men attende til gjevaren. Ein ålmenn rettsregel bør ikkje syna attende til ein serskild person, men til ein serskild regel eller eit serskild bodord.

FYLGJANDE VART DIFOR VEDTEKE AV FONDSSTYRET UM § 1:

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det veit synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 2

GJELDANDE FYRESEGN:

Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje rinkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynde verdet av grunnstolen aukar.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 2:

Fondsstyret hev i høyringsbrev dagsett 14. november 2002 gjort utførleg greida for synsmåtane sine, serlegt på umstende kring umskipingi i 1992 og at det ikkje var rett å setja av so store summar som no til hovudstolen. I høyringsbrev dagsett 12. september 2003 vart det gjort greida for sume presiseringar av kva som burde reknast som hovudstol og grunnstol. I det siste høyringsbrevet vart fylgjande ordlyd presentera, jfr. brev dagsett 12. september 2003:

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 2:

Vestmannalaget og Noregs Mållag hev meldt i frå um at dei ikkje hev merknader til framleggi. Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader.

Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

Paragraf 2

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til presisering frå fondsstyret. Det verkar uppkårande i høve til den upphavlege formuleringi, og det vil ikkje vera noko anna enn ei skriftestning av det som hev vore gjengs oppfatning.

Vestlandske Mållag (VM) hev meldt fylgjande:

Klårgjering av kva for fondsmidel som ikkje kann rørast:

Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.

VM er òg samde i at ein kann stilla spørsmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrst vedtaket um umskipping vart gjort.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 2:

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 3

GJELDANDE FYRESEGN

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksfört.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 3

Fondsstyret gjorde i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 framlegg um tillegg til gjeldande bolk nr. 2 med ei fyresegn med presisering av kva som hende når styremenn når aldersgrensa. I høyringsbrev dagsett 9. september 2003 kjem fondsstyret med framlegg um å gjenomføra umgripsbruken styremenn og å få inn i fondsfyresegne fyresegner um tvungen tvisteløsing.

Framlegget vart soleides etter siste framlegg frå 9. september 2003:

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styremann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Erl tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styremann og/eller um kven som er vald til styremann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det første året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmere avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi før verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 første lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld. Bergen tingrett er heimeting.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 3

Ivar Aasen-sambandet meldte fylgjande:

Paragraf 3

Brigdi i avsnitt nummer ein hev me ingi merknader til.

I avsnitt two gjer fondsstyret framlegg um ei ny ordleiding i den siste setningi: "Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret." Her vil Noregs Mållag ha sylgjande brigde:

"...Aldersgrensa oppover er 75 år, dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år..."

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret, og gjeng i mot å skriftsfesta ei grensa på 71 år, slik som Noregs Mållag hev gjort framlegg um. Er aldersgrensa 75 år må ein reita seg etter det. Men det kann vera greidt å få fastslege når den einskilde styremannen skal gå av: _ Er det det same året som han fyller 75 år, er det på fødselsdagen eller kva skal vera gjeldande praksis her. Her hev det vore ulike tolkingar og Ivar Aasen-sambandet vil gjerne ha ei upprydjing i fyresegni på dette punktet.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret, med etterhald um den siste setningi. Sambandet vil visa til at den siste setningi kann strukast av di denne rettsregelen er parallel med fyresegni § 6 um sæte.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Vedkomande aldersgrensa:

Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men dverre hev det frå ymse hald i Vestmannalaget vorten ein sport i å ordkløyva um fyresegni. Det er vorte ført til torgs ein sedvane, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yvertyande dokumentasjon frå denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innføra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styremann etter 71 år. Detta truleg av di ein ynskjer at ein vald styremann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opdal sjølv sett i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærmare innskrenkjing slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved twist i vallagi:

VM segjer seg leid for at stoda er kome so langt i mange av vallagi at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Det er forvitneleg å sjå at Vestmannalaget i sitt høyringsbrev skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemast at både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev nemnde upp

nye styremenn etter dei tov som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølv som formelt ber andsvaret for desse nyuppnemningane.

VM er heilt samde i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein fær ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore ei ulukka at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar bak seg, og um dei ikkje gjer det lyt dei i alle fall reisa sak med påstand um at sine synsmåtar er gjeldande rett innan ei rimeleg tid.

VM styd heilt klært både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyingsbrevi frå 9. september 2003.

FONDSSTYRET UTTALA FYLGJANDE PÅ MØTET 19. OKTOBER 2003 UM § 3:

I første avsnitt på denne paragrafen hadde fondet gjort framlegg um å gjera um på at det stod ”vel kvar ein mann...”. I staden for gjer fondsstyret framlegg um å setja inn ”...vel kvar ein styremann...” og ”... um det ikkje høver for den valde styremannen...” vil fondsstyret brigda til ”... um det ikkje høver for den valde styremannen eller varamannen”.

I avsnitt two gjer fondsstyret framlegg um ei ny ordleiding i den siste setningi: ”Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.” Her vil Noregs Mållag ha fylgjande brigde:

”...Aldersgrensa oppover er 75 år, dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år...”

Ivar Aasen-sambandet hadde meldt munnleg til formannen at dei studde framlegget frå fondsstyret, og gjekk i mot å skriftsfesta ei grensa på 71 år, slik som Noregs Mållag hadde gjort framlegg um. Vestmannalaget hadde ingi merknader til framlegget frå fondsstyret.

Fondsstyret meinte at det var ein god intensjon attum framlegget, men det kunde få uheldige verknader. Ein styremann kann til dømes måtta skiftast ut i valbolken på grunn av dødsfall eller um vedkomande trekkjer seg. Då må folk som er under 75 år kunna veljast og lagt må kunna setja inn ein styremann som er under aldersgrensa, um det er tenleg for eit lag. Fondsstyret tolkar valbolken på fire år slik at nye styremenn ikkje skal veljast slik at dei gjeng yver 75 års grensa, men det viktige er under alle umstende at dei som vert valde gjeng ut etter at dei fyller 75 år. Fondsstyret vil ikkje skrenkja inn dei rettane som Opedal hev gjeve i fyresegnene.

Vestmannalaget hadde ingi merknader til framlegget frå fondsstyret. Noregs Mållag hev ingen merknader til dette punktet. I avsnitt tri vil fondsstyret stryka den siste setningi ”Bergen tingrett er heimeting”. Vestlandske Mållag studde framlegget frå fondsstyret. Ivar Aasen-sambandet studde framlegget, med etterhald um den siste setningi. Sambandet syntet til at den siste setningi kunde strykjast av di denne rettsregelen var parallell med fyresegni § 6 um sæte. Fondsstyret syntet til at det hadde fremja eit punkt um sæte i § 6 i fondsfyresegni som fastslår heimetinget til fondet.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styremann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styremannen og/eller um kven som er vald til styremann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmare avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 4

GJELDANDE FYRESEGN

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lag i som har valrett til fondet.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 4, JFR. HØYRINGSBREVI DAGSETTE 14. NOVEMBER 2002 OG 9. SEPTEMBER 2003:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lag i som har valrett til fondet. Styri i desse lag i har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei får han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nyt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lag i som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen sorn eit fleirtal av lag i vil ha, er vald.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 4:

Vestmannalaget hev i høyringssvaret ingi merknader til framlegget.

Noregs Mållag vil stryka den siste setningi i avsnitt tri og brigda den til: "Dersom det ikkje er semje i vallagi vert revisor peika ut av Fylkesmannen".

Ivar Aasen-sambandet hev meldt at det styd framlegget frå fondsstyret, det same hev Hallvard Bergwitz gjort for styremedlemmene (Johan Forsmo og Johan A. Schultze) i Norsk Måldyrkingslag.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Godkjenning av rekneskapane:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynmann:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi. VM er heilt usamrd med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegni, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev vald er i strid med fyresegne i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegn:

VM er samde i at ein bør ha ei eigi fyresegn um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegne utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann fråvika huvudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader.

FONDSSTYRET UTTALA PÅ MØTET 19. OKTOBER 2003 FYLGJANDE UM § 4:

Fondsstyret var i mot framlegget frå Noregs Mållag. Fondsstyret syntet til at det i § 11 sjette avsnitt i stiftingslogi er fastsett at det er dei som vel fondsstyret som òg vel ettersynsmannen. Det vil difor vera i strid med § 11 å innføra ein slik regel som Noregs Mållag gjer framlegg um.

Fondsstyret gjorde vedtak um å halda uppe den upphavlege ordleggingi.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 4:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastsett rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 5

GJELDANDE FYRESEGN (BERRE DEN BOLKEN SOM DET VERT GJORT FRAMLEGG TIL BRIGDE I)

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 5, JFR. HØYRINGSBREV DAGSETT 14. NOVEMBER 2002.

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 5

Vestmannalaget og Noregs Mållag hev i svari sine meldt i frå um at dei ikkje hev merknader til framlegget. Norsk Måldyrkingslag hev ikkje svara.

Ivar Aasen-sambandet hev meldt at det styd framlegget, det same hev Hallvard Bergwitz gjort for styremedlemmene (Johan Forsmo og Johan A. Schultze) i Norsk Måldyrkingslag.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Tidspunkt for utetlingane:

VM er samde i at ein lyt hava havt tid til å fastsetja rekneskapen for året fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Det er som påpeika no fastsett i stiftlingslovi og rekneskapslovi at fresten for å fastsetja rekneskapen er 30. juni. VM er samde i at det ikkje er heldig at ein hev ein konkret frest for utetlingar.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyningsbrevi frå 9. september 2003.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 5 (BERRE FYRSTE BOLKEN):

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 6:

GJELDANDE FYRESEGN

(Sjå merknadene um teksti i gjeldande fyresegn i høyningsbrevet dagsett 14. november 2002.)

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyreseggnene for dette fondet burt.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 6:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at oppnevningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styremenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 6

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med svar.

Vestmannalaget hev ingi merknader til andre framlegg til brigde enn opplyssingsframlegget. Vestmannalaget gjeng primaert imot ei endring, men vil stydja ei fyresegn um at ein kulturinstitusjon i Ullensvang fær fondsmidelen ved opplysing.

Noregs Mållag hev meldt i frå um at dei gjeng inn for at Halldor O. Opedal sitt fond for åleminnyttige føremål fær midlane ved opplysing. Noregs Mållag ynskjer òg at fondsstyret ikkje skal ha høve til å endra sæte, men at Bergen er fast sæte. Andre av dei framleggi som er nemnde under § 6 hev ikkje Noregs Mållag merknader til.

Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

Paragraf 6

Ivar Aasen-sambandet ynskjer at pengane til fondet under alle umstende skal nyttast til målsaki. Sambandet meiner difor at ei ev. opplysing bør skipast slik til at pengane kjem norsk målreising til gode, sekundært at pengane vert

nytta til noko av det arbeidet som Opedal stod for. Me vil soleis i utgangspunktet ynskja at fondsstyret kjem fram til ein målsamskipnad som kann yvertaka pengane. Ivar Aasen-sambandet hev ingi handfaste framlegg i so måte.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til å skriftsfesta ein regel um sæte i fyresegni, på etterhald um at ein må kunna flytta sætet utan å måtta nyttia umskipingfyresegnene i stiftingslogi.

I nestiske avsnitt vil Noregs Mållag stryka framlegget um at fondet kann ha sæte andre stader på Vestlandet enn Bergen. Til innspelet frå Norges Mållag vil Ivar Aasen-sambandet understreka at Opedal var klår på at fondet var landsdekkjande og at Vestlandet var utgangsstad for fondsarbeidet når Bergen er nemnt serleg var det av praktiske årsaker den gongen. Det som er yverordna for Opedal er at styringsutlogone ikkje i for stor eller urimeleg grad skal gå til å dekkja reiseutlegg. Plasseringi til fondet må avgjerast utfra kva som vil halda styringsutlogone nede ikkje utfra kvar fondet held hus.

Ivar Aasen-sambandet styd ikkje framlegget um at styremenn i Opedalsfondet bør vera busette i Bergen, av di fondet er eit landsfernande fond. Ivar Aasen-sambandet vil òg få peika på at hovudtanken attum regelen som Opedal sette upp er låge styringskostnader – ikkje å gjera Bergen til hovudsæte.

Eit geografisk påbod og ei einsretting av bustad for styremennene knytte til Bergen, vil gjera det uråd for mange gode målfolk å sitja i fondet. Det er verd å merka seg at det er på Vestlandet utanfor Bergen at målsaki stend sterkest. Det er òg her Noregs Mållag stend sterkest. Det er soleis med undring at me les innspelet frå Noregs Mållag, der dei eintydig vil slå fast at styremenn skal vera busette i Bergen.. Det ligg ikkje fyre nokor grunngjeving for dette framlegget, og me tykkjer at det er gode argument som talar mot det.

Tilleggsmerknad

Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein seksmånadersfrest for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me vil gjera følgjande framlegg

"Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette opp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fekk spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som det ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styremenn yver til dei andre vallagi."

Vestlandske Mållag hev meldt følgjande:

Klargjering av tilleggi frå Opedal, jfr. § 6:

VM er samde i dei synsmåtane som fondsstyret fremjer i brevet dagsett 14. november 2002. VM er glade for at fondsstyret hev teke initiativ til å klårgjera dei ymse tilleggi som det er operera med i § 6. VM styd dei brigdi som er gjorde, sjå likevel punktet um styringsutlogone og búpliki for styremennene.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 9. september 2003.

Presiseringa av umgripsbruken, styremann:

VM er samde i at diverre hev vorten ein ukultur med å rekna styremannen sin som målmann for sitt vallag. VM meiner difor at det er turvande å få presisert den uavhengige rolla til fondet og fondsstyret, og at dette millom anna vert gjort med å byta ut umgrep som målmann med umgropet styremann.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Vallag – nye lag?

VM ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meinингi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meininger vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ikkje. Det var alt då Halldor O. Opedal sette opp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag hadde var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styremann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides i mot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko i mot at andre samskipnader vert gjeven valrett

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettlege spursmåli som ligg til grunn for usemjø. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for oppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til oppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølvsgåt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt meldta tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegne eller (3) bøya seg for dei nye fyresegne. Ut frå samtalet med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Verknaden av burtvising, uppløysing og sjølvvald attendetrekking av valretten:

VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfyresegni.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:

VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfyresegni. VM ser ikkje heilt at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjort framlegg um. VM er òg uroa yver den innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opdal skipa eit landsfemmande fond, ikkje eit fond for Bergen med umeiland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfyresegni frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at deå fondsfyrsegni vart fastsett 29. desember 1971 var hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidig då var rimelegast å møtat i Bergen. At miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 var kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet å Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lengre eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfyresegni, utan at styret slepp ganga vegen um umskiping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:

VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimelegt nivå. Det er ingen som er usamde i at fondet held låge styreingsutlogor.

Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastset ein slik regel i fondsfyresegni.

Buregel for styremennene:

Halldor O. Opdal ynskte at ”målfondet” hans skulde vera eit landsfemmande fond i motsetnad til det ålmenne fondet han skipa lokalt. Det vil difor kokje vera i hans meinings eller turvande å vedtektsfesta ei slik plikt som fondsstyret gjer framlegg um, når det kjem med framlegg um at styremennene lyt bu i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Hovudintensjonen frå Halldor O. Opdal med tillegget var, etter VM si meinings, ikkje å fastsetja Bergen som møtestad med å gjera ferdakostnadene låge – ut frå stoda slik ho var på det tidspunktet fondsfyresegni vart sett opp i 1971. Regelen er difor taktisk, ikkje prinsipiell.

Ein slik regel kann etter umstendi – i dag – misbrukast til å gjera fondet til eit ”Bergensfond” – noko som det ikkje finst grunnlag for hjå Halldor O. Opdal.

VM styd difor ikkje ei vedtektsfesting av slik buplikt.

Instituttet Halldorsbu:

VM registrerer med undring påstandane frå Vestmannalaget at fondsstyret krenker vilja til Halldor O. Opdal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fyresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opdal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktarar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette opp reglar um at sleki hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspill frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi bør gjevast til det andre fondet som Opdal skipa.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 6:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fekk spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som det ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nyt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegne, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styresmenn kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Ein styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann til fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt vert gjort. Ein styresmann som er vald frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegne for dette fondet burt.

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPELEG FONDSFYRESEGN

§1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§2

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegne i stiftingslovi.

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styremann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmere avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi før verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.

§4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastsett rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei før han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein

bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruk nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunnanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fekk spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som det ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styresmenn kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Ein styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt vert gjort. Ein styresmann som er vald frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

SLUTTORD

Fondsstyret hev gjennomført ei grundig utgreiding og høyring um framleggi til nye fyresegner i fondsfyresegni. Det hev vore sendt ut fire høyringsbrev. Det fyrste vart send 14. november 2002 og det siste vart send 12. september 2003. Alle som elles ynskjer å koma med merknader og innspel er òg høyrd i den grad merknadene og innspeli er sende til oss.

Fondsstyret meiner difor i samhøve med det som vart dryft med Fylkesmannen sumaren og hausten 2003 at det no er gjennomført ei høyring som stettar kravi i stiftingslogi.

Dei konkrete framleggi frå fondsstyret er lite kontroversielle, og dei merknadnene som er komne er stort sett positive. Det hev som me nemnde i innleidningi vore strid kring mange tilhøve, men det gjeld altså ikkje dei framleggi som her er presenterte.

Fondsstyret trur med tilslutnad frå mesta alle vallagi at det er ein fyremun for alle at framleggi til brigde vert fyrehavde fyr vallagi skal velja nye styremenn. Mange hev peika på at striden i stor mun hev vore um korleides ein skal tolka fondsfyresegni, og med dei framleggi som me no hev sendt inn, er tolkingstvistane nok løyste for denna gongen.

Fondsstyret bed difor um at Fylkesmannen ser på saki so snøgt som råd og helst i lag med dei andre klagemåli som er fremja.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 6. november 2003.

Til:

Fylkesmannen i Hordaland

Søknad um umskiping av fondsfyresegni

For fondsstyret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking vert det søkt um å få skipa um sume fyresegner i fondsfyresegni åt Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

INNLEIDING

Skiparen sette upp fondsfyresegni i gåvebrevet sitt som er datera, 29. desember 1971. I 1980 kom det ei eigi log um skriftingar, som på mange umkverve gjev ei onnar løysing og oppgåvedeling enn det som er sett i fondsfyresegni. Detta gjeld millom anna reglane for fastsetjing av rekneskapen for fonget og val av ettersynsmenn. På dessa tov felti hev fondsfyresegni og stiftingslogi diametralt motsette oppgåvedeling.

Fondsstyret hev i dei siste åri registrera at det er mange fyresegner det er usemjø um noko som det er sers uheldig for å få til eit godt og velfungerande samarbeide millom fondsstyret, vallagi og andre i målrørsla som studnadsmottakarar (destinatorar).

Det skjedde ei umskiping av fondsfyresegni i 1992. Bakgrunnen for denna var at fondstyret og vallagi ynskte å minka avsetnadene til grunnstolen, i høve til reglane som Opdal sette i fondsfyresegni si. Framleggi vart dryft i fondsstyret i 1987 og 1988. Dei vart i dessa åri sende ut på høyring millom vallagi. I 1992 søkte den dåverande formannen i fondsstyret um å skipa um fondsfyresegni med ein annan ordljod enn det som var vedteke i fondsstyret og det som var send ut på høyring. Reglane slik dei vart fastsett av Fylkesmannen i Hordaland i 1992 er heller ikkje implementerte i den fondsfyresegni som fondsstyret og vallagi nyttar. Det kann difor reisast spursmål um både legitimitet og legaliteten av den reglane um avsetnad slik dei vart etter umskipingi i 1992. Spursmålet um denna umskipingi er grundig dryft i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.

Fleire av vallagi såg kring 1999 med uro på utviklingi i fonget, og det var fleire møte millom leidingi av fleire av vallagi. I 1997 hadde styremannen som Noregs Mållag hadde nemnd upp retta skarp kritikk av det dåverande fondsstyret, utan at andre enn fondsstyret og Noregs Mållag hadde kjenskap til kritikken. Utan nærmare samband millom vallagi trakk Noregs Mållag mykje av kritikken. Det synte seg i 1999 at òg Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag dela kritikken som var reist frå Noregs Mållag. Det vart òg reist kritikk mot dei nære bandi millom medlemene og forretningsføraren i fonget og mange målmiljø i Bergen. Det vart i samband med dryftingane millom vallagi sett på regelverket til

fondet, og mange vart undra yver at det ikkje hadde vore teke initiativ til å implementera fyresegne i stiftingslogi i fondsfyresegni. Då det nye fondsstyret, det sitjande, vart skipa våren 2000 var det eit uttala ynskje frå vallagi um at det no laut skje ei lenge etterlengta opprydjing av millomveret millom dei ulike målmiljøi i Bergen og å få bøta for den vantande implementeringi av lovverket i fondsfyresegni.

Alt våren 2000 vart det teke initiativ andsynes for å få sett i verk ei utgreiding um fondsfyresegni. Adv. Per J. Jordal vart hyra inn og formannen i fondsstyret fekk i uppgåva å sjå i gjennom fondsfyresegni. Vallagi vart munnleg og skriftleg vitra um arbeidet.

HØYRINGSRUNDANE

Dei interne dryftingane i fondsstyret resultera i at det den 14. november 2002 vart send ut eit formelt høyringsbrev frå fondsstyret. Det vart etterfylgd av nye høyringsbrev den 26. juli 2003, 9. september 2003 og 12. september 2003. Fylgjande tema var nemnde i dei ulike brevi, etter yverskriftene:

I brev dagsett 14. november 2002:

- Avsetnaden til hovudstol (grunnstol) – presiering og klårgjering av umgrep
- Aldersgrensa – presiering av gjeldande rett
- Godkjenning av rekneskapane – brigde til at styret fastsett rekneskapen
- Val av ettersynsmenn – brigde av fyresegni yverføring av valretten til vallagi
- Tidspunkt for utetlingane – utsetning av tidspunkt
- Instituttet Halldorsbu – fjerning av fyresegni
- "Eg"- formi i fondsfyresegni
- Vallag – nye lag?
- Klårgjering av tilleggi som Opedal gjorde til § 6
- Sæte – fastsetjing av Bergen som sæte
- Signatur/prokura – fastsetjing av regel um prokura m.m.

I brev dagsett 26. juli 2003:

- Sæte – presiering i høve til framlegg frå 14. november 2002.

I brev dagsett 9. september 2003:

- Twist i vallagi – framlegg um tvungen twisteløysingsordning
- Arbeidsbolken for styremennene - verknaden ved burtvising/uppløsing, og presiering av umgrepet "styremann"
- Krav um tilslutnadsfråsegn – fastsetjing av krav um tilslutnadsfråsegn

I brev dagsett 12. september 2003:

- Presiering av umgrepet avsetnad i § 2

Høyringsbrevi ligg ved søknaden som vedlegg.

Fylgjande fekk høyringsbrevi:

Fylkesmannen i Hordaland	BERGEN
Halldor O. Opedals sitt fond for ålmennytige føremål	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Littlere	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	KONGSVINGER
Mona Stormark	BERGEN
Arne Skjerven	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	FYLLEDALEN
Ivar Aasen-sambandet	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	BERGEN
Noregs Mållag	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmtveit	SEIM

Halldor Slettebø	OSLO
Håvard Tangen	OSLO
Magnus Robberstad	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	SOGNDAL
Johan Forsmo	OSLO
Johan A. Schulze	OSLO
Jostein Stokkeland	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	OSLO

Kjell Kjerland, formannen i det alternative styret i Vestlandske Mållag, hev òg fenge tilsend høyrbrevi. Brigdi er òg kjend for detta styret sidan Jon Askeland var prosessfullmektig for denna fløyi ved dryftingane i Bergen forliksråd. Jon Askeland er informera ved å vera formann i Vestmannalaget. Arne Gjeraker er advokaten til det alternative styret, han er informera ved å vera formann i Norsk Måldyrkingslag. Båe fløyane i Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget er òg vitra gjenom at aktørane i dessa òg er med i styringi i andre høyrbinstansar.

Fylgjande hev svara oss i eigne brev:

Vestmannalaget
Vestlandske Mållag
Noregs Mållag
Ivar Aasen-sambandet

Svarbrevi frå dessa samskipnadnene ligg ved som vedlegg til denna søknaden.

Hallvard Bergwitz hev ringd for Johan Forsmo og Johan A. Schultze og gav uttrykk for tilslutnad til framleggi frå fondsstyret, slik dei vert presentera i høyrbrevi. Johan Forsmo og Johan A. Schultze sit i styret i Norsk Måldyrkingslag. Styret i Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med nokon skrifteleg attendemelding.

HEIMELSGRUNNLAGET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE

Det er etter gjeldande stiftingslog Kongen som kann skipa um statuttar (fondsfyresegner), jfr. § 32. Denna rett er delegera vidare til Justisdepartementet og fylkesmennene.

Det er etter gjeldande rett berre grunnlag for å skipa um fondsfyresegner når tilhøve er endra. Det er ulike kriterier etter som um det er tala um fyresegner um fyremålet til fondsstyret eller mindre sentrale brigde som det vert søkt um.

Det er òg eit krav um at søknaden um umskiping vert sett fram av skiparen eller fondsstyret. Vidare er det gjeve fyresegner i § 33 um kven som skal høyrast. Skiparen, Halldor O. Opdal er avliden, og fondsstyret hev i samsvar med § 33 bede um merknader frå Marit Skuland niese av Opdal, ho hev meldt i frå til fondsstyret – munnleg – um at ho ikkje ynskjer å koma med merknader til framleggi til brigde.

Fondsstyret syner til høyrbrevet dagsett 9. september 2003, der det vert gjort greide for fylgjande:

HEIMEL FOR BRIGDI:

I det første høyrbrevet, dagsett 14. november 2002, vart fyresegner i stiftingslogi um umskiping av fondsfyresegni gjorde greida for, og eg [styreformannen] vil ikkje taka upp att detta. Eg vil berre segja ifrå um at fondsstyret meiner ingen av dei brigdi som det vart gjort framlegg um kokje dei i i dei two tidlegare

høyingsrundane eller dei brigdi som fondsstyret no gjer framlegg – vedkjem fyremålet eller at det vart lagt serskild vekt ved skipingi av fonda, jfr. § 35 andre lekken. Fondsstyret hev i alle høve freista tilmåta brigdi so langt som råd både fyremålet og tankegangen i skipingsgrunnlaget, jfr. § 36 andre lekken.

Jamvel um alle framlegg til brigde kann gjerast etter § 35 andre lekken, hev sume framlegg òg klårare heimelsgrunnlag i § 35 fyrste lekken.

Kwart framlegg er tufta på at mange tilhøve som i 1971 ikkje trond nærmere dryfting og presisering, no er vorten grunnlag for dryftingar og tolkingar; til dømes aldersgrensa. Mange framlegg er tufta på at lovverket er endra i frå fondsfyresegne vart sett opp; til dømes fyresegnene om fastsetjing av rekneskapen og val av ettersynsmann. Ein anna moment som gjeng att er ynskje um klåre fyresegner um tilhøve som ikkje er so godt og presist formulera i fondsfyresegni; til dømes verknaden for ein styresmann av at vallag som han vart nemnd upp av vert uppløyst. Atter andre fremlegg til brigde er tufta på at ordljoden i fondsfyresegni opnar for uheldige mistolkingar, til dømes umgripet ”målsmann”.

Grunnane til at fondsstyret meiner at det er ligg fyre endra tilhøve er gjort greide for i høyingsbrevi.

MERKNADER FRP HØYRINGSINSTANSANE:

Noregs Mållag og Vestmannalaget hev i sine høyringssvar ikkje uttale seg um heimelsgrunnlaget. Hallvard Bergwitz hev for Johan Forsmo og Johan A. Schultz munnleg meldt i frå um studnad til høyingsbrevet dagsett 9. september 2003. Ivar Aasen-sambandet hev kome med fylgjande:

Ivar Aasen-sambandet meiner at framleggi til brigde ikkje råkar ved fyremålet og holder ikkje noko som ein lyt tru Halldor O. Opdal lagde serleg vekt på. Me meiner òg at det ligg fyre andre umstende som gjer den upphavlege teksti ulagleg, jf. grunngjevingi frå fondsstyret. Ivar Aasen-sambandet meiner at ein kann leggja til grunn at framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftingslogi § 35, andre lekken, med undantak frå framlegget um å fastsetja Bergen som sæte. Ivar Aasen-sambandet kann ikkje sjå at er ”uheldig eller uhensiktsmessig” (jf. stiftingslogi) um ein lét vera å fastsetja sætet i fondsfyresegnene.

Vestlandske Mållag (med stuttformi: VM) hev kome med fylgjande:

Vestlandske Mållag er samde med fondsstyret i at ingen av dei framleggi til brigde som er fremde vedkjem fyremålet til fonda eller på nokon måte kann segjast å hava vore lagd serlegt vekt på av skiparen. Vestlandske Mållag er soleides samde med fondsstyret i at alle framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftingslogi § 35 andre lekken. Vestlandske Mållag (VM) meiner òg at alle framleggi til brigde, med undantak av framleggi um sæte og spørsmålet um skriffesting av fyresegni um styringsutlogone, er tufta på endra tilhøve, jfr. § 35 fyrste lekken. VM er òg av den meinungi at alle framleggi er tilmåte so langt som råd er tankegangen til skiparen og skipingsgrunnlaget.

KONKLUSJON UM HEIMELSGRUNNLAGET:

Fondsstyret difor at det er breid semja um at det – med etterhald av fyresegni um sætet – ligg fyre vilkår for å skipa um fondsfyresegni i medhald av § 35 fyrste punktum og § 35 andre lekken. Det vil segja at det er breid semja um at det ligg fyre endra tilhøve og at framleggi ikkje er fyremålsrelaterte.

DEI ULIKE FRAMLEGGI TIL BRIGDE

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 1

GJELDANDE FYRESEGN:

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opelands fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 1:

Fondsstyret meiner det er uheldig å hava ei indirekte tilvising av råma for fyremålet til fondet, og meiner difor at ei onnor ordlegging er betre. "Eg" høver sjølv sagt i eit gåvebrev frå skiparen, men ikkje i ei fyleregn.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 1, JFR. HØYRINGSBREV DAGSETT 14. NOVEMBER 2002:

Etter nærmare gjenomgang av fyleregn i ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyleregnen som H. O. Opel sette opp, var i sjølvé gåvebrevet. Ei almmenn fyleregn bør, etter formannen si meining, ikkje nytt eg-formi. Det vil segja at ein i fyleregnen ikkje nyttar ordi "Eg viser til målsynet å ..." og at ein i staden nyttar "Det vert synt til målsynet å ...".

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 1

Vestmannalaget hev i høyringssvaret sitt ikkje komentera framlegget. Noregs Mållag hev meldt attende at dei ynskjer å endra denne ordleggingen til at:

Gjevaren viser i gåvebrevet til målsynet å...

Ivar Aasen-sambnaden hev meldt fylgjande:

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret. Me meiner det er rimelegt at eit fond ikkje hev tilvising til gjevaren. Fondet er ei sjølvstendig eining uavhengig av gjevaren. Alle skynar kven gjevaren er gjenom namnet på fondet, og det er ikkje turvande å få opplyst at det var han som ytra seg um korleis fondsfyleregnene skulde vera. Det segjer seg sjølv.

Tilvisinger bør vera beinveges og ikkje umveges med å syna til det «eg» som var skiparen av fondet.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Fjerning av "eg"-formi:

Fondsstyret gjer framlegg til å umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framlegget vert sydd. VM [Vestlandske Mållag] tykkjer at fyleregnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.

Dette brigdet gjeld heilt ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

FONDSSTYRET UTTALA PÅ MØTET DEN 19. OKTOBER 2003 FYLGJANDE UM § 1:

Fondsstyret tykte ikkje den nye ordlyden frå Noregs Mållag hadde noko fyre seg. Ordlyden syner ikkje attende i teksten, men attende til gjevaren. Ein almmenn rettsregel bør ikkje syna attende til ein serskild person, men til ein serskild regel eller eit serskild bodord.

[Tillegg frå styreformannen: Ein bør, som nemnd av Vestlandske Mållag, hava ei beinveges tilvising av kva skranke som gjeld for fondsstyret, ikkje setja ei skranka gjennom å syna til meiningi til skiparen – sjølv um detta og er retningsgjevande.]

FYLGJANDE VART DIFOR VEDTEKE AV FONDSSTYRET UM § 1:

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opelands fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde

det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 2

GJELDANDE FYRESEGN:

Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 2:

Fondsstyret ynskjer å klårgjera kva for del av fondsmidelen som ikkje kann rørast. Fondsstyret meiner at ein bør hava ein presis regel som fastslær at både den opphavelege grunnstolen og dei årlege avsetnadene ikkje kann rørast. Fondsstyret ynskjer gjennom ei umskiping å gjera bot den uvissa som gjeld um den fyrre umskipingi i 1992. Det var sume fyresegner i den umskipingi som skjedde i 1992 som, etter kva ein kann sjå i dag, ikkje var tufta på vedtak i fondsstyret. Det er under alle umstende klårt uheldig og i strid med intensjonen med umskipingi å halda fast ved kravet um minsteavsetnad i høve til inflasjonen.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 2:

Fondsstyret hev i høyringsbrev dagsett 14. november 2002 gjort utførleg greida for synsmåtane sine, serlegt på umstende kring umskipingi i 1992 og at det ikkje var rett å setja av so store summar som no til hovudstolen. I høyringsbrev dagsett 12. september 2003 vart det gjort greida for sume presiseringar av kva som burde reknast som hovudstol og grunnstol. I det siste høyringsbrevet vart fylgjande ordljod presentera, jfr. brev dagsett 12. september 2003:

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – gunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 2:

Vestmannalaget og Noregs Mållag hev meldt i frå um at dei ikkje hev merknader til framlegg. Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader. Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til presisering frå fondsstyret. Det verkar upplårande i høve til den opphavlege formuleringi og det vert ikkje noko anna enn ei skriftfesting av det som hev vore vanleg meinig.

Vestlandske Mållag (VM) hev meldt fylgjande:

Klårgjering av kva for fondsmidel som ikkje kann rørast:

Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.

VM er òg samde i at ein kann stilla spørsmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrre vedtaket um umskiping vart gjort.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 2:

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 3

GJELDANDE FYRESEGN

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 3:

Fondsstyret gjorde i høyringssbrevet dagsett 14. november 2002 framlegg um tillegg til gjeldande bolk nr. 2 med ei fyresegn med presisering av kva som hender når styremenn når aldersgrensa på 75 år. Det er vel ingen som er uviss um konsekvensane av ei aldersgrensa, men som ein kann sjå av mange skriv frå eitt av vallagi kann ein få eit anna inntrykk. I høyringssbrev dagsett 9. september 2003 kjem fondsstyret med framlegg um å gjenomføra umgripsbruken styremenn i heile fondsfyresegni. Fondsstyret ynskjer òg å få inn i fondsfyresegni fyresegner um tvungen tvisteløysing. Det hev vore strid um eit fleirtal av dei styremennene som er peika ut, utan at det er ført til marki yvertydande argument. Sjølv um argumenti ikkje held vatn, er strid lamande på aktiviteten i fondsstyret og vallagi. Det hev òg vore vanskeleg å få dei stridande partane i vallagi til kompromi eller å fremja saki andsynes domstolane. Sjøv med domstolfyrehaving, vil mange tvistar kunna vara uløyste i mange år, grunna sein saksgang i domstolane. Fondsstyret fremjer difor ei løysing med skilsdomstol. Denna ordningi er berre knytta til spursmål som gjeld tvil som knyter seg til uppnemning og valrett til fondsstyret. Andre spursmål og stridar kann ikkje løysast, utan samtykkje med partane, avgjerdast gjennom denna ordningi som fondsstyret gjer framlegg um. Ein skal vera merksam på at det hev vore strid um uppnemningar og valrett ved mange høve upp gjennom åri, òg det er soleides ikkje berre dei aktuelle stridane i vallagi som er bakgrunnen for framlegget.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 3:

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styremann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styremannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det twist um kven som er det rettkomne styret til å velja styremann og/eller um kven som er vald til styremann, og twisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at twisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmare avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi før verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i twistemålslogi gjeld. Bergen tingrett er heimeting.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 3

Norsk Måldyrkingslag hev formelt ikkje svara oss på høyringsbrevi. Vestmannalaget hev ingen merknader til framlegget. Hallvard Bergwitz hev for styremedlemmene i Norsk Måldyrkingslag (Johan Forsmo og Johan A. Schultze) meldt i frå um studnad til framleggi i høyringsbrevi. Noregs Mållag meldte fylgjande:

§ 3 Ingen merknader til framlegget til endring avsnitt 1.

Når det gjeld avsnitt 2 er vi samde i prinsippet i at aldersgrensa på 75 må praktiseres. NM meiner at dersom ein representant først er peika ut så må vedkomande få sitja ut perioden. Dette kan oppnåast ved at aldersgrensa for oppnemning vert sett til kalenderåret ein fyller 71 år. Representantane med vara vil då gå ut kalenderåret dei fyller 75 år. Framlegg til endring: "Aldersgrensa oppover er 75 år, dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år."

Ingen merknader til framlegget til endring av avsnitt 3.

Ivar Aasen-sambandet meldte fylgjande um § 3:

Brigdi i fyrste avsnittet hev me ingi merknader til.

I andre avsnittet gjer fondsstyret framlegg um ny ordlegging i den siste setningi: «Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.» Her vil Noregs Mållag ha dette brigdet: «Aldersgrensa oppover er 75 år, dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år.»

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret, og gjeng imot å skriftfesta ei grensa på 71 år, som Noregs Mållag hev gjort framlegg um. Er aldersgrensa 75 år, må ein retta seg etter det. Men det kann vera greidt å få slege fast når den einskilde styremannen skal ganga av: det same året som han fyller 75 år, på fødselsdagen, elder kva skal vera gjeldande praksis her? Her hev det vore ulike tolkingar og Ivar Aasen-sambandet vil gjerne hava ei upprydjing i fyresegnene på dette punktet.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret i tridje avsnittet, med etterhald um den siste setningi. Sambandet vil visa til at den siste setningi kann strukast av di denne rettsregelen er parallel med § 6 um sæte.

Vestlandske Mållag meldte fylgjande um § 3:

Vedkomande aldersgrensa:

Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men diverre hev det frå ymse hald i Vestmannalaget vorten ein sport i å ordkøyva um fyresegni. Det er vorte ført til torgs ein sedvane, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yverande dokumentasjon frå denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innføra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styremann etter 71 år. Detta truleg av di ein ynskjer at ein vald styremann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opdal sjølv sett i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærare innskrenkjing slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intension og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved tvist i vallagi:

VM seger seg leid for at stoda er kome so langt i mange av vallagi at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Det er forvitneleg å sjå at Vestmannalaget i sitt høyringsbrev skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemnast at både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev nemnde opp nye styremenn etter dei tov som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølv som formelt ber andsvaret for desse nyuppnevningane.

VM er heilt samde i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein før ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore ei ulukka at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar bak seg, og um dei ikkje gjer det lyt dei i alle fall reisa sak med påstand um at sine synsmåtar er gjeldande rett innan ei rimeleg tid.

VM styd heilt klårt både intension og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

FONDSSTYRET UTTALA FYLGJANDE PÅ MØTET 19. OKTOBER 2003 UM § 3:

I fyrste avsnitt på denne paragrafen hadde fondet gjort framlegg um å gjera um på at det stod "vel kvar ein mann...". I staden for gjer fondsstyret framlegg um å setja inn "... vel kvar ein styremann..." og "... um det ikkje høver for den valde styremannen..." vil fondsstyret brigda til "... um det ikkje høver for den valde styremannen eller varamannen".

I avsnitt two gjer fondsstyret framlegg um ei ny ordleiding i den siste setningi: "Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret." Her vil Noregs Mållag ha fylgjande brigde: "Aldersgrensa oppover er 75 år, dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år..."

Ivar Aasen-sambandet hadde meldt munnleg til formannen at dei studde framlegget frå fondsstyret, og gjekk i mot å skriftfesta ei grensa på 71 år, slik som Noregs Mållag hadde gjort framlegg um. Vestmannalaget hadde ingi merknader til framlegget frå fondsstyret.

Fondsstyret meinte at det var ein god intensjon attum framleggjet, men det kunde få uheldige verknader. Ein styresmann kann til dømes måtta skiftast ut i valbolken på grunn av dødsfall eller um vedkomande trekkjer seg. Då må folk som er under 75 år kunna veljast og lagt må kunna setja inn ein styresmann som er under aldersgrensa, um det er tenleg for eit lag. Fondsstyret tolkar valbolken på fire år slik at nye styresmenn ikkje skal veljast slik at dei gjeng yver 75 årsgrensa, men det viktige er under alle umstende at dei som vert valde gjeng ut etter at dei fyller 75 år. Fondsstyret vil ikkje skrenkja inn dei rettane som Opdal hev gjeve i fyresegnene.

Vestmannalaget hadde ingi merknader til framleggjet frå fondsstyret. Noregs Mållag hev ingen merknader til dette punktet. I avsnitt tri vil fondsstyret stryka den siste setningi "Bergen tingrett er heimeting". Vestlandske Mållag studde framleggjet frå fondsstyret. Ivar Aasen-sambandet studde framleggjet, med etterhald um den siste setningi. Sambandet synte til at den siste setningi kunde strykjast av di denne rettsregelen var parallel med fyresegni § 6 um sæte. Fondsstyret synte til at det hadde fremja eit punkt um sæte i § 6 i fondsfyresegni som fastslær heimetinget til fondet.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolt – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmare avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 4

GJELDANDE FYRESEGN

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 4:

Fondsstyret ynskjer å gjennomföra lovreglane som vart innførde i samband med lovfestingi av reglane for stiftingar.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 4, JFR. HØYRINGSBREVI DAGSETTE 14. NOVEMBER 2002 OG 9. SEPTEMBER 2003:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei får han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 4:

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader. Vestmannalaget hev i høyringssvaret ingi merknader til framleggget. Noregs Mållag vil stryka den siste setningi i tridje bolken og vil i staden hava fylgjande setning:

Dersom det ikkje er semje i vallagi vert revisor peika ut av Fylkesmannen.

Ivar Aasen-sambandet hev meldt at det styd framleggget, det same hev Hallvard Bergwitz gjort for styremedlemmene Johan Forsmo og Johan A. Schultze i Norsk Måldyrkingslag.
Vestlandske Mållag meldt fylgjande:

Godkjenning av rekneskapane:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynmann:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi. VM er heilt usamn med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegni, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev vald er i strid med fyresegnene i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegn:

VM er samde i at ein bør ha ei eigi fyresegn um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegnene utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann fråvika huvudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

FONDSSTYRET UTTALA PÅ MØTET 19. OKTOBER 2003 FYLGJANDE UM § 4:

Fondsstyret var i mot framleggget frå Noregs Mållag. Fondsstyret synte til at det i § 11 sjette avsnitt i stiftingslogi er fastsett at det er dei som vel fondsstyret som òg vel ettersynsmannen. Det vil difor vera i strid med § 11 å innföra ein slik regel som Noregs Mållag gjer framlegg um.

Fondsstyret gjorde vedtak um å halda uppe den upphavlege ordleggingi.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 4:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastsett rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 5

GJELDANDE FYRESEGN (BERRE DEN BOLKEN SOM DET VERT GJORT FRAMLEGG TIL BRIGDE I)

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 5:

Fondstyret hev dei siste åri ikkje etla ut prisane i mars månad. Detta var òg tilfelle fyrr detta fondsstyret tok sete i april 2000. Fondsstyret meiner òg at rekneskapane for året fyre utetlingane skal gjerast bør liggja fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Fondsstyret syner til at det i mange år hev vore vanskar med å få rekneskapen fastsett fyrr sumaren, og meiner det er uheldig å måta gjera vedtak um utetlingar fyre rekneskapen er fastsett. Fondsstyret gjer difor framlegg um å fjerna denna regelen um tidspunkt.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 5, JFR. HØYRINGSBREV DAGSETT 14. NOVEMBER 2002.

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 5

Noregs Mållag hev i svaret meldt i frå um at NM ikkje hev merknader til framlegget. Norsk Måldyrkingslag hev ikkje svara. Vestmannalaget hev ikkje sagt noko um detta framlegget i høyringssvaret sitt. Vestmannalaget hev i eit tidlegare brev uttrykt usemje med framlegget, at vidare arbumentasjon um grunnen. Ivar Aasen-sambandet hev meldt at det styd framlegget, det same hev Hallvard Bergwitz gjort for styremedlemmene Johan Forsmo og Johan A. Schultze i Norsk Måldyrkingslag. Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Tidpunkt for utetlingane:

VM er samde i at ein lyt hava hatt tid til å fastsetja rekneskapen for året fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Det er som påpeika no fastsett i stiftingslovi og rekneskapslovi at fresten for å fastsetja rekneskapen er 30. juni. VM er samde i at det ikkje er heldig at ein hev ein konkret frest for utetlingar.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 5 (BERRE FYRSTE BOLKEN):

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 6:

GJELDANDE FYRESEGN

(Sjå merknadene um teksti i gjeldande fyresegn i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.)

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegne for dette fondet burt.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 6:

6.1. Rettsleg status av "tillegg" frå Opedal til fondsfyresegne

Fondsstyret ynskjer å klårgjera kva for tillegg som skal hava beinveges rettsverknad – og dimed vera med i fondsfyresegne – og kva for tillegg som skal vera rettleidande – dimed ikkje vedtektsfestast. Fondsstyret hev langt til grunn den mest vanlege utvalet av tillegg i framlegget sitt. Det er uvisst um dessa i realiteten vart fastsett alt på skipingsmøtet, då det er

sume tilvisingar i uppritet frå skipingsmøtet i 1976. Fondsstyret ynskjer med fremlegget til umskiping å fastslå kva for tillegg som skal hava seinveges rettsleg status. Fondsstyret meiner det er sers uheldig at ein ikkje hev ein eintydig ordljod i fondsfyresegni, og ynskjer å råde bot på detta med framlegget til umskiping av § 6.

6.2. Presiseringa av umgripsbruken; styresmann

Fondsstyret meiner det er uheldig at ein hev ein umgripsbruk i fondsfyresegni som opnar for ei mistolking av rolla til medlemene i fondsstyret. Det er rettsleg skilnad på styresmann og målsmann. Halldor O. Opedal hev sjølv i størst munn nytta styresmann, men det er i § 6 òg nytta umgripet "målsmann". Det er uheldig umgripsbruken i fondsfyresegni kann opna for mistolkingar av den rettslege statusen til styremennene, og mistolking vallagi sin styringsrett yver dei.

6.3. Utpeiking av nye vallag

Fondsstyret tok upp i høyningsbrevet dagsett 14. november 2002 spursmålet um ein skulde peika ut nye vallag, attåt dei noverande eller i staden for til døms Vestlandske Mållag.

Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uheldig for eit landsfennande fond å vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen.

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Halldor O. Opedal skreiv til alle og spurde um dei vilde velja styremenn til fondet sitt, på dei vilkåri som vart sette opp gårvebrevet. Alle vallagi svara stadfestande på spurnaden. Det ser diverre ut til at sume vallag ynskjer peika ut styremenn på eigi grunnlag. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer at vallagi lyt koma med ei fråsegn um at dei ynskjer å leggja til grunn den til ei kvar tid gjeldande fondsfyresegn som gjeld på tidspunktet som uppnevning. Fondsstyret meiner ikkje det er turvande med tilslutnadfråsegn ved alle nyuppnemningar, men når det ved fyrste høve etter brigde i fondsfyresegni (umskiping). Detta vil vera med på å gjera vallagi kjend med fondsfyresegni og truleg gjera dei meir medvitne um andsvaret og pliktene som fylgjer med valretten. Fondsstyret hev merkt seg at sume vallag ikkje hev send attendemelding på spurnadene våre um godkjenning av rekneskapane – sidan me i 2000 på ny byrja å senda dei ut til vallagi i samsvar med fondsfyresegni.

6.5. Rettsleg verknaden av burtvising, uppløysing og attendetrekking av valretten

Halldor O. Opedal sette upp reglar um burtvising og friviljug attendetrekking av valretten, utan at den rettslege verknaden for styremannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opedal sette i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi, ein finn i gåvebrevet, som er teken med i den mest brukta utgåva av fondsfyresegnene, som ein bryrja å nytta etter skipingsmøtet på midten av 1970-talet.

6.6. Fastsetjing av stad for setet for fondet

Fondsstyret ynskjer å fastsetja ein serskild stad som sete for fondet, likevel soleides at fondsstyret kann fastsetja ein annan stad på Vestlandet utan ny umskiping.

6.7. Fastsetjing av ein regel um rimelege styringsutlogone

Halldor O. Opedal sette i gåvebrevet upp eit tillegg til fondsfyresegni der styringsutlogene er umtala, tillegget hev uklår rettsleg status. Formannen tok på eige initiativ upp spursmål um ein skulde taka med detta tillegget inn i fondsfyresegni. *[Formannen hadde ei ålmen fullmakt til å taka upp aktuelle spursmål i høyningsbrevet. Fondsstyret fann etter høyningssinnspelei ikkje grunn til å ganga vidare med innspelet frå formannen, sjå seinar kva fondsstyret uttalar]*

6.8. Regel um "buplikt" for styremennene

Framlegget um å skriftfesta ein regel um buplikt for styremennene finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni frå Halldor O. Opedal. Buplikti er gjeven for Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag. *[Formannen hadde ei ålmen fullmakt til å taka upp aktuelle spursmål i høyningsbrevet. Fondsstyret fann etter høyningssinnspelei ikkje grunn til å ganga vidare med innspelet frå formannen. Fondsstyret hev vald å ikkje fremja framlegget um ei ålmengjering]*

av regelen um búplikt, og syner til at ho ikkje er teksti med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegni. Det ligg i alle høve, etter fondsstyret si meinings, ikkje fyre endra tilhøve som gjev ei skriffesting av denna fyresegni heimel til umskiping etter § 35. Sjå seinar kva fondsstyret uttalar.]

6.9. Fjerning av uppløysingfyresegni vedkomande instituttet Halldorsbu

Fondsstyret reiste i høyningsrundene spørsmål til vallagi um kva ein skulde gjera med fondsmidelen um alle vallagi vart uppløyste. Den noverande fyresegni let seg ikkje etterleva, då Instituttet Halldorsbu ikkje finst og aldri vart ein realitet. Instituttet Halldorsbu skulde vera på heimplassen til Opedal, men Opedal sette i testamentet sitt upp eit nyt fond som skulde frå alle midlane som Opedal etterlot seg. Det var gjeve sume fyrsegner um serrettar for slekt ved sal av eigedomen hans. Testamentet er sett upp mange år etter denna fondsfyresegni, og ein kann difor ganga ut i frå at Opedal sjølv hadde late tanken um eit institutt på Bibelhaug fara.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 6:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyrsegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyrsegnerne som her er sette upp.

Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nyt lag som stettar kravi å dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyrsegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi å fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at oppnevningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styremenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt frå byen.

[Dei two siste bokane i § 6 vart sende ut på høyring etter initiativ frå styreformannen]

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 6

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med svar. Vestmannalaget hev ingen merknader til andre framlegg til brigde enn oppløysingsframlegget. Vestmannalaget gjeng primært i mot ei endring, men vil stydja ein fyresegns um at ein kulturinstitasjon i Ullensvang fær fondsmidelen ved oppløsing, jfr. brev dagsett 10. oktober 2003:

Vedtektsendringar bør ikkje vera i strid med Opedals eigne ynske – slik dei vart utforma i dei upphavlege fyrsegnerne og i dei rettleidningsskriv han sende til fondet. Uppløysingsreglen i § 6 bør difor stå ved lag – event. endrast slik at ein annan kulturinnstitasjon i Ullensvang vert mottakar av fondsmidlane i fal fondet skulde verta uppløyst.

Noregs Mållag (NM) hev meldt fylgjande:

§ 6: Ingen merknader til endringsframlegg i avsnitt 1, 2, 3, 4 og 5. Når det gjeld avsnitt 6 vert NM sitt framlegg: "Fondet har sitt sete i Bergen." Resten av endringsframlegget fell bort.

Avsnitt 7 får denne ordlyden: "Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøtei vert halde i Bergen. Like eins at vallagi møter med styremenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt frå byen".

Avsnittet: "Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyrsegnerne for dette fondet burt." Vert erstatta med: "Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål. Um dette skulle henda, fell fondsfyresegnerne for dette fondet burt."

Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

Ivar Aasen-sambandet ynskjer at pengane til fondet under alle umstende skal nyttast til målsaki. Sambandet meiner difor at ei ev. opplysing bør skipast slik til at pengane kjem norsk målreising til gode, sekundært at pengane vert nytta til noko av det arbeidet Opdal stod for. Me vil soleis i utgangspunktet ynskja at fondsstyret kjem fram til ein målsamskipnad som kann taka yver pengane. Ivar Aasen-sambandet hev ingi handfaste framlegg i den samanhengen.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til å skriftsfesta ein regel um sæte i fyresegnene, med etterhald um at ein må kunna flytja sætet utan å måtta nytta umskipingfyresegnene i stiftingslogi.

I næst siste avsnittet vil Noregs Mållag strjuka framlegget um at fondet kann hava sæte andre stader på Vestlandet enn Bergen. Til innspelet frå Norges Mållag vil Ivar Aasen-sambandet strika under at Opdal var klår på at fondet var landsdekkjande, men at Vestlandet var utgangsstad for fondsarbeidet. Når Bergen er nemnt serleg, var det av praktiske grunnar den gongen. Det som var yverordna for Opdal, var at styringsutlogone ikkje i for stor elder urimeleg mun skulde ganga til å dekkja reiseutlogor. Plasseringi av fondet må avgjerast ut ifrå kva som kjem til å halda styringsutlogone nede.

Ivar Aasen-sambandet styd ikkje framlegget um at styremenn i Opedalsfondet bør vera busette i Bergen, med di fondet er eit landsfemnande fond. Ivar Aasen-sambandet vil etter ein gong få peika på at hovudtanken attum regelen som Opdal sette upp, er låge styringsutlogor – ikkje å gjera Bergen til hovudsæte.

Eit geografiskt påbod og ei einsretting av bustad for styremennene knytte til Bergen, gjer det uråd for mange gode målfolk å sitja i fondet. Det er verdt å merkja seg at det er på Vestlandet *utanfyre* Bergen at målsaki stend sterkest. Det er òg her Noregs Mållag stend sterkest. Det er soleis med undring me les innspelet frå Noregs Mållag der dei eintydigt vil slå fast at styremenn skal vera busette i Bergen. Det ligg ikkje fyre nokor grunngjeving for dette framlegget, og me tykkjer at det er gode argument som talar imot det.

Tilleggsmerknad

Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):

«Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei nye fyresegnene. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei får spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styremenn yver til dei andre vallagi.»

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande:

Klargjering av tilleggi frå Opdal, jfr. § 6:

VM er samde i dei synsmåtane som fondsstyret fremjer i brevet dagsett 14. november 2002. VM er glade for at fondsstyret hev teke initiativ til å klårgjera dei ymse tilleggi som det er operera med i § 6. VM styd dei brigdi som er gjorde, sjå likevel punktet um styringsutlogone og bupliki for styremennene.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 9. september 2003.

Presiseringa av umgrevsbruken, styremann:

VM er samde i at det diverre hev vorten ein ukultur med å rekna styremannen sin som målmann for sitt vallag. VM meiner difor at det er turvande å få presisert den uavhengige rolla til fondet og fondsstyret, og at dette millom anna vert gjort med å byta ut umgrep som målmann med umgrevet styremann.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Vallag – nye lag?

VM ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opdal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meinингi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meininger vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ikkje. Det var alt då Halldor O. Opdal sette upp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag hadde var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styremann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides i mot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko i mot at andre samskipnader vert gjeven valrett.

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrerer at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettlege spursmåli som ligg til grunn for usemjø. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for oppnemningi. VM er samde i at det lyt

vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til oppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fylresegner i fondsfylresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt mælda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fylresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fylresegnene. Ut frå samtaLEN med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka opp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Verknaden av burtvising, uppløsing og sjølvvald attendetrekking av valretten:

VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfylresegn.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:

VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfylresegni. VM ser ikkje heilt at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjort framlegg um. VM er òg uroa yver den innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opdal skipa eit landsfemnande fond, ikkje eit fond for Bergen med umland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfylresegni frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at deå fondsfylresegni vart fastsett 29. desember 1971 var hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidig då var rimelegast å møtat i Bergen. At miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 var kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet åt Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lengre eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfylresegni, utan at styret slepp ganga vegan um umskipping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:

VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimeleg nivå. Det er ingen som er usamde i at fondet held låge styringsutlogor. Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastset ein slik regel i fondsfylresegni.

Buregel for styremennene:

Halldor O. Opdal ynskte at "målfondet" hans skulde vera eit landsfemnande fond i motsetnad til det ålmennene fondet han skipa lokalt. Det vil difor kokje vera i hans meining eller turvande å vedtektsfesta ei slik plikt som fondsstyret gjer framlegg um, når det kjem med framlegg um at styremennene lyt bu i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Hovudintensjonen frå Halldor O. Opdal med tillegget var, etter VM si meining, ikkje å fastsetja Bergen som møtestad med å gjera ferdakostnadene låge – ut frå stoda slik ho var på det tidspunktet fondsfylresegni vart sett upp i 1971. Regelen er difor taktisk, ikkje prinsipiell.

Ein slik regel kann etter umstendi – i dag – misbrukast til å gjera fondet til eit "Bergensfond" – noko som det ikkje finst grunnlag for hjå Halldor O. Opdal.

VM styd difor ikkje ei vedtektsfestning av slik buplikt.

Instituttet Halldorsbu:

VM registrerar med undring påstandane frå Vestmannalaget at fondsstyret krenkjer vilja til Halldor O. Opdal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fylresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opdal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktatarar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette opp reglar um at sleki hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspel frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløsing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløsing av alle vallagi bør gjevest til det andre fondet som Opdal skipa.

FONDSSTYRET UTTALAR FYLGJANDE UM § 6:

Utsegne er henta frå styremøtet den 19. oktober 2003, med tillegg [] som er tilføyd av formannen.

6.1. Rettsleg status av "tilleggi" frå Opdal til fondsfylresegni

[Fondsstyret ynskjer å klårgjera kva for tillegg som skal hava beinveges rettsverknad – og dimed vera med i fondsfylresegni – og kva for tillegg som skal vera rettleidande – dimed ikkje vedtektsfestast. Det er uvisst um dessa i realiteten vart fastsett alt på skipingsmøtet, då det er sume tilvisingar i uppritet frå skipingsmøtet i midten av 1970-talet. Fondsstyret hev langt til grunn den mest vanlege utvalet av tillegg i framlegget sitt, og ingen av høyringsinstansane hev kome med merknader til detta. Fondsstyret legg difor til grunn at ein skal nytta den mest vanlege utgåva av fondsfylresegni som er vorten nytta etter skipingsmøtet.]

6.2. Presiseringa av umgripsbruken; styremann

[Fondsstyret meiner det er uheldig at ein hev ein umgripsbruk i fondsfyresegni som opnar for ei mistolkning av rolla til medlemene i fondsstyret. Det er rettsleg skilnad på styresmann og målsmann. Halldor O. Opedal hev sjølv i størst munn nytta styresmann, men det er i § 6 òg nytta umgripet "målsmann". Fondsstyret hev ikkje fenge nokon attendemelding på at ein er usamde med at det uheldig med denna umgripsbruken, og fondsstyret fremjar difor framlegg um å gjenomføra ein konsekvent bruk av umgripet "styresmann" i fondsfyresegni.]

6.3. Utpeiking av nye vallag

[Fondsstyret tok upp i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 spursmålet um ein skulde peika ut nye vallag, attåt dei noverande eller i staden for til døms Vestlandske Mållag. Fondsstyret hev etter styremøtet den 19. oktober 2003 fenge søknad um å verta vallag frå Hognorsk student- og elevmållag. Fondsstyret hev soleides ikkje dryft detta spursmålet. Spursmålet lyt i alle høve ut på høyring. Formannen sit med inntrykk av at det var stemning på fondsstyremøtet å utsetja alle spursmål vedkomande fondsfyresegni som ikkje alt var ferdugdryft – til søknaden um dessa framleggi til brigde var fyrehava av Fylkesmannen i Hordaland.]

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Vestmannalaget [og Noregs Mållag] hev ingen merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Ivar Aasen-sambandet hadde munnleg kome med framlegg um ein seksmånadersfrest for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Fondsstyret sluttar seg til dette framlegget.

[Tillegg: Formannen legg til at det vart synt til liknande fyresegni i lutlagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der lyteigarar m.fl. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan kort frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål vert det sett på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingspliki som ein her fremjer andsynes vallagi gjeld berre den rolla dei hev som som lag med rett til å peika ut styresmenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denna fyresegni å få rydja burt tvistar um valrett og kven som kann møta i fondsstyret m.m. innan rimeleg tid, det vil segja at me pålegg uppnemnarlag som er usamde med vedtak i fondsstyret/fylkesmannen (stiftingstilsynet) å reisa seg eller å leggja usemja burt. Ein ser at sume (delar av) vallagi p.t. ikkje hev akseptera vedtak kring kven som kann møta i fondsstyret som vart gjort sumaren 2000, utan at saki er fremd for rette instansar (reist sak for domstolane). Fondsstyret meiner til liks med Ivar Aasen-sambandet at ein ikkje kann halda fram soleides. Slike tvistar fører til uro og uvisse både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skylnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knytte til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnd yver.]

6.5. Rettsleg verknaden av burtvising, uppløysing og attendetrekking av valretten

Halldor O. Opedal sette ut reglar for burtvising og friviljug attendetrekking av valretten, utan at den rettslege verknaden for styresmannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opedal sette i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyrigninstansane på ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gåvebrevet som er teken med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev vald å sokja um at detta tilegget vert teken med i fondsfyresegni..

6.6. Fastsetjing av stad for setet for fondet

Vestmannalaget hev ingi merknader til framleggi til brigde i § 6. Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet studde framlegget til å skriftfesta ein regel um sæte i fyresegni, på etterhald um at ein kunde flytta sætet utan å måtta nytta umskippingfyresegnene i stiftingslogi. I nestsistte avsnitt vil Noregs Mållag stryka framlegget um at fondet kann ha sæte andre stader på Vestlandet enn Bergen.

Fondsstyret sluttar seg til innspelet frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Til innspelet frå Norges Mållag vil fondsstyret understreka at Opedal var klår på at fondet var landsdekkjande og at Vestlandet var utgangsstad for fondsarbeidet når Bergen er nemnt serleg var det av praktiske årsaker nett på den tidi. Det som er yverordna for Opedal er at styringsutlogone ikkje i for stor eller urimeleg grad skal gå til å dekkja reiseutlegg. Plassering til fondet må avgjera utfrå kva som vil halda styringsutlogone nede ikkje utfrå kvar fondet held hus. Fondsstyret held uppe framlegget sitt – som heilskap. Dersom ein ynskjer å stryka den andre setningi i avsnittet, vil fondsstyret trekkja heile avsnittet.

6.7. Fastsetjing av ein regel um rimelege styringsutlogone

[Halldor O. Opedal hev i sume skriv sett opp eit tillegg der styringsutlogene ser umtala, tillegget hev uklår rettsleg status. Detta tillegget finn ein ikkje i den mest vanlege fondsfyresegni. Fondsstyret kann ikkje sjå at regelen er turvande, då fondet nyttar relativt små kostnader til administrasjon og det hev vore tilfelle i mange år. Det ligg i alle høve, etter fondsstyret si meinинг, ikkje fyre endra tilhøve som gjev ei skriftfestning av denna]

fyresegni heimel til umskiping etter § 35. Fondsstyret fremjer difor ikkje framlegg um å taka med detta tillegget i fondsfyresegni, tilsvarande reglar finst alt i loggeveingi um stiftingar. Denna fyresegni vart heller ikkje teken med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegne.]

6.8. Regel um ”buplikt” for styresmennene

Ved ein feil hev formannen sendt ut eit tillegg til fyresegne som fondsstyret ikkje hadde gjort framlegg um. Vestmannalaget hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag hev munnleg meldt at dei ikkje stod framlegget, av di fondet er eit landsfemnande fond. Ivar Aasen-sambandet peikar òg på at hovudtanken attum regelen som Opdal sette opp er låge styringskostnader – ikkje å gjera Bergen til hovudsæte. Det gjeld siste avsnitt i paragraf 6. Her hadde Noregs Mållag fylgjande framlegg til ordlyd: ”Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a at styremøti vert haldne i Bergen. Like eins at vallagi møter med styresmann og varamann som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen”.

Fondsstyret meiner at å binda fondet meir einsidig upp til Bergen ikkje er i samsvar med Opdalens tankar med fondet. Opdal nytta ordleidning bør, og han opna for at fondet kunde samlast ulike stader på Vestlandet. Bergen er ikkje noko nynorskby, medan bygdene, kommunane og fylki umkring byen hev ei sterk tilknyting til nynorsken. Å avgrensa aksjonsradiusen til fondet til sjølve byen vert for snevert.

Eit geografisk påbod og ei einsretting av bustad for styresmennene knytt til Bergen, vil gjera det uråd for mange gode målfolk å sitja i fondet. Det er verd å merka seg at det er på Vestlandet utanfor Bergen at målsaki stend sterkest. Det er òg her Noregs Mållag stend sterkest. Det er soleis med undring at me les innspelet frå Noregs Mållag. Det ligg ikkje fyre nokor grunngjeving for dette framlegget, og me tykkjer at det er gode argument som talar mot det.

6.9. Fjerning av uppløysingfyresegni vedkomande instituttet Halldorsbu

Fondsstyret hev ikkje uttala noko um kva som skal skje med eiga til fondet dersom fondet vert uppløyst. Fondsstyret bad i høyringsbrevi um framlegg til løysing av dette spørsmålet frå vallagi. Vestmannalaget ynskjer primært ikkje å gjera endring, sekundært ynskjer det at eiga skal gjevest til kulturelt arbeid i Ullensvang kommune. Noregs Mållag meiner at pengane kann gå inn i det ålmennytige fondet til Opdal som er styrd frå Ullensvang. Fondsstyret sluttar seg til framlegget frå Noregs Mållag. [Tillegg frå formannen: Det vart millom annan peika på at eigedomen Bibelhaug vart yverlate til det ålmennytige fondet som Opdal skipa til, det er soleides ikkje urimelegt å tilleggia Opdal den meinингi at detta fondet burde taka yver fondsmidelen ved uppløsing av målfondet. Detta fondet ber òg skiparen sitt namn]

VEDTAK FRA FONDSSTYRET UM § 6:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lag. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lag som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fekk spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som det ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lag.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi å dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei to vedtaki um at laget er

vist burt vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter at uppnevningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

ANDRE FRAMLEGG OG INNSPEL I SAMBAND MED HØYRINGSRUNDANE

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmene slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmar og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styresmenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg men viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet den 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret tykkjer dette framlegget ev. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styresmennar sit saman i fire år kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år vil det fort føra til at lag i vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkt til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskild lag.

[Umgripsbruken fleirtal er noko misvisande. Det var two for framlegget – formannen og næstformannen – men alle var semde um å ikkje gje røysting av framlegget, då det ikkje låg fyr ein endeleg ordljod.]

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPELEG FONDSFYRESEGN

Fondsstyret gjorde på styremøtet den 19. oktober 2003 vedtak um fylgjande framlegg til ny heilskapeleg fondsfyresegn på bakgrunn av vedtaki um framlegg um umskiping i dei einskilde paragrafane:

§1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsomt um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§2

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmaiki um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styremenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styremannen og/eller um kven som er vald til styremann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjera ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærmere avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.

§4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastsett rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nyt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nyt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller

eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å brukar nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fekk spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som det ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi å fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennnyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

SLUTTORD

Fondsstyret hev gjennomförd ei grundig utgreiding og høyring um framleggi til nye fyresegner i fondsfyresegni. Det hev vore send ut fire høyrbrev. Det fyrste vart send 14. november 2002 og det siste vart send 12. september 2003. Alle som elles ynskjer å koma med merknader og innspel er òg høyrd i den grad merknadene og innspeli er sende oss.

Fondsstyret meiner difor i samhøve med det som vart dryft med Fylkesmannen sumaren og hausten 2000 at det no er gjenoført ei høyring som stettar kravi i stiftingslogi.

Som ein kann sjå er dei konkrete framleggi frå fondsstyret lite kontroversielle, og dei merknadne som er komne er stort sett positive. Det hev som nemnd i innleidingi vore strid kring mange tilhøve, men det gjeld altso ikkje dei framleggi som her er presenterte.

Det er som ein vil sjå i høyrings brevi mykje som hev endra seg frå Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni i 1971, mange av framleggi til brigde er yvermogne. Fondsstyret gjer til dømes no framlegg til å gjenomføra dei reglane um fastsetjing av rekneskapane og val av ettersynsmann som burde hava vore gjort i byrjingi av 1980-åri.

Fondsstyret trur med tilslutnad frå mesta alle vallagi at det er ein fyremun for alle at framleggi til brigde vert fyrehava fyrr vallagi skal velja nye styremenn. Mange hev peika på at stirden i stor mun hev vore korleides ein skal tolke fondsfyresegni, og med dei framleggi som me no hev sende inn, er tolkingstvistane nok løyste for denna gongen.

Fondsstyret bed difor um at Fylkesmannen ser på saki so snøgt som råd og helst i lag med dei andre klagemåli som er fremja.

Vensam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Dag Hagen Berg
- formann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 9. november 2003.

Til:

Vallagi til fondsstyret
Styremennene i fondsstyret

Høyringsrunde nr. 2

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking bed um innspel og merknader til dei upptaki til umskipingar som er gjorde og som no er til vurdering å gjera i fondsfyresegni til fondet.

Umskipingar er brigde av fondsfyresegner. Det er etter stiftinglogi Kongen som kann umskipa fondsfyresegner, jfr. § 32. Denna retten er delegera vidare til Fylkesmannen, i vårt tilfelle Fylkesmannen i Hordaland.

Det er berre skiparen og fondsstyret som kann søkja um umskipingar, jfr. § 33.

Fyr søknaden vert send, skal det hentast inn innspel og merknader ("uttalelser") frå organisasjonar og andre som umskipingsspursmålet vedkjem.

I samhøve med og i medhald av stiftingslogi bed fondsstyret um innspel og merknader på framleggi til brigde i fondsfyresegni som ligg til vurdering og på dei two brigdi der endeleg tekst ikkje hev vore send ut på høyring fyr.

Høyringsfresten er sett til 10. desember 2003.

Det hev vore ein høyringsrunde med i alt fire høyringsbrev. Det er no kome svar frå alle vallagi, so nær som frå Norsk Måldyrkingslag. Fondstyret fekk i dessa svari sume innspel som lyt dryftast vidare fyr ein eventuelt søker um umskiping av vedkomande fyresegn i fondsfyresegni.

Det er fylgjande tema, med tanke på nye vedtak um brigde og med det ny søknad um umskipingar i tillegg til dei som hende i samband med høyringsrunde nr. 1:

● Turnusskipnad

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn som slær fast at styremennene vert valde for fire år, men at ikkje alle fem styremennene vert bytte ut samstundes slik som no.

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmene slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmar og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styremenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafer i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret tykkjer dette framlegget evt. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styremennene sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år, vil det fort føra til at laget vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkt til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

- Utpeiking av nye vallag?

Fondsstyret skreiv i høyringsbrev nr. 1, frå 14. november 2002 fylgjande um spursmålet:

Vallag

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmennar. Andre hev reist temaet utan umsyn til Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet å Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spursmålet.

Det kom berre innspel frå Vestlandske Mållag, som melde fylgjande:

Vallag – nye lag?

VM ser at fondstyret drystrar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opdal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fæ medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opdal sette opp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styremann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides imot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre samskipnader vert gjeven valrett.

Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uehdig for eit landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen.

Det er òg eit spursmål um ein skal vraka vallag eller å auka talet på vallag. Eitt vallag meir vil føra til at talet på vallag vert seks (partal), eller skal ein velja inn two vallag for å få eit samla tal på sju (oddetal). Formannen legg vekt på at samla tal på vallag lyt vera oddetal, ikkje partal.

Formannen meiner at det er dei ideologiske aspekti som tel mest ved vurderingi av spursmålet um vraking og/eller nyval av vallag. Det vil segja um gamle eller nye lag fremjar fyremålet som Halldor O. Opedal sette for fondet, jfr. § 1.

På styremøtet 19. oktober vart ikkje spursmålet dryft, men etter detta styremøtet er det kome ein søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Søknaden frå Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld Høgnorskringen hev samskipnaden funnest nokre år og er velkjend i målrørsla. Nærare informasjon ligg godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer eller treng meir informasjon um dessa lagi, kann kontakta formannen eller skrivaren i fondsstyret.

Det er difor ynskje um utsegner um spursmål um (1) ein skal velja inn nye lag berre um ein vrakar eitt noverande vallag, (2) ein kann taka inn nytt/nye vallag attåt dei som er med no, (3) det samla talet på vallag kann vera partal, og (4) kva grunnlag vurderingi skal gjerast på.

ANDRE TILHØVE SOM FONDSSTYRET YNSKJER Å VITRA UM OG FÅ INN MERKNADER TIL

Fondsstyret sende i samband med den første høyringsrunde ut framlegg um umskiping som fondsstyret no etter høyringsrundane, kunne ha vore formulera på ein betre måte og som ein med stor fyremun kunde gjera tillegg til. Detta gjeld millom anna:

- Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn og frest på seks månader for å reisa sak ved usemjå i vedtak um umskipingar

Fondsstyret vedtok etter høyringsrundane å hemgja på ei fyresegn i framlegget til brigde som set ein frest for å protestera (fremja søksmål) ved umskipingar, til seks månader. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande:

Vallagi lyt ved første nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett opp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Fondsstyret fekk i den første høyringsrunden inn fylgjande merknad frå Ivar Aasen-sambandet um innføring av krav um tilslutnadsfråsegn:

Tilleggsmerknad

Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):

«Vallagi lyt ved første nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei nye fyresegnene. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei får spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styremenn yver til dei andre vallagi.»

Vestlandske Mållag melde fylgjande:

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettslege spørsmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for oppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til oppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt mælda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalet med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Fondsstyret syner til at det ikkje hev kome motseigner til ei slik tilslutnadsfråsegn frå vallagi. Fondsstyret peikar òg på uro som hev vore dei siste åri, og syner til høyringsinnspelet frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Når det gjeld skyldnaden til å reisa sak um umskipingar som vallagi ikkje er samde i vert det synt til liknande fyresegni i lutlagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der det stend at luteigarar o.a. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan stutt frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål, vert det sét på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingspliki som ein hev fremjar andsynes vallagi, gjeld berre den rolla dei hev som lag med rett til å peika ut styremenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denne fyresegni å få rutt burt tvistar um fondsfyresegni. Vallagi før anten segja seg samde eller reisa sak um dei er usamde med umskipingar.

Tvistar fører til uro og uvissa både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skyldnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knyttne til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnt framanfor. I tillegg til tilvisingi til log um lutlag kann ein òg syna til ei onnor parallel ordning, jfr. den retten offentlege styremakter hev til å setja ein frest på seks månader med å reisa søksmål ved usemja med forvaltningsvedtak, jfr. tvistemålslogi § 437 andre lekken. Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003, med tillegg [] frå formannen:

Vestmannalaget [og Noregs Mållag] hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Ivar Aasen-sambandet hadde munnleg kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Fondsstyret slutta seg til dette framlegget.

Fondsstyret registrerer at ingi vallag hev mælt mot seg mot tilslutnadsregelen principielt og ingi vallag ynskjer å rescrvera seg sjølv mot ei slik plikt.

Når det gjeld tilhøve millom den tvungne tvisteløysingordningi i § 3 og søksmålsfresten i § 6, uttala fondsstyret fylgjande:

Det er viktigt å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest. jfr. § 6. sjå seinare [her i brevet nemnt framanfor]. Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som eller som fylgja av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløysing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfsførehaving som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spørsmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styremann.

Fondsstyret vedtok å søkja um fylgjande umskiping (tillegg til eksisterande tekst):

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Fondsstyret vedtok òg etter høyringsrundane å koma med ei onnor formulering um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande tekst:

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret uttala etter høyringsrundane fylgjande, jfr. søkeren til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.5. Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Halldor O. Opdal sette upp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styremannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opdal la fram i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyringsinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gåvebrevet som er teke med i den mest brukta utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styremann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styremannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styremenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rettare å nytta ordi – etter at styremannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styremannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.


Fondsstyret vedtok difor fylgjande tekst um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valrettén (tillegg til gjeldande tekst):

Styremann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styremann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styremann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremann som er vald frå eit lag som – etter styremannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret bed um at merknader til detta høyringsbrevet vert sende innan 10. desember 2003.

Fondsstyret gjer merksam på at vantande attendemelding vert rekna som tilslutnad til framleggi til brigde som det er gjort upptak til, eller som er nemnde i detta brevet som mogelege brigde i fondsfyresegni.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg: Framlegg til ny fondsfyresegn
Søknad um valrett til fondsstyret frå Høgnorsk student- og elevmållag
Årsmelding frå Høgnorskringen

Avprent er sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål	Postboks 35	5787	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Littlere	Fjøsangervegen 57	5054	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Mona Stormark	Lægdesvingen 20	5096	BERGEN
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrassen 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO
Kjell Kjerland	Røynstrandvegen 17	5736	GRANVIN

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 9. november 2003.

Til:

Vallagi til fondsstyret
Styremennene i fondsstyret

Høyringsrunde nr. 2

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking bed um innspel og merknader til dei upptaki til umskipingar som er gjorde og som no er til vurdering å gjea i fondsfyresegni til fondet.

Umskipingar er brigde av fondsfyresegner. Det er etter stiftinglogi Kongen som kann umskipa fondsfyresegner, jfr. § 32. Denna retten er delegera vidare til Fylkesmannen, i vårt tilfelle Fylkesmannen i Hordaland.

Det er berre skiparen og fondsstyret som kann søkja um umskipingar, jfr. § 33.

Fyrr søknaden vert send, skal det hentast inn innspel og merknader ("uttalelser") frå organisasjonar og andre som umskipingsspursmålet vedkjem.

I samhøve med og i medhald av stiftingslogi bed fondsstyret um innspel og merknader på framleggi til brigde i fondsfyresegni som ligg til vurdering og på dei two brigdi der endeleg tekst ikkje hev vore send ut på høyring fyrr.

Høyringsfresten er sett til 10. desember 2003.

Det hev vore ein høyringsrunde med i alt fire høyringsbrev. Det er no kome svar frå alle vallagi, so nær som frå Norsk Måldyrkingslag. Fondstyret fekk i dessa svari sume innspel som lyt dryftast vidare fyrr ein eventuelt søker um umskiping av vedkomande fyresegn i fondsfyresegni.

Det er fylgjande tema, med tanke på nye vedtak um brigde og med det ny søkerad um umskipingar i tillegg til dei som hende i samband med høyringsrunde nr. 1:

- Turnusskipnad

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn som slær fast at styremennene vert valde for fire år, men at ikkje alle fem styremennene vert bytte ut samstundes slik som no.

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmene slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmar og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styremenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret tykkjer dette framlegget evt. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styremennene sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år, vil det fort føra til at laget vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

• Utpeiking av nye vallag?

Fondsstyret skreiv i høyringsbrev nr. 1, frå 14. november 2002 fylgjande um spørsmålet:

Vallag

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmennar. Andre hev reist spørsmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spørsmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet åt Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spørsmålet.

Det kom berre innspel frå Vestlandske Mållag, som melde fylgjande:

Vallag – nye lag?

VM ser at fondstyret drystrar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opdal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spørsmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjer som skal avgjera spørsmålet um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opdal sette opp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styremann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides imot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre samskipnader vert gjeven valrett.

Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera ueheldig for eit landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen.

Det er òg eit spørsmål um ein skal vraka vallag eller å auka talet på vallag. Eitt vallag meir vil føra til at talet på vallag vert seks (partal), eller skal ein velja inn two vallag for å få eit samla tal på sju (oddetal). Formannen legg vekt på at samla tal på vallag lyt vera oddetal, ikkje partal.

Formannen meiner at det er dei ideologiske aspekti som tel mest ved vurderingi av spursmålet um vraking og/eller nyval av vallag. Det vil segja um gamle eller nye lag fremjar fyremålet som Halldor O. Opdal sette for fondet, jfr. § 1.

På styremøtet 19. oktober vart ikkje spursmålet dryft, men etter detta styremøtet er det kome ein søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Søknaden frå Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld Høgnorskringen hev samskipnaden funnest nokre år og er velkjend i målrørsla. Nærare informasjon ligg godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer eller treng meir informasjon um dessa lagi, kann kontakta formannen eller skrivaren i fondsstyret.

Det er difor ynskje um utsegner um spursmål um (1) ein skal velja inn nye lag berre um ein vrakar eitt neverande vallag, (2) ein kann taka inn nytte/nye vallag attåt dei som er med no, (3) det samla talet på vallag kann vera partal, og (4) kva grunnlag vurderingi skal gjerast på.

ANDRE TILHØVE SOM FONDSSTYRET YNSKJER Å VITRA UM OG FÅ INN MERKNADER TIL

Fondsstyret sende i samband med den fyrste høyringsrunde ut framlegg um umskiping som fondsstyret no etter høyringsrundane, kunne ha vore formulera på ein betre måte og som ein med stor fyremun kunde gjera tillegg til. Detta gjeld millom anna:

- Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn og frest på seks månader for å reisa sak ved usemja i vedtak um umskipingar

Fondsstyret vedtok etter høyringsrundane å hemgja på ei fyresegn i framlegget til brigde som set ein frest for å protestera (fremja søksmål) ved umskipingar, til seks månader. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande:

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett opp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Fondsstyret fekk i den fyrste høyringsrunden inn fylgjande merknad frå Ivar Aasen-sambandet um innføring av krav um tilslutnadsfråsegn:

Tilleggsmerknad

Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):

«Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei nye fyresegnene. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei får spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styremenn yver til dei andre vallagli.»

Vestlandske Mållag melde fylgjande:

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få provd legaliteten og dei rettslege spørsmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fonda vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for oppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til oppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt meldt tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalene med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Fondsstyret syner til at det ikkje hev kome motsegner til ei slik tilslutnadsfråsegn frå vallagi. Fondsstyret peikar òg på uro som hev vore dei siste åri, og syner til høyringsinnspelet frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-samsbandet. Når det gjeld skyldnaden til å reisa sak um umskipingar som vallagi ikkje er samde i vert det synt til liknande fyresegn i lutlagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der det stend at luteigarar o.a. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan stutt frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål, vert det sét på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingspliki som ein her fremjar andsynes vallagi, gjeld berre den rolla dei hev som lag med rett til å peika ut styremenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denna fyresegni å få rudd burt tvistar um fondsfyresegni. Vallagi før anten segja seg samde eller reisa sak um dei er usamde med umskipingar.

Tvistar fører til uro og uvissu både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skyldnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knytte til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnt framfor. I tillegg til tilvisingi til log um lutlag kann ein òg syna til ei onnor parallel ordning, jfr. den retten offentlege styremakter hev til å setja ein frest på seks månader med å reisa søksmål ved usemja med forvaltningsvedtak, jfr. tvistemålslogi § 437 andre lekken. Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003, med tillegg [] frå formannen:

Vestmannalaget [og Noregs Mållag] hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-samsbandet og Vestlandske Mållag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Ivar Aasen-samsbandet hadde munnleg kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fonnet i mange år frametter. Fondsstyret slutta seg til dette framlegget.

Fondsstyret registrerer at ingi vallag hev mælt mot seg mot tilslutnadsregelen principielt og ingi vallag ynskjer å reservera seg sjølv mot ei slik plikt.

Når det gjeld tilhøve millom den tvungne tvisteløysingordningi i § 3 og søksmålsfresten i § 6, uttala fondsstyret fylgjande:

Det er viktig å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest, jfr. § 6, sjå seinare [her i brevet nemnt framfor]. Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som eller som fylgja av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløysing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfsfrehaving som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spørsmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styremann.

Fondsstyret vedtok å søkja um fylgjande umskiping (tillegg til eksisterande tekst):

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til a velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei får spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Fondsstyret vedtok òg etter høyringsrundane å koma med ei onnor formulering um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande tekst:

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret uttala etter høyringsrundane fylgjande, jfr. søkeren til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.5. Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Halldor O. Opdal sette opp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styremannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opdal la fram i gávebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyringsinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gávebrevet som er teke med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styremann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styremannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styremenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rittare å nytta ordi – etter at styremannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styremannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.

Fondsstyret vedtok difor fylgjande tekst um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valrettén (tillegg til gjeldande tekst):

Styremann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styremann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styremann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremann som er vald frå eit lag som – etter styremannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret bed um at merknader til detta høyringsbrevet vert sende innan 10. desember 2003.

Fondsstyret gjer merksam på at vantande attendemelding vert rekna som tilslutnad til framleggi til brigde som det er gjort upptak til, eller som er nemnde i detta brevet som mogelege brigde i fondsfyresegni.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking


Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg: Framlegg til ny fondsfyresegn
Søknad um valrett til fondsstyret frå Høgnorsk student- og elevmållag
Årsmelding frå Høgnorskringen

Avprent er sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennytige føremål	Postboks 35	5787	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Littlere	Fjøsangervegen 57	5054	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Mona Stormark	Lægdesvingen 20	5096	BERGEN
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Bindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Johan Forsmo	Ostadsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO
Kjell Kjerland	Røynstrandvegen 17	5736	GRANVIN



*Halldor O. Opedal sitt fond
for ålmennyttige føremål*

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

Fylgjeskriv

Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål har fått tilsendt høyringsdokument som gjeld brigde av føresegnene for Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

Styret handsama saka i møte 02.12.03 og gjode slikt vedtak:

Sak 10/03 Innspel og merknader til brigde av fondsføresegner

Oddmund Hus la fram eit framlegg til drøfting. Styret gjekk gjennom merknadane og gjode nokre små endringar.

Vedtak: Styret godkjenner merknader og innspel til brigde av føresegnene slik det går fram av vedlegget. Vedlegget vert å senda Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

Lofthus 05.12.03

Med helsing
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål

Gjerd Ullenvang Jacobsen (s)



Kjellaug Holm

Vedlegg: Fråsegn



Halldor O. Opedal sitt fond for almennnyttige føremål

Uttale om fyresegne for Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

Underskrivne nestformann i H.O.Opedal sitt fond for almennnyttige føremål er beden om å skriva ein merknad til dei dokumenta fondet har fått tilsendt i samband med framlegg til nye fyresegner for Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fondsstyret har fått tilsendt dette tidlegare òg, men fann ikkje grunn til å senda inn merknader då.

Men sidan både styringsstaden og opplysing av fondet er drege inn, har me funne grunn til å koma med ein del merknader denne gongen.

Den fyrste tanken som slo meg då eg las gjennom framlegget, er at det inneheld altfor mange formuleringar som kan gje grunnlag for unyttig usemje om det eg ser som heilt uvesentleg i høve til den store oppgåva fondet har fenge å forvalta. Eg har prøvt å føreslå nokre slike forenklingar i teksten, og eg meiner at det let seg gjera å få det endå enklare utan at det kjem i strid med ervebrevet til Halldor O. Opedal; det vil alltid ligga der som ei rettesnor for styringi av fondet.

Så til sjølve framlegget som eg legg fram for styret i Halldor O. Opedal sitt fond for almennnyttige føremål.

Fråsegn.

For å skilja mellom uttrykka (norsk) lov og fyresegn vil ein råd til at Fondet vert styrt etter *fyresegner* og fyresegne bør difor ha pkt. og ikkje paragrafar.

§ 2 (Pkt. 2). siste setning bør heita: Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med *fyresegne for fondet*.

§ 3 (Pkt.3). Fyrste setning i andre lekken bør heita:

Fondsstyret vel sjølv formann, varaformann (varamann er noko anna) *og skrivar.* (Skrivaren er nemnd i §4, men eg meiner at skrivaren må vera styresmann).

Den siste setninga bør heita: Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn 12 år og kan ikkje veljast etter fylte 71 år.

Twistemål om eit lag sin rett til å sitja i fondsstyret, må avgjerast innbyrdes i det laget som har rett til å velja styremenn. Om turvande kan fondsstyret krevja at eit slikt twistemål må avgjerast med skilsmålsdom. (Fondet bør stå utanfor ei eventuell innbyrdes usemje i eit lag).


§ 4. Fyrste setning bør heita: *Styret skal syta for rekneskapsførar og offentleg ettersyn (revisjon).*

Setningi "Styret har signatur i lag" bør gå ut. Kva tyder det eigentleg? Formannen må ha den tillit at han skriv under for fondsstyret.

Siste setning er ikkje klår nok og bør gå ut. Det må klara seg at formannen og skrivaren (som har sete i fondsstyret) har prokura.

Like eins må det vera skrivaren si oppgåve å referera styremøta og setja opp årsmelding for styret.

Lagi må sjølvsagt ha lov til å senda sine merknader både til årsmelding og rekneskap, men slike merknader må berre få fylgjer for seinare år. Styret har gjennom val fått lagi sin tillit til å vedtaka både rekneskap og årsmelding. Merknader frå lagi må gjerne få sin eigen bok i neste års årsmelding om styret finn det ynskeleg.



Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennnyttige føremål

Det er altfor tungvint at styringslagi skal peika ut eller godkjenna ein ettersynsmann. Ein offentleg ettersynsmann (revisor) går gjennom både årsmelding, styrevedtak og rekneskap. Dessutan kan fylkesmannen gripa inn om han finn det turvande.

Framlegg:

§ 4 (Pkt. 4): Styret skal syta for rekneskapsførar og offentleg ettersyn (revisjon). Formannen og skrivaren har prokura.

Styret fastset årsmelding og etterset(revidert) rekneskap. Årsmelding og rekneskap skal sendast til dei lagi som har rett til å velja styresmenn for fondet og til fylkesmannen innan 1.april.

§ 5 (Pkt.5):

Dette punktet må kunna gjerast meir einfeldt. Det bør ikkje vera turvande å rekna ut kva 1000 1971-kroner er verdi kvart år, og i tilfelle bør det vera i samsvar med Statistisk Sentralbyrå sin indeks for kroneverde.

Eg ville ha delt avkastingi i t.d. 20 luter og delt ut ein lut til kvar av dei lagi som har rett til å velja styresmenn til fondet. Styret for fondet vil då etla ut 15 luter til dei fyremåli som er omskrivne. Dette punktet vil då sjå slik ut:

§ 5 (Pkt. 5) Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut til folk som varveitlar eit målføre eller nynorsk på ein rein og velflidd måte, både munnleg og skrifteleg. Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Utetlingane gjeng fyre seg i bolkar på 3 år. Avkastingi vert delt i 20 -tjuge - luter. Dei lagi som har rett til å nemna ut styresmenn får kvar 1-ein- lut. Styret byter ut sine 15 - femtan - luter, slik:

- 5.1. Fyrste året gjeng styret sine luter til studiekurs, måldyrking; foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prentet kven som hev gjeve tilskotet.*
- 5.2. Andre året gjeng styre sine luter til studentar ved universitet eller høgskular for idugt arbeid for nynorsk mål. Styret kann òg gjeva påskynning til lag i bygd eller by for framifrå målarbeid.*
- 5.3. Tridje året deler styret ut sine luter med ein fjerdepart til kvar av desse: 1. Ein kringkastingsmann, 2. Ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), 3. Ein bladmann eller eit blad og 4. Ein stortingsmann, skulemann, kyrkjemann eller yrkjesmann or næringslivet.*

Det kan òg vera tale om andre personar.

I serhøve kann styret vika av frå desse reglane dersom det er i samsvar med grunntanken å fondet.

Fondet bør gjera utetlingane kjende for ålmenta med utlysing.

§6. (Pkt.6). Det er gledeleg at styret for fondet vil leggja sætet for fondet til Lofthus i Ullensvang. Det er sjølv sagt kontroversielt å la Ullensvang Herad nemna opp ein eller fleire styresmenn, men dersom det er ynskeleg å knyta fondet sterkare til Hardanger, bør det vera ei god løysing. Eg kan leggja til, og utan at eg tok opp emnet med han, at Halldor O. Opedal fleire gonger gav uttrykk for nett det. Han meinte Hardanger hadde falle utanfor i den måten fondet vart styrt på. Framlegg til



*Halldor O. Opedal sitt fond
for ålmennyttige føremål*

§6. (Pkt.6). *Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet, skal Ullensvang herad nemna upp ein styresmann, slik at styret for fondet alltid har fem styresmenn. Ein styresmann som slik gjeng ut or styret, sit i styret for den tidi han er vald. Styret kann ikkje røysta inn nye lag med styringsrett for fondet utan at dei 5 lagi som har rett til å peika ut styresmenn er samde i det.*
Fondet har sæte på Lofthus i Ullensvang.
Dersom alle lagi ynskjer å gå ut or styret for fondet eller verta oppløyste, gjeng fondsmidlane inn i ei eigi deild i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål.

2. desember 2003. Oddmund Hus.

Ingvild Nistov
Stensgata 41 D
0451 Oslo

Oslo 10/12-03

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919—Sentrum
5808 Bergen

Fråsegn i samband med høyring vedr. fondføresegna. for Halldor O. Opedals fond

Ein viser til høyringsbrev datert 10.11.03, som vart sendt skyldfolket til Halldor O. Opedal.

Underteikna vil med dette koma med fråsegn etter fullmakt frå fleire som har motteke høyringsbrevet. Desse er etterkomrarar av fem søskjen:

Ingrid Lindvik (systerdotter)
Margrethe Sofie Groven (systerdotter)
Liv Sandland (systerdotter)
Marit Stuland (brordotter)
Marita Nistov (brordotter)
Halldor Opedal (brorson)
(Underteikna er dotter til Marita Nistov).

Det er med undring vi konstaterer at skyldfolket ikkje blei tilskrivne ved første høyringsrunde. Det har blitt oss fortalt at fondstyret har den oppfatninga at skyldfolket ikkje er interessert i spørsmåla vedr. fondet, men dette er ikkje rett. Som skyldfok er vi opptekne av at Halldor.O Opedals fond blir skjøtta på ein ryddig måte.

Vi ser grunn til å kommentera følgjande punkt i det framlagte endringsforslaget:

Utpiking av nye vallag, jf §3

-Skyldfolket ser ingen grunn til å utvida talet på vallag, eller å ta inn nye lag.
Vi meiner fondføresegna på dette punktet bør stå slik ho er formulert av Halldor.O Opedal.

-Det kan likevel vera fornuftig å forandra på valordninga, slik at den blir i tråd med dagens organisasjonspraksis (jf. fråsegn frå Noregs Mållag, 13.10.03)

Sete for fondet, jf §3 og §6

Skyldfolket meiner at fondet, som i dag, bør ha sete i Bergen, og at Bergen Tingrett er heimetinget.

Oppnemning av ettersynsmann, jf, §4

Skyldfolket ser det som svært viktig at fondet har profesjonelle ettersynsmenn. Vidare, har vi forstått det slik (m.a frå presseoppslag) at det har vore mykje usemje i fondstyret, og vi meiner det bør stå i fondføresegna at ved slik usemje må ettersynsmannen utpeikast av ein nøytral instans.

Vi vonar at fondet som ber vår farbror og morbrors namn for framtida kan bli skjøtta med den vørnad Halldor O Opedal fortener.

På vegne av
Ingrid Lindvik, Margrethe Sofie Groven,
Liv Sandland, Marit Stuland, Marita Nistov og
Halldor Opedal

Ingrid Nyfør
Ingvild Nistov

Ingrid Lindvik
Sandvin Hageby 9
5210 Kalandseide

Margrethe Sofie Groven
Kviteseidvegen 470B
3850 Kviteseid

Liv Sandlanf
Jacob Alls gt 51 B
Oslo

Marit Stuland
5780 Lofthus

Marita Nistov
Motippen, 5750 Odda

Halldor Opedal
Irisveien 1
Oslo 8

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 26. juli 2003.

Til:

Styrelemene og varamennene i fondsstyret

Vallagi:

Noregs Mållag, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Norsk
Måldyrkingslag

Ad: Brigde i fyresegni åt fondet. m.m.

Påminning

Det vert synt til tidlegare tilsendt høyringsbrev, dagsett 14. november 2002. Det er ikkje kome merknader i høve til fondsstyret sine framlegg um brigde i fyresegni frå vallagi.

Formannen vil gjera vallagi merksam på at fresten for å koma med merknader og innspel var tidlegare i vår (etter utsetjing frå 12. desember 2002). Formannen vil uppmoda styri i dei vallagi som ynskjer å koma med merknader eller innspel um å senda dei inn til fondsstyret straks og seinast innan **10. august 2003**.

Det er kome innspell på ein inkonsekvens millom det som vert gjort greide for i høyringsbrevet og det som stend i det heilskafelege utkast til ny fyresegn som fylgde med høyringsbrevet. Formannen skriv i høyringsbrevet fylgjande:

Sæte

Etter den komande stiftingslogi lyt stiftingi ha eit formelt sæte. Det er soleides framlegg um å nytta Bergen som sæte.

Fyresegni um sæte kann takast inn i § 6, med fylgjande ordlyd:

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Den siste setningi er for å sleppa å søkja um umskipping berre av di ein ynskjer ei onnor tilskrift.

I det heilskafelege utkastet til ny fyresegn som fylgde med høyringsbrevet stend det i § 6 diverre berre:

Fondet har sæte i Bergen.

Formannen vil tilråda, i samsvar med tidlegare dryftingar i fondsstyret og det som det er gjort greide for i høyringsbrevet, at det vert søkt um umskipping i samsvar med ordlyden og framleggget i høyringsbrevet. Det heilskafelege utkastet til ny fyresegn vert soleides retta i samsvar med det som er nemnd yver.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 14. juli 2004.

Til:

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Ettersending søknad og andre dokument um umskiping av fondssfytresegni

Eg syner til telefonsamtala den 9. juli d.å. um søknaden um umskiping, klagemåli og årsuppgjerdi for 2003. Det vart tala um at sume dokument ikkje var komne fram eller komne burt. Eg hev no tala med skrivaren (forretningsføraren) vår, og vil ettersenda brevet frå fondet dagsett 14. januar 2004 med dei vedleggi som fondet hev (høyringssvari).

Eg vil leggja til som eit åttåtmoment at det no, etter at søknaden vart send 7. november 2003 og attendedragingi vart gjort 14. januar 2004, er vorten strid millom two fraksjonar i Ivar Aasen-sambandet. Den eine fraksjonen meiner samskipnaden er lagt ned og den andre meiner at samskipnaden ikkje er lagt ned, og hev soleides rett til å peika ut styresmann til fondsstyret og til å uttala seg um årsuppgjerdi. Detta er ein strid innetter i eit vallag, som dverre råkar striden fondet. Detta ved at det vert uklårt um det ligg fyre rett til å peika ut styresmann og i so fall kven som hev denna retten. Ei tvisteløysingsordning slik fondsstyret hev gjort framlegg um vil føra til at me fær ei orskuld innan rimeleg tid, og ikkje vert uklåre tilhøve i månader og år.

Som nemnd i brevet dagsett 14. januar 2004 hev no fondsstyret sett strek for arbeidet med fondssfytresegni – i alle fall for denna gongen.

Eg gløymde i januar i år å sette upp eit yversyn yver heilskapen yver fondssfytresegni, etter vedtaki frå 20. desember 2003. Eg hev difor i dag sett upp eit yversyn yver ulikskapane millom noverande fytresegni og korleides fondssfytresegni vert som heilskap med dei brigdi som fondsstyret gjer framlegg um, etter vedtak frå 19. oktober 2003 og 20. desember 2003. Eg legg ved yversynet.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg
- formann -

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPLEG FONDSFYRESEGN

Fondsstyret gjorde på styremøtet 19. oktober 2003 vedtak um fylgjande framlegg til ny heilskapleg fondsfyresegn, den 20. desember 2003 vart det gjort sume brigde i § 6, som er tekne med i teksti under:

§1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§2

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærrare avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPLEG FONDSFYRESEGN

§4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet – eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyersegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunn tanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPLEG FONDSFYRESEGN

§6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, gjeng ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegne for dette fondet burt.

<p>Fyresegni, etter umskipingi i 1992:</p> <p>(Tekst som er teken burt i framlegget til ny fondsfyresegn, jfr. styrevedtak frå 19. oktober 2003 er markera med feit skrift og understreking.)</p>	<p>Framlegg til ny fyresegn, jfr. vedtak frå fondsstyret dagsett 19. oktober og 20 desember 2003:</p>
<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. <u>Eg viser</u> til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p>	<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p>
<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner <u>um midlar for umyndige</u>. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. <u>Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.</u></p>	<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hoyudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.</p>
<p>§3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar <u>sin mann</u> med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>	<p>§3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>

<p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.</p>	<p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.</p>
<p>§ 4 <u>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</u> <u>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.</u></p>	<p>§4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.</p> <p>Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt. Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.</p>

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjort slik styret meiner er rettast, og avgjerdi kann ikkje umgjera i samband med godkjenningi av rekneskapen. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet – eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

<p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p>	<p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p>
<p>§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.</p> <p>Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi å dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.</p> <p>Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.</p> <p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p>	<p>§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.</p> <p>Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.</p> <p>Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi å dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.</p> <p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p>

Styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, gjeng ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane **inn i Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennyttige føremål**. Um dette skulle henda, fell fyersegnene for dette fondet burt.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 14. januar 2004.

Til:

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Søknad um umskiping av fondsfyresegnei,

attendedraging av sume tidlegare framlegg, jf. brev dagsett 7. november 2003

For fondsstyret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking vert det gjeve melding um at fondsstyret dreg attende tri framlegg til brigde i fyresegnei som vart fremde i brev dagsett 7. november 2003.

Den 6. mai 2000 tok fondsstyret for fyrste gongen upp spursmål um ein gjenomgang av fondsfyresegnei. Våren 2000 vart det gjort upptak for å få ei utgreiding um fondsfyresegnei. Adv. Per J. Jordal vart hyra inn og formannen i fondsstyret fekk i uppgåva å sjå igjenom fondsfyresegnei. Vallagi vart vitra um arbeidet munnleg alt våren og hausten 2000. Formannen tok òg kontakt med Fylkesmannen v/Hugo Morken um arbeidet med framleggi til umskipingar.

Den 20. desember 2003 vart det skipa two styremøte som fyrehava høyringssvari og hadde saki fyre til vedtak, sjå vedlegg nr. 1. upprit frå dei two styremøti 20. desember 2003.

HØYRINGSRUNDANE

Dei interne dryftingane i fondsstyret resultera i at det 14. november 2002 vart sendt ut eit formelt høyringsbrev frå fondsstyret. Det vart fylgt av nye høyringsbrev 26. juli 2003, 9. september 2003 og 12. september 2003. Dessa høyringsbrevi nr. 1 til 4 var grunnlaget for søknaden som vart send inn 7. november 2003 til Fylkesmannen. Fondsstyret vedtok på styremøtet 19. oktober 2003 å senda inn søknad um umskiping av dei punkti som var melde tidlegare av fondsstyret, og at dei nye spursmåli som hadde komne upp i samband med fyrste høyringsrunde (brevi nr. 1 – 4) skulde eventuelt fremjast seinare.

Den 9. november 2003 sende fondsstyret ut dei spursmåli som fondsstyret ikkje hadde vurderte i fyrste høyringsrunde, men der vallagi hadde fremja synsmåtar, sjå vedlegg nr. 2. Den 10. november 2003 sende fondsstyret ut eit høyringsbrev til skyldfolket etter Halldor O. Opedal, sjå vedlegg nr. 3. I 2000 hadde styreformannen teke kontakt med Marit Stuland etter fyrst å hava vore i kontakt med Gjerd U. Jacobsen og Kjellaug Holm i *Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål*. Fondsstyret viste at Opedal ikkje etterlot seg livsarvingar og at det ikkje var sysken som var i livet. Marit Stuland gav våren 2000 ikkje uttrykk for å vilja koma med merknader til eventuelle framlegg, tvert um ynskte ho ikkje å meina noko um styringi av fondet. Andre av skyldfolket hadde fondsstyret ikkje kjennskap til.

Skyldfolket hadde heller ikkje vore høyrte i samband med umskiping i 1992. Hausten 2002 tok styreformannen på ny kontakt med Gjerd U. Jacobsen og Kjellaug Holm og fekk då kjennskap til andre skyldfolk etter Opedal. Det vart difor avgjort at ein skulde senda ut brev til dei skyldfolki fonnet etter ei vidare etterøyking fekk tak i. Skyldfolket fekk med det tilsend høyringsbrevet i andre høyringsrunde, skyldfolket fekk òg tilsend avprent av søknaden som var send til Fylkesmannen den 7. november 2003.

I andre høyringsrunde var det fire hovudtema:

- Turnusskipnad etter framlegg frå Noregs Mållag
- Utpeiking av nye vallag
- Tilslutnadsfråsegn og plikt til å reisa sak ved usemj
- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløsing og attendedraging av valretten

HØYRINGSSVARI

Det kom inn svar på høyringsbrevet frå Invild Nistov for seks born av syskni til Halldor O. Opedal. I tillegg svara Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål og dei fem vallagi.

- Invild Nistov svara for seks born av sysken til Halldor O. Opedal, jfr. brev dagsett 10. desember 2003, sjå vedlegg nr. 4.
- Noregs Mållag svara den 10. desember 2003, sjå vedlegg nr. 5.
- Vestlandske Mållag svara i udatera brev og 12. desember 2003, sjå vedlegg nr. 6 og 7.
- Vestmannalaget svara den 15. desember 2003, sjå vedlegg nr. 8.
- Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål svara den 5. desember 2003, sjå vedlegg nr. 9.
- Norsk Måldrykingslag svara den 10. desember 2003, sjå vedlegg nr. 10.

VURDERINGI TIL FONDSSTYRET

Turnusskipnad

Høyringsvar

Noregs Mållag hadde i tidlegare høyringssvar teke til ordet for at helvta av styremennene skulde på val annan kvart år, i staden for den noverande ordningi der heile fondsstyret stend på val kvart fjorde år. Skyldfolket og Norsk Måldrykingslag hev meldt i frå um at dei styd framlegget frå Noregs Mållag.

Vurdering/vedtak frå fondsstyret

Styreformannen og varaformannen i fondsstyret stydde òg framlegget, men det fekk ikkje den turvande studnaden i fondsstyret, jfr. styremøtet 19. oktober 2003. Framlegget fall med det og vart ikkje teke uppåt på dei two møti i: 13. og 20. desember 2003.

Utpeiking av nye vallag

Høyringssvar

Noregs Mållag, skyldfolket, Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål, Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag gjekk i høyringssvari mot utviding. Ivar Asen-sambandet og Vestlandske Mållag, i det siste høyringssvaret, opna for å velja inn Høgnorskringen og Høgnorsk student- og elevmållag.

Vurdering/vedtak frå fondsstyret

Two lag hadde søkt um å få verta vallag i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Etter høyringsrundane vedtok fondsstyret på møti 13. og 20. desember 2003 at det ikkje var grunnlag for å taka upp nye vallag. Det var usemjå i fondsstyret um fondsfyresegni opna for å utvida talet til meir enn fem vallag eller ikkje. Detta spørsmålet kom ikkje til å verta det avgjerande, sidan dei som meinte at fondsfyresegni opna for slikt – ikkje såg grunnlag for å taka upp dei two lagi som hadde søkt um upptak. Fondsstyret vedtok samrøystes å forkasta søknadene um å verta vallag frå dei two søkerlagi.

Tilslutnadsfråsegn og plikt til å reisa sak ved usemje

Høyringssvar

Noregs Mållag, Ivar Asen-sambandet, Vestlandske Mållag, Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål hev kome med positiv attendemelding i høve til ei fyresegn um tilslutnadsplikt med ei tvungen tvisteordning, sjølv um det er kome ulike formuleringar. Ingen av høyringsinstansane hev kome med prinsipielle motlegg til den fyreslegne ordningi. Norsk Måldyrkingslag hev kome med ei attendemelding um at dei meiner fleirtalet av fondsstyret stend bak framlegget, men hev ikkje kome med nokon argument mot ei slik ordning.

Vurdering/vedtak frå fondsstyret

Fondsstyret held uppe framlegget som vart fremd i søknaden frå 7. november 2003.

Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Høyringssvar

Noregs Mållag hev meldt at dei er mot framlegget til presisering, med den same grunngjevingi som fondsstyret hev for å fremja framlegget: Ynskje um å få eit klårare skilje millom styresmann og vallag. Ivar Asen-sambandet og Vestlandske Mållag hev meldt um positiv tilslutnad til framlegget. Andre høyringsinstansar hev ikkje kome med serskilt attendemelding knytt til detta framlegget.

Vurdering/vedtak frå fondsstyret

Fondsstyret ser at fyrste punktum i framlegget som fondsstyret sende ut, kann mistolkast i høve til å få eit klårt skilje millom styresmann og vallag. Sidan vallaget ved å velja å segja i frå seg rett til å peika ut styresmann, kann påverka samansetjingi av eit fondsstyre – som alt er skipa. Detta var ikkje meiningsi.

Fondsstyret vedtok å draga attende fyresegni som er formulera i fyste punktum i denne bolken, jfr. søknaden frå 7. november 2003:

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. *Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort.*
Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Etter som at den etterfylgjande setningi hev ein språkleg og tematisk tilvising til fyrste punktum, vedtok ein å taka burt formuleringi "Like eins gjeng ein" og å setja inn "gjeng" inn som fyrste ord i lekksetningi etter. Fondsstyret vedtok med det fylgjande formulering av heile bolken:

Styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, gjeng ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Sæte

Høyringssvar

Skyldfolket, Noregs Mållag og Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål kjem med ei rad merknader um stad for sætet til fondet. Skyldfolket og Noregs Mållag syner til fondssfyrsegne i spursmålet um sæte.

Vurdering/vedtak frå fondsstyret

Fondsstyret hadde i søknaden frå 7. november 2003 fremd fylgjande tillegg i fondsfyresegni:

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet til sæte.

Fondsstyret syner til at Opedal i fondsfyresegni ikkje umtala stad for sætet, og vil syna til slutten av svaret frå styret i Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål:

"Eg kan leggja til, utan at eg tok opp emnet med han, at Halldor O. Opedal fleire gonger gav uttrykk for nett det. Han meinte Hardanger hadde falle utanfor i den måten fondet vart styrt på."

Fondsstyret vedtok likevel på møtet 20. desember 2003 å draga attende framlegget um å skriftfesta stad for sætet i fondsfyresegni.

Andre spursmål i høyringssvari

Svarfrestar i høyringsrunden

Leidarane i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag kjem med sterke synsmåtar på festane som hev vore i høyringsrundane. Det hev vore send ut fem høyringsbrev, det fyrste alt 14. november 2002.

Det er òg forvitneleg å høyra at dei ikkje hev kunna svara av di ”deira” styremann ikkje var kalla inn til møti i fondsstyret. Der er av interesse å få med seg at det på styremøtet 6. mai 2000 var Hans Sørbø og Leidulf Hunvin som klårast ynskte å sjå på punktet um godkjenning av rekneskapen i fondsfyresegni. Denna fyresegni var komen i strid med rekneskapslogi, jfr. stiftingslogi § 10. Leidulf Hundvin var òg den fyrste som tok til orde for å sjå på kven som burde vera vallag til fondsstyret, då han på styremøtet den 6. mai 2000 tok til ordet for at Vestlandske Mållag ikkje burde vera vallag. Dei styremennene som styri i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev peika ut, hev vore kalla inn til alle møti. Det lyt òg nemnast at styreformannen våren og sumaren 2000 tok kontakt med kvart vallag for millom anna vitra um at fondsstyret arbeidde med brigde av fondsfyresegni. Det vart skipa til møte med leidingi i Noregs Mållag og Vestmannalaget der styreformannen millom anna gjekk gjennom stoda og planane. Formannen i Norsk Måldyrkingslag vart vitra yver telefon. Formennene i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag sat, då arbeidet med fondsfyresegni byrja, i fondsstyret og vitra ”sine” styre beinveges. Vallagi hev soleides havt yver tri år på seg. Frå dei konkrete brigdi vart send ut 14. november 2002 hev vallagi havt eitt år. Det er soleides ikkje rett at vallagi ikkje hev hatt god tid til å koma med innspel.

Ålmenne umstende/legitimitet

Leidarane i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag kjem med sterke synsmåtar på handlemåtane og intensjonane til fondsstyret. Dei kjem med sterke åfall mot fondsstyret, og meiner det ikkje hev legitimitet til å fremja søknaden um umskiping. Fondsstyret vil stutt nemna at dessa synsmåtane um fondsstyret sjeldan er i samhøve med røyndi. Det gjeld serleg spørsmål um at det er handlemåtane til fondsstyret som fører til strid. Det hev alle år vore mykje strid og uro i målrørsla. Å leggja andsvaret for dessa tilhøvi på ”fleirtalet i fondsstyret” er, mildt sagt, å gjeva fondsstyret mykje større innverknad enn det er grunnlag for. Når det gjeld spørsmål um kven som er valde til styremenn frå Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag, er detta spørsmålet dryft i eit eige svar til Fylkesmannen. Det var styri i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag som valde dei styremennene som er kalla inn til møti i fondsstyret. Striden er med det ein strid **innetter** i dessa samskipnadane – ikkje ein strid **i fondet**. Ein strid innetter i eit av vallagi rokar sjølvsgått fondsstyret og arbeidsvilkåri som fondsstyret hev, i alle høve når det er intern strid i fire av fem vallag. Ingen av dei personane som utgjer det sokalla ”fleirtalet i fondsstyret” var til dømes medlemer i Norsk Måldyrkingslag, då styret i Norsk Måldyrkingslag den 8. desember 2001 valde Arne Skjerven som styremann. At dei noverande leidarene i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag ikkje ynskjer å respektera tidlegare styrevedtak i deira eigne samskipnader, er ikkje eit spørsmål for fondsstyret. Ordleggingi som leidareane i Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag nyttar i høyringssvari sine syner, etter fondsstyret si meining, ikkje teikn fred og forsoning. Dessa brevi er snarare gode døme på dei mange utfordringane som fondsstyret hev stridd med dei siste åri. Fondsstyret ser med det ingen grunn til å koma med ytterlegare kommentar til synsmåtane på den ålmenne stoda i fondet frå Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag.

Uppgåvone til ettersynsmannen og korleides ein vel ettersynsmann

Noregs Mållag kjem med framlegg um at fylkesmannen skal velja ettersynsmann um det er strid um valet millom vallagi. Skyldfolket melder i høyringssvaret synsmåtar um at ettersynsmannen i fondet skal hava fleire uppgåvor enn det som normalt vert lag til ettersynsmannen. Spørsmålet hev ikkje vore dryft i samband med den andre høyringsrunden. Fondet hev i alle år havt ein autorisera/registrert ettersynsmann. Kven som skal peika ut ettersynsmann vert slegen klårt fast i stiftingslogi, og fondsstyret ser med det ingen grunn til å vurdera dette spørsmålet nærrare.

Um ein skal gjennomføra framlegget frå Noregs Mållag um at fylkesmannen skal peika ut ettersynsmann, lyt det i so fall gjerast eit logbrigde. Fondstyret meiner òg at det er naivt å tru at dei stridane som er komne upp i dei siste åri og som hovudsakeleg kjem av dei motsetnadene som finst innetter i og millom vallagi, kann løysast av ettersynsmannen i fondet. I demokratiske samskipnader er det regelen at fleirtalet avgjer val, og fondsstyret ser ingen grunn til at ein ikkje skal nytta demokratiske speleregler i høve til valet av ettersynsmann. Uppgåvone til ettersynsmannen er klårt regulera i log um ettersynsmenn (b.m. revisjonsloven). Dei tema som Noregs Mållag og skyldfolket tek upp er eit logspursmål, og fondsstyret ser ingen grunn til å blanda dessa spørsmåli upp i søknaden um umskiping av fondsfyresegni. Fondsstyret held fast ved det framlegget som vart fremd i søknaden frå 7. november 2003.

Sluttord

I detta brevet kjem det ikkje nye framlegg til brigde. Det vert berre drege attende tri formuleringar av tidlegare innleverta søknad um umskiping av fondsfyresegni. I den andra høyningsrundet er det kome mange innspel, millom anna frå Halldor O. Opedals fond for ålmennytige føremål og Noregs Mållag som burde ha vore vurdert nøygjare. Fondsstyret er likevel kome til at ein fær setja strek. Det hev vore send ut fem høyningsbrev, og fondsstyret meiner det fær halda i denna venda. Skulde det syna seg at framlegg som er komne i høyningsrundane og som fondsstyret ikkje hev teke med i søknaden frå 7. november 2003, hev livsens rett – fær vallagi og fondsstyret koma attende med ein ny gjenomgang på eit seinare tidspunkt.

Fondsstyret vil syna til at det er strid i Vestlandske Mållag og det ulmar i andre vallag. Striden er ikkje knytt til Opedalsfondet, men i høve til kven som skal styra samskipnadene og lineval i politiske og organisatoriske spørsmål. Mange av stridane hev ridd vallagi i mange år, utan at det er kome til løysing. Det er med det, etter fondsstyret si mening, sers trong for den tvisteløysingi som det vart gjort framlegg um den 7. november 2003. Detta for å hindra at konkurrerande fraksjonar skal påføra fondet kostnader, gjennom at fondet lyt vurdera kven av dei stridande partane som hev rett til å peika ut styresmann og til å vera høyningsinstans i høve til rekneskapen. Når ein part krev det lyt fondsstyret taka stode, ut frå juridiske vurderingar, men fondsstyret ynskjer at intern strid i eit vallag skal klårleggjast og avgjerdast av dei stridande partane i vallaget. Diverre syner det seg at slik vilja ofte er vanskeleg å finna.

Fondsstyret vil òg peika på at det ikkje finst ei klår fondsfyresegn, sidan protokollen frå skipingsmøtet i 1976 berre syner attende til "endeleg utgåva" – ei utgåva som ein diverre ikkje finn att i arkivet til fondet. Fondsstyret vonar med det at Fylkesmannen tek seg tid til å sjå på detta brevet og på søknaden dagsett 7. november 2003 so snøgt som råd.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg til attendedraging av sume brigde i fondsfyresegni,
jfr. brev dagsett 14. januar 2004:

1. Upprit frå dei two styremøti den 20. desember 2003.
2. Høyringsbrev til vallagi, dagsett 9. november 2003.
3. Høyringsbrev til skyldfolket etter Halldor O. Opdal, dagsett 10. november 2003.
4. Høyringssvar frå skyldfolket, dagsett 10. desember 2003.
5. Høyringssvar frå Noregs Mållag, dagsett 10. desember 2003.
6. Høyringssvar frå Vestlandske Mållag, udatera.
7. Høyringssvar frå Vestlandske Mållag, dagsett 12. desember 2003.
8. Høyringssvar frå Vestmannalaget, dagsett 15. desember 2003.
9. Høyringssvar frå Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennytige føremål, dagsett 5. desember 2003.
10. Høyringssvar frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 10. desember 2003.

Merk:

Gjeld vedlegg til vedleggi:

Under høyringsbrevet til vallagi, vedlegg nr. 2, fylgjer uppsett yver brigdi etter styremøtet den 19. oktober og skilnaden i høve til noverande fyresegni. Dei same vedleggi fylgde høyringsbrevet til skyldfolket, sjå vedlegg nr. 3, saman med søknaden frå 7. november 2003. Vedleggi som fylgde med høyringsbrevet til skyldfolket ligg ikkje ved i denna sendingi sidan dei er med under vedlegg nr. 2.

Vedlegg 1

Upprit frå dei two styremøti den 20. desember 2003.

Styremøte i Halldor O. Opedals fond 20.12.03

Møtet sett klokka 14.40

Til stades:

Mona Stormark, Noregs Mållag
Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag
Bjørn Tormod Ringdal, Vestmannalaget
Jon Askeland, sætemann for Norsk Måldyrkingslag
Trond Urestad, sætemann for Ivar Aasen-sambandet

1 Innkallingi

Mona Stormark meinte at innkallingi hadde kome på altfor stutt varsel, og det hadde ikkje gjenge ut munnleg varsel på fyrehand.

Jon Askeland vilde ha tilført denne protokollmerknaden:

Vestmannalaget meiner at Bjørn Tormod Ringdal ikkje er rette målsmann for laget i Opedalsfondet.

2 Saklista

Saklista var uppsett med dei same sakene som i den utsende innkallingi. Jon Askeland gjorde framlegg um eit punkt seks, ymse.

3 Upprit frå 13. desember

Skrivaren vitra munnleg um sakene på møtet, styreupprit må sendast ut og underteiknast ein annan gong.

4 Vitrинг um brev

Det var kome inn brev frå Vestmannalaget v/ Jon Askeland, og Norsk Måldyrkingslag ved Arne Skjerven hadde skrive ei tolking av kva som gjekk fyre seg på styremøte den 13. desember. Dei styremedlemene som hadde vore med på møtet gjorde framlegg um at innspelet frå Skjerven vert lagt ved protokollen for 13. desember.

5 Brigde av fondsfyresegni, framhald frå 13. desember 2003

Formannen i fondet kom under møtet med framlegg til brigde i fyresegnene yver telefon, etter at styret hadde teke kontakt med han. Formannen gjorde følgjande framlegg til brigde av paragraf 6:

Punkt 1

Framlegg um å stryka følgjande: Styremann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styremann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret.

Punkt 2

I setningi etter vert ordlyden brigde soleis:

Upphavleg ordlyd i utkast av 19. oktober:	Ny ordlyd:
Like eins gjeng ein styremann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort.	Styremann som er vald frå eit lag som vert vist burt, gjeng ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort.

Punkt 3

Framlegg um å stryka følgjande ordleggjingi: Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet til sæte.

Vedtak:

Framlegg under punkt 1 vart vedteke med 3 mot two røyster. Dei som røysta mot var Mona Stormark og Jon Askeland.

Framlegg under punkt 2 vart vedteke med 3 mot two røyster. Dei som røysta mot var Mona Stormark og Jon Askeland.

Framlegg under punkt 3 vart vedteke med 3 mot two røyster. Dei som røysta mot var Mona Stormark og Jon Askeland.

6 Ymse

Jon Askeland uppmodar fondsstyret um å koma Bokreidingslaget i møte når det gjeld pengar til Norsk Målsoga. Askeland sender brev til fondsstyret um dette. Fondsstyret hev tidlegare sagt seg ferdig med saki.

Møteslutt 15.20

Styremøte i Halldor O. Opedals fond 20.12.03

Møtet sett klokka 15.20

Til stades:

Mona Stormark, Noregs Mållag
Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag
Bjørn Tormod Ringdal, Vestmannalaget
Jon Askeland, sætemann for Norsk Måldyrkingslag
Trond Urestad, sætemann for Ivar Aasen-sambandet

1 Innkallingi

Mona Stormark meinte at innkallingi hadde kome på altfor stutt varsel, og det hadde ikkje gjenge ut munnleg varsel på fyrehand.

Jon Askeland vilde ha tilført denne protokollmerknaden:

Vestmannalaget meiner at Bjørn Tormod Ringdal ikkje er rette målsmann for laget i Opedalsfondet.

2 Avgjerd i spursmålet um det skal veljast inn two nye vallag og å peika dei two ut, framhald frå styremøtet 13. desember.

Skrivaren i fondet spurde um det trøngst nærare utgreidinger um Høgnorskringen og Høgnorsk Student- og elevmållag. Styremennene trøng ikkje det.

Skrivaren meinte dei two lagi som hadde søkt ikkje eigna seg for Opedalsfondet. Skrivaren la fram fylgjande generelle grunngjeving:

Me hev havt vanskar nok med dei lagi me hev som vallag til fondet. Det hev vore strid i Vestmannalaget og Vestlandske Mållag. Di fleire lag som er med i Opedalsfondet, di større sjansar er det for at usemjor millom ulike flokkar kann forplanta seg utetter i lagi og innetter mot fondet. Det seger sitt at me hev vore nøydde til å gjera framlegg um å innskjerpa fyresegnene på ei rad punkt på grunn av at lagi hev tolka fyresegnene på ulike måtar og handla i strid med fyresegnene.

Grunngjeving kring Høgnorskringen:

Høgnorskringen er pr. i dag ein organisasjon som hev lege nede i two år. Når det so vart kalla inn til årsmøte møtte fleire personar som hev havt sentrale posisjonar i Norsk Målungdom fram. Dei nytta årsmøtet til å koma med sterke og urimeleg kritikk mot Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll for at dei hadde avslørt medlemspengejuks i Norsk Målungdom. Two sentrale medlemer i Høgnorskringen stelte seg i front for utskjellingi. Ein organisasjon som i den grad let seg bruka til å hengja ut folk som hev avslørt lovbro, kann ikkje ha den tilliti og vyrdnaden som trengst for å vera med i Opedalsfondet.

Grunnjeving kring Høgnorsk Student- og elevmållag

Skrivaren meinte at laget hadde eit godt fyremål, men at me visste for lite um kva laget vilde gjera framyver, difor var det uklokt å røysta inn no.

Trond Urestad og Bjørn Tormod Ringdal slutta seg til det skrivaren hadde sagt.

Jon Askeland meinte at paragraf 6 sette bindingar på når eit lag kunde røystast inn. Dessutan meinte han at det var bindingar på at det skulde vera fem lag i fondet. Han meinte at det ikkje var høve til å røysta noko lag inn på prinsipielt grunnlag.

Mona Stormark slutta seg til argumentasjonen til Jon Askeland.

Skrivaren meinte at det kunde røystast yver både lagi samla.

Vedtak:

Styret vedtok samrøystes at ingi av lagi skulde takast upp i Opedalsfondet.

3 Honorar til styreformannen

Skrivaren rosa formannen for det arbeidet han hadde gjort med fondsfyresegnene. Mange hadde vorte kjende med fyreseggnene under arbeidet. Sume hadde kritisert fyreseggnene, medan andre hadde lærte vel yver framleggi til brigde. Skrivaren gjorde framlegg um at formannen i fondet får 5000, - kronor for arbeidet med fyreseggnene.

Jon Askeland meinte at dette var ei sak for det nye fondsstyret å avgjera. Skrivaren og nestformannen sa seg usamdi det.

Vedtak:

Formannen får 5000 kronor for arbeidet med fyreseggnene.

Vedtaket vart gjort med fire mot ei røyst. Jon Askeland var mot.

Møteslutt klokka 15.33. Skrivaren hevja møtet.

Mona Stormark

Vedlegg 2

Høyringsbrev til vallagi, dagsett 9. november 2003.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo. 9. november 2003.

Til:

Vallagi til fondsstyret
Styremennene i fondsstyret

Høyringsrunde nr. 2

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking bed um innspel og merknader til dei upptaki til umskipingar som er gjorde og som no er til vurdering å gjera i fondsfyresegni til fondet.

Umskipingar er brigde av fondsfyresegner. Det er etter stiftinglogi Kongen som kann umskipa fondsfyresegner, jfr. § 32. Denna retten er delegera vidare til Fylkesmannen, i vårt tilfelle Fylkesmannen i Hordaland.

Det er berre skiparen og fondsstyret som kann søkja um umskipingar, jfr. § 33.

Fyrr søknaden vert send, skal det hentast inn innspel og merknader ("uttalelser") frå organisasjonar og andre som umskipingsspursmålet vedkjem.

I samhøve med og i medhald av stiftingslogi bed fondsstyret um innspel og merknader på framleggi til brigde i fondsfyresegni som ligg til vurdering og på dei two brigdi der endeleg tekst ikkje hev vore send ut på høyring fyrr.

Høyringsfresten er sett til 10. desember 2003.

Det hev vore ein høyringsrunde med i alt fire høyringsbrev. Det er no kome svar frå alle vallagi, so nær som frå Norsk Måldyrkingslag. Fondstyret fekk i dessa svari sume innspel som lyt dryftast vidare fyrr ein eventuelt søker um umskiping av vedkomande fyresegn i fondsfyresegni.

Det er fylgjande tema, med tanke på nye vedtak um brigde og med det ny søknad um umskipingar i tillegg til dei som hende i samband med høyringsrunde nr. 1:

• Turnusskipnad

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn som slær fast at styremennene vert valde for fire år, men at ikkje alle fem styremennene vert bytte ut samstundes slik som no.

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmene slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmar og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styremenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafer i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret tykkjer dette framlegget evt. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styremennene sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år, vil det fort føra til at laget vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

• Utpeiking av nye vallag?

Fondsstyret skreiv i høyringsbrev nr. 1, frå 14. november 2002 fylgjande um spursmålet:

Vallag
Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spursmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet å sporsmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta sporsmålet.

Det kom berre innspel frå Vestlandske Mållag, som melde fylgjande:

Vallag – nye lag?
VM ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dágsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opdal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meinингi at det ikkje er sporsmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meininger vallaget fremjer som skal avgjera sporsmålet um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opdal sette opp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styremann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides imot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre samskipnader vert gjeven valrett.

Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uheldig for eit landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen.

Det er òg eit sporsmål um ein skal vraka vallag eller å auka talet på vallag. Eitt vallag meir vil føra til at talet på vallag vert seks (partal), eller skal ein velja inn two vallag for å få eit samla tal på sju (oddatal). Formannen legg vekt på at samla tal på vallag lyt vera oddetal, ikkje partal.

Formannen meiner at det er dei ideologiske aspekti som tel mest ved vurderingi av spursmålet um vraking og/eller nyval av vallag. Det vil segja um gamle eller nye lag fremjar fyremålet som Halldor O. Opedal sette for fondet, jfr. § 1.

På styremøtet 19. oktober vart ikkje spursmålet dryft, men etter detta styremøtet er det kome ein søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Søknaden frå Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld Høgnorskringen hev samskipnaden funnest nokre år og er velkjend i målrørsla. Nærare informasjon ligg godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer eller treng meir informasjon um dessa lagi, kann kontakta formannen eller skrivaren i fondsstyret.

Det er difor ynskje um utsegner um spursmål um (1) ein skal velja inn nye lag berre um ein vrakar eitt neverande vallag, (2) ein kann taka inn nytt/nye vallag attåt dei som er med no, (3) det samla talet på vallag kann vera partal, og (4) kva grunnlag vurderingi skal gjerast på.

ANDRE TILHØVE SOM FONDSSTYRET YNSKJER Å VITRA UM OG FÅ INN MERKNADER TIL

Fondsstyret sende i samband med den første høyringsrunde ut framlegg um umskiping som fondsstyret no etter høyringsrundane, kunne ha vore formulera på ein betre måte og som ein med stor fyremun kunde gjera tillegg til. Detta gjeld millom anna:

- Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn og frest på seks månader for å reisa sak ved usemjå i vedtak um umskipingar

Fondsstyret vedtok etter høyringsrundane å hemgja på ei fyersegn i framlegget til brigde som set ein frest for å protestera (fremja søksmål) ved umskipingar, til seks månader. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande:

Vallagi lyt ved første nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyersegnene som her er sett opp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Fondsstyret fekk i den første høyringsrunden inn fylgjande merknad frå Ivar Aasen-sambandet um innføring av krav um tilslutnadsfråsegn:

Tilleggsmerknad
Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyersegnar hev skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyersegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):

«Vallagi lyt ved første nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei nye fyersegnene. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styresmenn yver til dei andre vallagi.»

Vestlandske Mållag melde fylgjande:

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettslege spørsmål som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt mælda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyreseggnene eller (3) bøya seg for dei nye fyreseggnene. Ut frå samtaLEN med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Fondsstyret syner til at det ikkje hev kome motsegner til ei slik tilslutnadsfråsegn frå vallagi. Fondsstyret peikar òg på uroi som hev vore dei siste åri, og syner til høyringsinnspelet frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-samsbandet. Når det gjeld skyldnaden til å reisa sak um umskipingar som vallagi ikkje er samde i vert det synt til liknande fyresegni i luthagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der det stend at luteigarar o.a. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan statt frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål, vert det sét på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingspliki som ein her fremjar andsynes vallagi, gjeld berre den rolla dei hev som lag med rett til å peika ut styremenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denna fyresegni å få rudd burt tvistar um fondsfyresegni. Vallagi før anten segja seg samde eller reisa sak um dei er usamde med umskipingar.

Tvistar fører til uro og uvissa både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skyldnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knyttne til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnt framfor. I tillegg til tilvisingi til log um lutlag kann ein òg syna til ei onnor parallel ordning, jfr. den retten offentlege styremakter hev til å setja ein frest på seks månader med å reisa søksmål ved usemja med forvaltningsvedtak, jfr. tvistemålslogi § 437 andre lekken. Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003, med tillegg [] frå formannen:

Vestmannalaget [og Noregs Mållag] hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-samsbandet og Vestlandske Mållag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyreseggnene. Ivar Aasen-samsbandet hadde munnleg kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Fondsstyret slutta seg til dette framlegget.

Fondsstyret registrerer at ingi vallag hev mælt mot seg mot tilslutnadsregelen principielt og ingi vallag ynskjer å reservera seg sjølv mot ei slik plikt.

Når det gjeld tilhøve millom den tvungne tvisteløysingordningi i § 3 og søksmålsfresten i § 6, uttala fondsstyret fylgjande:

Det er viktig å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest, jfr. § 6. sjå seinare [her i brevet nemnt framfor]. Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verha strid i eller millom vallag um valfretten eller kven som er peika ut. Samstundes som eller som følgja av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløysing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfyrehabing som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spørsmål um valfretten og kven som er rettkome utpeika styremann.

Fondsstyret vedtok å søkja um fylgjande umskiping (tillegg til eksisterande tekst):

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyrsegne koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og vuramann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til u velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedragning av valretten

Fondsstyret vedtok øg etter høyringsrundane å koma med ei onnor formulering um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande tekst:

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtakai um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at unnpnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret uttala etter høringsrundane fylgjande, jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

... underlaget av hørtvining, unplaysing og attendedragering av valretten

6.5. Den rettslege verknaden av burtvising, opplysing og attendedraging av van eten.
Halldor O. Opdal sette opp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styresmannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uehdig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opdal la fram i gâvebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyringinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gâvebrevet som er teke med i den mest brukta utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er opplyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styresmann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre opplysingi nemnde upp styresmannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styremenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rettare å nyttja ordi – etter at styresmannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styresmannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.


Fondsstyret vedtok difor følgjande tekst om den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten (tillegg til gjeldende tekst):

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret bed um at merknader til detta høyringsbrevet vert sende innan 10. desember 2003.

Fondsstyret gjør merksam på at vantande attendemelding vert rekna som tilslutnad til framlegg til brigde som det er gjort upptak til, eller som er nemnde i detta brevet som mogelege brigde i fondsfyresegni.

Vensam helsing
Halldor O. Opdals fond
for norsk målreising og måldyrking


Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg: Framlegg til ny fondsfyresegn
 Søknad um valrett til fondsstyret frå Høgnorsk student- og elevmållag
 Årsmelding frå Høgnorskringen

Avprent er sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennytige føremål	Postboks 35	5787	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Littlere	Fjøsangervegen 57	5054	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Mona Stomark	Lægdesvingen 20	5096	BERGEN
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tomod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmteit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrassen 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO
Kjell Kjerland	Røynstrandvegen 17	5736	GRANVIN

<p>Fyresegni, etter umskipingi i 1992:</p> <p>(Tekst som er teken burt i framlegget til ny fondsfyresegn, jfr. styrevedtak frå 19. oktober 2003 er markera med feit skrift og understrekning.)</p>	<p>Framlegg til ny fyresegn, jfr. vedtak frå fondsstyret dagsett 19. oktober 2003:</p>
<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. <u>Eg viser</u> til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p>	<p>§1</p> <p>Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".</p>
<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner <u>um midlar for umyndige</u>. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. <u>Denne luten av avkastning skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.</u></p>	<p>§2</p> <p>Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamlá avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnehene i stiftingslovi.</p>
<p>§3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar <u>sin mann</u> med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>	<p>§ 3</p> <p>Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt å ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.</p>

<p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.</p>	<p>Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.</p> <p>Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolt – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærare avtala millom partane, berre spørsmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi før verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.</p>
<p>§ 4</p> <p><u>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn.</u></p> <p><u>Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.</u></p>	<p>§4</p> <p>Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.</p> <p>Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei før han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt. Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.</p>

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjort slik styret meiner er rettast, og avgjerdi kann ikkje umgjerast i samband med godkjenningi av rekneskapen. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekke studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

§5

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet – eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjort slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekke studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kanft òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

<p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p>	<p>Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.</p>
<p>§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.</p>	<p>§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.</p> <p>Vallagi lyt ved fyrste nyuppnevning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.</p>
<p>Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.</p> <p>Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.</p>	<p>Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.</p>
<p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p>	<p>Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.</p>

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet til sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt **fond for ålmennytige føremål**. Um dette skulle henda, fell fyrsegnene for dette fondet burt.

Høgnorsk student- og elevmållag
Arne Holmin
Hordagata 6
5036 BERGEN

Bergen, 14. oktober 2007

Halldor O. Opedals fond
Postboks 919 Sentrum
5808 BERGEN

Søknad um upptak i Halldor O. Opedals fond

Me viser til fyresegnene til Halldor O. Opedals fond, § 6, som segjer følgjande:

"Kjem det upp eit lag som stettar kravi å dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar."

Høgnorsk student- og elevmållag er eit landsfemnande lag som vil arbeida for høgnorsk i skulen og på universitet og høgskular. Det er her rekrutteringsgrunnlaget for høgnorskrørsla ligg. Skal rørsla hindra forgubbing, er det avgjerande å skaffa nye aktivistar i dette kringværet. Høgnorsk student- og elevmållag vil gjerne gjera mykje arbeid for å uppnå dette, og me trur at det er viktig at dette synet vert uttrykt gjennom at laget får ein styresmann i Opedalsfondet.


Me hev lese og er kjende med fyresegnene til fondet. Me viser til fyremålet å laget vårt, inntekte nedanfor, og vil med dette søker om at Høgnorsk student- og elevmållag vert uppteket i fondet.

§ 1 Fyremål

Høgnorsk student- og elevmållag hev til fyremål å reisa og dyrka høgnorsk mål. Med høgnorsk er meint det målet som hev vakse fram og halde seg i bruk i samsvar med dei hovudprinsippi som Ivar Aasen bygde på. Her tenker me millom anna på prinsippet um vokaltriklang og samanhengslovi.

Me vil strika under at laget vårt ikkje er nokon mottevlar til Norsk Målungdom. Laget vårt arbeider for høgnorsk mål millom elevar og studentar. Det segjer seg sjølv at det berre er dei færaste av dei potensielle lagsmennene i Norsk Målungdom som vil vera interesserte i å mælda seg inn i laget vårt. Me trur ikkje det kjem til å verta nokor røynleg tevling i det heile.

Me trur derimot at det vert lettare å nå ungdomen som Opedal var uppteken av å nå gjennom at laget vår vert med i Opedalsfondet. Det vil gjera det lettare å oppfylla fyremålet til Opedal, som var å reisa og dyrka det norske målet på ulike umkverve.

Med vensam helsing

Arne Johannes Holmin
formann

Høgnorskringen

Grensa 8
0159 OSLO

Oslo, 12.9.2001

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2001

Tid: Fredag 5. oktober 2001 klokka 18.00.
Sted: Rom U 31, Helga Engs hus, Blindern, Oslo.

Saklista:

- Sak 1: Godkjenning av innkallingi og saklista.
- Sak 2: Val av ordstyrar og uppritar.
- Sak 3: Årsmeldingi 2000-2001.
- Sak 4: Rekneskapen 2000.
- Sak 5: Arbeidsplan og budsjett 2001-2002.
- Sak 6: Fråsegner.
- Sak 7: Val.
- Sak 8: Ymist.

Alle som hev svara årspengar i 2001, hev røysterett.

Hev du framlegg til styresmannsemne, kann du meldu ifrå til valnemndi v/ Lars Bjarne Marøy, tlf. 62 81 43 95. På laurdag er det seminar same staden. Tilskipar er Norsk Bladmannalag.

Alle høgnorskfolk er hjartelag velkomne.

Framlegg til arbeidsplan 2001-2002:

1. Sanking av ti nye lagsmenner.
2. Gjenomføra høgnorske møterekkjor i Oslo og der det elles er mange nok lagsmenner til å halda møte.
3. Gjeva ut Høgnorsknytt fire gonger um året.
4. Utbreida høgnorsktankane i andre lag.
5. Skipa til ei høgnorsk samling sumaren 2002.

Årsmelding for Høgnorskringen 2000-2001

Den siste arbeidsbolken, den tridje sidan laget vart skipa med eige styre med tilhelde i Oslo, hev ikkje vore den mest hendingsrike i lagssoga. Lagslyden og styret hev kvar fyre seg fenge gjort smått og stort som hev tent lagsfyremålet, men nokon viktige sameinte framstøtar hev det lidne året ikkje bode på.

Ålment um stoda for høgnorsk

Høgnorskrørsla vert mykje meir påansa i målordskiftet enn fyrr. Motmennene hev ein viss age for oss, for dei veit me er ei kraft dei ikkje kann blåsa åt. Høgnorsk-skrivande skil seg ut i målbladi, ikkje berre gjennom dei audsynte formfråviki frå den rådande nynorsken, med av di dei hev ei eigi umsut for målet sitt, både med tanke på folkeleg, endefram målføring og reinleik i ordtilfanget. Den mest utbreidde nynorsken vert meir og meir gjennomhola av bokmålsord og -vendingar. Alle demningar er longe brotne og alle grensor yverskridne for kva som kann tillatast i nynorsk. Denne illstemna kann ikkje halda fram stort lengre anna ho skapar motstraum og kallar målfolk til strid mot uppsmuldring av det målet me hev so kjært og set so høgt. Det er synd å sjå at Noregs Mållag, i vissa det breide grunnfjellet der som ikkje hev gjenge seg i vill i taktisk spel um rettskrivingskrav, ikkje set hardt mot hardt og målber mistillit mot Norsk språkråd. Til so lenge held Høgnorskringen fram i fredelegt stræv for å syna at tradisjonell nynorsk er både dugande og fullført, jamgjadt med bokmålet og meir til.

Landslaget Høgnorskringen er innskriven i, Ivar Aasen-sambandet, hev møtt Kulturdepartementet til dryftingar for fyrste gong. Utsendingane frå Sambandet, som alle òg er med i Ringen, vart vel fagna av rådgjevaren, som viste seg å hysa mykje godhug for kravi våre. Noko handfast mynte møtet di verre ikkje ut i - lovnad um språkrådssæte kunde departementsmannen ikkje gjeva. Like radt synte møtet at den vollgravi av motstand frå statlegt hald mot å koma med eitergifter til oss på høgnorskssida ei å minka og at nie verre høyde på meir enn fyrr.

Tiltak og saker i året som hev gjenge

Høgnorsknnytt med meldingar frå styret um det som hev hendt og det som er gjort sidan sist, hev kome ut two gonger. Det fyrste nummeret i 2001 var det tjukkaste nummeret nokon gong. Det hev stundom vore skort på høvelegt tilfang til det little bladet, men det er òg greidt å hava ein bindelekk millom styret og lagsflokken utan at han plent lyt koma so hosta ofte. Di meir meldingar og innkast frå grunnplanet som kann skapa kveik og nöra upp under framtaiksviljen i lyden, di tidare kann me senda ut Høgnorsknnytt.

Styret var våren 2001 med på to viktige tilskipingar som samla dei idugaste høgnorsk-tilhengjarane til stemna: Landsmøtet i Ivar Aasen-sambandet, halde i Bjørgvin, og Høgnorsk-dagane i Volda. I Bjørgvin var det både byfolk og langvegsfarande bygdefolk som møtte; flestalle lagt i samskipnaden hadde teke vegen til Gimle der møtet vart halde. Landsmøtet bar bod um ein livssterk og stridsviljig høgnorskflokk som ikkje gjev upp endå um motbakkane er lange og bratte. Von i den offentlege målpolitikken vart òg tend, eit teikn på at seigt og trottugt arbeid ikkje er fåfengt. Ein sendemann som kasta fram tvil um sidemålsstilen bata målsaki, vart møtt med kvasse motsegner og hovudristing. Pågangen mot nynorskt sidemål hev vore meir til stelp enn til hjelp for saki vår. - Høgnorskdagane baud på eit overlag mangslunge og lærerikt program dette året. Fyredragshaldarane, alle so nær som ein voldingar, tok fyre seg fengslande emne som diktaren Henrik Straumsheim, dogme i læra um den indo-europeiske målætti, livet og læra åt lærarskulemannen Erling Kristvik og rikdomen i det nynorske ordtilfanget. Di verre var flokken som fylgte talone på Høgnorsk-dagane, ikkje serskilt fjølment. Talaruppbodet kann ikkje bera skuldi for det, kor som er.

Nokre nye lagsmenner hev kome til sidan fyrre årsmøtet, både unge og gamle. Det vide aldersspennet i Ringen vitnar um eit lagsfyremål som fengjer breidt og som er liv lage for framtidi. Styret hev i nokon mun ringt heim til tingarar av Vestmannen i ein freistnad på å sanka nye lagsmenner. Sidan hadde det òg vore tenlegt å ringja til folk i laget og rökja etter um nokon hev planar for å vinna meir gjenomslag ålmant.

Elles hev det påemna høgnorskhefte teke endeleg form i bolken, og gjeng alt etter den uppsette planen, skal det kunna leggjast fram på årsmøtet i fyristningi av oktober. Dei i lagslyden som ikkje møter, men hev svara årspengar for 2000, får tilsendt eit fritt næme kvar med tilbod um å få fleire til sal og spreidning.

Sume av styremennene hev lagt seg i selen i strid for høgnorsk på ymse umkverve. I ser vil me nemna Klaus Johan Myrvoll og Olav Torheim som hev trive pennen og drege sverd for høgnorsk saki både i lesarbrevspaltr i bladi og på ordskiftelistor på verdsveven.

Eit nytt tilskot med beinveges utspring i Høgnorskringen er Blindern Høgnorsklag. Med Kjetil Aasen i brodden hev laget skipa til opne møte ved Universitetet i Oslo, der norsk-dansken enno held stand og nynorsken som synest, er vesal og vinglut. Lagsmennene hev sloppa til i universitetspressa med breide og bilætrike uppslag, so dei som fylgjer med der, hev venteleg gjeve gaum på denne lagstilvoksteren.

Det økonomiske vedskiftet hev vore vandelaust i bolken, både takk vere jamleg tilførsla av årspengar og rauste gávor frå heilhuga folk i lagslyden. Styret er sers takksamt for den yverstrøymande gjevargleda. Høgnorskringen stend soleis trygt, og det er fullt forsvarlegt å gjeva ut hefte og fenge det prenta i eit rikelegt upplag.

Styret hev havt etter måten fåe samkomor denne bolken. Dette kjem både av at fyrelogone som hev vore uppe, ikkje hev kravt at styret laut samlast til avgjerd og at mengdi av saker ikkje stødt hev vore hardla stor.

Dei som hev havt umber i den framfarne arbeidsbolken: Håvard Tangen (formann), Olav Torheim (varaformann), Dag Hagen Berg (kassastrýrar), Klaus Johan Myrvoll og Kjetil Aasen (styremenn). Varamenner: Anders Olsen, Sverre Johnsen, Ivan Digernes, Gunleiv Hadland og Roger Dyrøy. Valnemndi: Lars Bjarne Marøy, Roger Dyrøy og Filip A. Stokkeland.

Vedlegg 3

Høyringsbrev til skyldfolket etter Halldor O. Opedal, dagsett 10. november 2003.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 10. november 2003.

Til:

Skyldfolket etter Halldor O. Opedal
Styremennene i fondsstyret

Høyringsbrev

Styret (fondsstyret) i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking bed um innspel og merknader til dei upptaki til umskipingar som er gjortde og som fondstyret no skal vurdera å gje i fondsfyresegni (statuttane) til fondet.

Halldor O. Opedal, fødd 1895, avlidne 1986, sette 29. desember 1971 upp eit fågebrev der han skipa Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. I fågebrevet vart det òg sett opp ei fondsfyresegn. Fondsfyresegni vart i si endelege form fastsett på skipingsmøtet til fondet som vart halde på midten av 1970-talet.

Fondstyret ynskjer å vitra skyldfolket etter Halldor O. Opedal um fylgjande og beda um innspel og merknader på dei umskipingane som det er gjort upptak til og som er til vurdering.

Fondsfyresegni som Halldor O. Opedal sette upp slær millom anna fast fylgjande:

§1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda opp måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet å professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§ 3 (fyrste lekken)

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styremann med varamann.

Normalt kann det ikkje gjerast endringar i dei fyresegnene som skiparane av fond gjer i samband med skipingi av fondet. Det ligg, etter fondsstyret si meining, fyre endringar av dei fyresetnadene som låg til grunn for fondsfyresegni. Det hev òg vore gjort lovendringar som gjer at ei ikkje kann fylgia fondsfyresegni slik ho vart sett upp i 1971. Fondsstyret hev difor gjort upptak til å gjea brigde i fondsfyresegni (umskipingar).

Umskipingar er endringar av fondsfyresegner. Det er etter stiftingslogi Kongen som kann umskipa fondsfyresegner, jfr. § 32. Denna retten er delegera vidare til Fylkesmannen, i vårt tilfelle Fylkesmannen i Hordaland.

Det er berre skiparen og fondsstyret som kann søkja um umskipingar, jfr. § 33.

Fyrr søknaden vert send, skal det hentast inn innspel og merknader ("uttalelser", jfr. § 33 andre lekken) frå millom anna skyldfolket til skiparen dersom han er avlidne og frå organisasjonar og andre som umskipingsspursmålet vedkjem.

I samhøve med og i medhald av stiftingslogi bed fondsstyret um innspel og merknader på framleggi til brigde i fondsfyresegni som det er gjort upptak til, jfr. søknaden til fylkesmannen dagsett 7. november 2003, og på dei framleggi til brigde som er reiste i detta brevet.

Det var i hovudsak vallagi i fondet som var høyringsinstansar i fyrste høyringsrunden, no i andre høyringsrunden hev fondsstyret valt å auka høyringsinstansane, serleg skyldfolket til Halldor O. Opdal. Vallag er dei fem lagi som hev rett til å peika ut styresmenn til fondsstyret, sjå det som er nemnt framanfor i § 3.

Høyringsfresten er sett til 10. desember 2003.

Det hev vore ein høyringsrunde med i alt fire høyringsbrev. Dessa brevi vart sende til styri i vallagi til fondet. Den fyrre høyringsrunden er no avslutta, og søknaden um umskiping er send.

I høyringsrunden er det kome inn nokre innspel som lyt dryftat vidare fyrr fondsstyret eventuelt sokjer um umskiping av fondsfyresegni.

• Turnusskipnad

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt, i fyrste høyringsrunden, framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmene slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmar og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styresmenn med vara. I 2006 går to ut etter loddrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret tykkjer dette framlegget ev. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styresmennene sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år, vil det fort føra til at lagi vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

- Utpeiking av nye vallag?

Fondsstyret tok i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 opp spørsmålet om det skulde peikast ut nye vallag, attåt dei dei som i dag hev valrett eller i staden for til dømes Vestlandske Mållag. Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uheldig for eit landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen. På styremøtet 19. november 2003 vart ikkje spørsmålet dryft.

Fondsstyret skreiv i høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002 fylgjande:

Vallag

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og fålagsmenn. Andre hev reist spørsmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spørsmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber mālsynet å Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spørsmålet.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande i fyrste høyringsrunden:

Vallag – nye lag?

VM ser at fondsstyret dryfte tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er imot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. VM registrerer at det vert ført til torgs at VM hev fāe medlemer. VM er av den meinangi at det ikkje er spørsmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meininger vallaget fremjar som skal avgjera spørsmålet um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni klārt at Noregs Mållag var massegrennlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass i detta berre ein styresmann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingsslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klārare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides imot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre samskipnader vert gjevne valrett.

Fondsstyret skreiv i søknaden til fylkesmannen um umskiping som er dagsett 7. november 2003, fylgjande:

6.3. Utpeiking av nye vallag

Fondsstyret tok opp i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 spørsmålet um ein skulde peika ut nye vallag, attåt dei noverande eller i staden for til dømes Vestlandske Mållag. Fondsstyret hev etter styremøtet 19. oktober 2003 fenge søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Fondsstyret hev difor ikkje dryft detta spørsmålet.

Fondsstyret ynskjer merknader frå høyringsinstansane på spørsmålet um vallag. Søknaden frå Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld Høgnorskringen hev samskipnaden funnest år og er velkjend i målrørsla, for nærmere informasjon ligg siste godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer eller treng meir informasjon um dessa lagi kann kontakta formannen eller skrivaren i fondsstyret.

ANDRE TILHØVE SOM FONDSSTYRET YNSKJER Å VITRA UM OG FÅ INN MERKNADER TIL

Fondsstyret fekk i samband med fyrste høyringsrunden inn framlegg um umskiping som ein kunde formulera på ein annan måte, og det kom òg tilleggsframlegg.

- Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn og frest på seks månader for å reisa sak ved usemja med vedtak um umskipingar

Fondsstyret vedtok etter høyringsrundane å leggja til ei fyresegn i framlegget til brigde som set ein frest for å protestera ved umskipingar, til seks månader. Fondsstyret hadde sent ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande:

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtak å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Fondsstyret fekk i fyrste høyringsrunden inn fylgjande merknad frå Ivar Aasen-sambandet um innføring av krav um tilslutnadsfråsegn:

Tilleggsmerknad

Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev, skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):

«Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtak å velja styresmann og varamann etter dei nye fyresegnene. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann eller varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styremenn yver til dei andre vallagi.»

Vestlandske Mållag melde fylgjande:

Krav um tilslutnadsfråsegn:

VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettslege spørsmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølv sagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt meldta tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) boyta seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalene med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka opp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane, jfr. søknaden til fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn

Fondsstyret syner til at det ikkje hev kome motsegner til ei slik tilslutnadsfråsegn frå vallagi. Fondsstyret peikar òg på uroi som hev vore dei siste åri, og syner til høyringsinnspelet frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Når det gjeld skyldnaden til å reisa sak um umskipingar som vallagi ikkje er samde i, vert det synt til liknande fyresegni i lutlagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der det stend at luteigarar o.a. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan stutt frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål, vert det sét på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingsplikti som ein her fremjar andsynes vallagi, gjeld berre den rolla dei hev som lag med rett til å peika ut styremenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denna fyresegni å få rudd burt tvistar um fondsfyresegni. Vallagi fær anten segja seg samde eller reisa sak um dei er usamde med umskipingar.

Twistar fører til uro og uvissa både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skyldnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knytte til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnt framanfor. I tillegg til tilvisingi til log um lutlag kann ein òg syna til ei onnor parallel ordning, jfr. den retten offentlege styremakter hev til å setja ein frest på seks månader med å reisa søksmål ved usemjø med forvaltningsvedtak, jfr. tvistemålslogi § 437 andre lekken. Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003, med tillegg [] frå formannen:

Vestmannalaget [og Noregs Mållag] hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Ivar Aasen-sambandet hadde munnleg kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Fondsstyret slutta seg til dette framlegget.

Fondsstyret registrerer at ingi vallag hev mælt mot tilslutnadsregelen prinsipielet og ingi vallag ynskjer å reservera seg sjølv mot ei slik plikt.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003, i tilknyting til fyresegni um tvungen skildsdomstol i § 3:

Det er viktig å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålfrest, jfr. § 6, sjå seinare [her i brevet nemnt framanfor]. Framlegget um skipnad for tvisteløsing i § 3 gjeld i hovudsak twistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som eller som konsekvens av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløsing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfyrehavingi som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spørsmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styremann.

Fondsstyret vedtok å sökja um fylgjande umskiping (tillegg til gjeldande tekst):

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styremann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styremann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei før spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styremann over til dei andre lagi.

- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Fondsstyret vedtok òg etter høyringsrundane å koma med ei onnor formulering um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande tekst:

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei two vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnevningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret uttala etter høyringsrundane fylgjande, jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

6.5. Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Halldor O. Opedal sette opp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styremannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opedal la fram i gávebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyringsinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gávebrevet som er teke med i den mest brukta utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styresmann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styremannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styremenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rettare å nyttja ordi – etter at styremannen tok sæte – i staden for – etter at uppnevningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styremannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.

Fondsstyret vedtok difor fylgjande tekst um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten (tillegg til gjeldande tekst):

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styremann som er vald frå eit lag som – etter styremannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Spørsmål kann rettast til:

- Skrivaren i fondsstyret Lars Bjarne Marøy e-post: lbmaroy@c2i.net
- Underskrivne på telefon: 90 97 35 39


Fondsstyret bed um at innspel og merknader vert innsende fyrr 10. desember 2003.

Fondsstyret gjer merksam på at vantande attendemelding vert rekna som tilslutnad til framleggi til brigde som det er gjort upptak til eller som er nemnde i detta brevet som mogelege brigde i fondsfyresegni.

Merknadene og innspeli må sendast til:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg: Søknaden um umskiping av fondsfyresegni, jfr. brev dagsett 7. nov. 2003.
Framlegg til heilskapleg fondsfyresegn, jfr. styrevedtak frå 19. okt. 2003.
Søknad um valrett til fondsstyret frå Høgnorsk student- og elevmållag
Årsmelding frå Høgnorskringen

Avprent er sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Vedlegg 4

Høyringssvar frå skyldfolket, dagsett 10. desember 2003.

Ingvild Nistov
Stensgata 41 D
0451 Oslo

Oslo 10/12-03

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919—Sentrum
5808 Bergen

Fråsegn i samband med høyring vedr. fondføresegna. for Halldor O. Opedals fond

Ein viser til høyringsbrev datert 10.11.03, som vart sendt skyldfolket til Halldor O. Opedal.

Underteikna vil med dette koma med fråsegn etter fullmakt frå fleire som har motteke høyringsbrevet. Desse er etterkomrarar av fem søskjen:

Ingrid Lindvik (systerdotter)
Margrethe Sofie Groven (systerdotter)
Liv Sandland (systerdotter)
Marit Stuland (brordotter)
Marita Nistov (brordotter)
Halldor Opedal (brorson)
(Underteikna er dotter til Marita Nistov).

Det er med undring vi konstaterer at skyldfolket ikkje blei tilskrivne ved første høyringsrunde. Det har blitt oss fortalt at fondstyret har den oppfatninga at skyldfolket ikkje er interessert i spørsmåla vedr. fondet, men dette er ikkje rett. Som skyldfok er vi opptekne av at Halldor.O Opedals fond blir skjøtta på ein ryddig måte.

Vi ser grunn til å kommentera følgjande punkt i det framlagte endringsforslaget:

Utpiking av nye vallag, jf §3

-Skyldfolket ser ingen grunn til å utvida talet på vallag, eller å ta inn nye lag.
Vi meiner fondføresegna på dette punktet bør stå slik ho er formulert av Halldor.O Opedal.

-Det kan likevel vera fornuftig å forandra på valordninga, slik at den blir i tråd med dagens organisasjonspraksis (jf. fråsegn frå Noregs Mållag, 13.10.03)

Sete for fondet, jf §3 og §6

Skyldfolket meiner at fondet, som i dag, bør ha sete i Bergen, og at Bergen Tingrett er heimetinget.

Oppnemning av ettersynsmann, jf. §4

Skyldfolket ser det som svært viktig at fondet har profesjonelle ettersynsmenn. Vidare, har vi forstått det slik (m.a fra presseoppslag) at det har vore mykje usemje i fondstyret, og vi meiner det bør stå i fondføresegna at ved slik usemje må ettersynsmannen utpeikast av ein nøytral instans.

Vi vonar at fondet som ber vår farbror og morbrors namn for framtida kan bli skjøtta med den vørnad Halldor O Opdal fortener.

På vegne av

Ingrid Lindvik, Margrethe Sofie Groven,
Liv Sandland, Marit Stuland, Marita Nistov og
Halldor Opdal

Ingrid Nytor
Ingvild Nistov

Ingrid Lindvik
Sandvin Hageby 9
5210 Kalandseide

Margrethe Sofie Groven
Kviteseidvegen 470B
3850 Kviteeid

Liv Sandlanf
Jacob Alls gt 51 B
Oslo

Marit Stuland
5780 Lofthus

Marita Nistov
Motippen, 5750 Odda

Halldor Opdal
Irisveien 1
Oslo 8

Kopi til Fylkesmannen i Hordaland

Vedlegg 5

Høyringssvar frå Noregs Mållag, dagsett 10. desember 2003.

Halldor O. Opedals fond
Postboks 919 – Sentrum
5808 Bergen

Dykkar referanse:

Vår referanse:
185/03-166-EB/GME

Dato:
10. desember 2003

Høyringsrunde nr. 2

Det vert vist til Dykkar brev av 9.november 2003 om saka.
Styret i Noregs Mållag håndsama saka på møte 6. desember 2003 og kjem med følgjande fråsegn:

Eit samråystes styret viser til fråsegna Noregs Mållag gav i fyrste høyringsrunde og held fast på denne. Me ser at det er teke omsyn til nokre av endringane og er glade for det.

Styret vil peika på følgjande som ikkje er teke omsyn til:

§ 3

Noregs mållag held fast på sitt framlegg at ikkje alle styremedlemene skal veljast kvart år. Etter setningen "Styremenn med varamenn vert valde for fire år" kjem inn denne setningen:

"slik at to styremenn med varamenn er på val etter to år og 3 styremenn med varamenn er på val etter 4 år (kven som går ut etter 2 år vert avgjort etter loddtrekking")

Neste setning vert i samsvar med vår tidlegare tilråding:

"Aldersgrensa oppover er 75 år, d.v.s. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller

71 år."

Ein annan måt å få dette fram på er å seia at

"ingen kan veljast inn i styret etter det kalenderåret ein fyller 71 år".

Ei slik endring eller presisering som er gjort framlegg i desse to alternativa kan hindra framtidige tvistar.

Ny siste setning i § 3 i samsvar med første høyringsutkast.

Etter "Reglane om skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld." kjem inn

"Bergen tingrett er heimeting."

§4.

Noregs Mållag er samd med at "ettersynsmannen" skal peikast ut av styri i dei lag som har valrett til fondet. Noregs Mållag kal likevel ikkje godta at eit fleirtal skal avgjerda valet ved usernje og vil ha inn sitt tidlegare endringsframlegg:

"Dersom det ikkje er semje i vallaga, vert revisor peika ut av fylkesmannen"

Etter det oppstyret som h ar vore om fondet dei siste åra er dette noko som kan gje styret "truverde" utover.

§ 6.

Noregs Mållag kan ikkje sjå grunn til å fråvika endringsframlegget frå fyrste høyningsrunde og held fast på si fråsegn her. § 6 andre lekk sin ordlyd bør vera:

"Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett upp. Vallagi som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi"

I endringsframlegget frå styret er det eit nytt avsnitt, avsnitt 5 som tek til slik:

*"Styresmenn som er valde.....
og sluttar slik "vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken"*

Dette avsnitt går ut.

Grunngjeving: Det er ikkje laga som er representerte. Dei nemner ut styremedlemmer og skal sjå til at pengane vert forvalta på rett måte i samsvar med føresegne. Når representanten er peika ut lever han sitt sjølvstendige liv uavhengig av kva oppnemningslaget gjer og meiner. Det er ikkje oppnemningslaget sine interesser som skal ivaretakast.

Nest siste avsnitt i § 6 får følgjande ordlyd:

"Fondet har sete i Bergen"

Ei plassering andre stader på Vestlandet er uakzeptabelt for Noregs Mållag og så langt vi finn ut også i strid med Opdals vilje

Me er glade for at styret har funne plass til vårt framlegg til eit nytt siste avsnitt.

Høyningsbrev av 11. november 2003 om opptak av nye lag og utviding av fondsstyret.

Noregs Mållag handsama saka på styremøte 6. desember 2003.

+4722477101

Eit samrøystes styre sa nei til opptak av nye vallag og utviding av styret.

Eit styre på 5 personar er meir enn nok til å fordela avkastninga frå fondet i samsvar med føresegner. Noregs Mållag ynskjer best mogeleg forvaltning av fond og fondsmidlar i samsvar med vedtekter.

Med vennleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Endre Brunstad
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar

Vedlegg:

Kopi til:

Vedlegg 6

Høyringssvar frå Vestlandske Mållag, udatera.

Til:
Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Vallagi til fondsstyret
Fylkesmannen i Hordaland

Svar på høyringsrunde nr. 2

Vestlandske Mållag vil med dette koma med fylgjande fråsegn i samband med at styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev bede um fråsegn um dei upptaki til umskipingar som er gjorde og som no er til vurdering å gjera i statuttane til fondet.

Det er som det vert upplyst i høyringsbrevet Fylkesmannen i Hordaland som avgjer um det skal gjerast endringar i statuttane, kfr. § 32 i stiftingslovi. Styret hev i medhald av stiftingslovi, kfr. § 33, varsla oss og bede oss koma med fråsegn um two serskilde attåframlegg til endringar i statuttane og sume andre spørsmål. Det gjeld fastsetjing av ei ordning med utskiftingar av helvta av styrtet i fondet anna kvart år i staden for heile styret kvart fjorde år og å velja inn nye vallag.

Samandrag

Vestlandske Mållag er samd i intensionen i framlegget frå Noregs Mållag um ein annan skipnad for utskiftingar i styret i fondet, i motsetnad til styret. Endringar av statuttane kann likevel berre gjerast um det ligg fyre endra tilhøve, stiftingslovi, kfr. § 35, i høve til tidspunktet då dei upphavlege statuttane vart sette upp. Det ligg, etter meinungi til Vestlandske Mållag, ikkje fyre endringstilhøve som er so store at dei gjev opning for endring etter § 35 i høve til fyresegni um korleis styret skal bytast ut. Vestlandske Mållag er difor ikkje samd med styret i synet på sjølv ordningi, men vil likevel ikkje stydja endringi sidan det ikkje finst heimel for framlegget i stiftingslovi.

Vestlandske Mållag meiner i høve til spørsmålet um å vraka vallag at det ikkje ligg fyre tilhøve som er so mykje endra at dei opnar for endring etter stiftingslovi kfr. § 35. Det er difor ikkje heimel for å vraka Vestlandske Mållag som vallag. Vestlandske Mållag meiner at ei lyt takast opp i høve til andre avsnitt i § 35. Andre avsnitt i § 35 krev berre at vedkomande fyresegn "viser seg å være uheldig eller uhensiktsmessig". Formulerangi i andre avsnitt vil med andre ord segja at det skal mykje mindre til for at det ligg fyre heimel for endringsframlegget, enn etter fyrste avsnitt i § 35. Vestlandske Mållag meiner likevel at det i dag ikkje finst heimel i andre avsnitt i § 35 til å velja inn nye vallag.

Når det gjeld framleggi um søksmålsfrest og ny ordlyd i høve til når styremenn lyt ut or styret ved millom anna uppløysing av vallag, meiner Vestlandske Mållag at framleggi er innanfor dei råmone som vallagi vart vitra um tidlegare. Vestlandske Mållag er samde i både at det finst grunnlag i § 35 for endringane og at dei er tenlege for fondet.

Fråsegn frå Vestlandske Mållag um fastsetjing av ei ordning med utskiftningar av helvta av styret anna kvart år i staden for heile styret kvart fjorde år
Styret i fondet skreiv i høyringsbrev nr. 5 (høringsrunde nr. 2) fylgjande til vallagi:

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

Vidare ynskjer Noregs Mållag at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styremennene slik at det vert eit delvis skifte av styremennene og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styremenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. Noregs Mållag har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

Styret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Styret tykkjer dette framlegget evt. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styremennene sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter two år, vil det ført føra til at laget vil leggja vekt på å få inn folk som fremtar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

Vestlandske Mållag meiner at styret burde ha sendt ut ei konkret formulering av ei fyresegn som slår fast ordlyden i ei eventuell ny fyresegn. Når det er sagt er intensjonen i framlegget som Noregs Mållag hev reist klårt nok til at ein kann taka stode til prinsippet bak ei slik ordning.

Vestlandske Mållag meiner at ein slik skipnad kunde ha noko fyre seg, men er meir i tvil um det ligg fyre heimel til å fastsetja ei slik ordning. Det vert synt til at stiftingslovi, § 35, krev at det skal liggja fyre endra tilhøve um ein skal gjera endring i statuttane til fondet. Vestlandske Mållag meiner det ikkje er godt gjort at det ligg fyre slike endra tilhøve som nemnde i § 35 i høve til ei eventuell fastsetjing av ei fyresegn um at helvta av styret vert bytt ut kvart andre år i staden for heile styret kvart fjorde år. Vestlandske Mållag vil difor melda i frå um at det ikkje styd framlegget som styret i Noregs Mållag hev teke til orde for.

Fråsegn frå Vestlandske Mållag um spursmålet um å velja inn nye vallag og/eller å vraka noverande vallag

Styret i fondet skreiv i høyringsbrev nr. 5 (høringsrunde nr. 2) fylgjande til vallagi:

Styret skreiv i høyringsbrev nr. 1, frå 14. november 2002 fylgjande um spursmålet:

Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leiduly Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spursmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri

*vakse sterkt og målber målsynet åt Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte.
Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta
spursmålet.*

*Det kom berre innspel frå Vestlandske Mållag, som melde følgjande:
Vestlandske Mållag ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal
veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september
2003. Vestlandske Mållag er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag
– det kann vera mange gode grunnar til det – men Vestlandske Mållag er i mot
at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. Vestlandske
Mållag registrerer at det vert ført til torgs at Vestlandske Mållag hev fâe
medlemer. Vestlandske Mållag er av den meinингi at det ikkje er spursmålet
um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva
målpolitiske tankar og meininger vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet
um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni
klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag
fekk trass detta berre ein styresmann, medan eit lite lag som Norsk
Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klârare då fondet hadde
skipingsmøtet sitt i 1976. Vestlandske Mållag gjeng soleides imot at
Vestlandske Mållag vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre
samskipnader vert gjeven valrett.*

*Styret (i fondet) hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til
noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uheldig for eit
landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen.*

*Det er òg eit spursmål um ein skal vraka vallag eller å auka talet på vallag. Eitt vallag
meir vil føra til at talet på vallag vert seks (partal), eller skal ein velja inn two vallag
for å få eit samla tal på sju (oddetal). Formannen legg vekt på at samla tal på vallag
lyt vera oddetal, ikkje partal. Formannen meiner at det er dei ideologiske aspekti som
tel mest ved vurderingi av spursmålet um vraking og/eller nyval av vallag. Det vil
segja um gamle eller nye lag fremjar fyremålet som Halldor O. Opedal sette for
fondet, jfr. § 1.*

*På styremøtet 19. oktober vart ikkje spursmålet dryft, men etter detta styremøtet er det
kome ein søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Søknaden frå
Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld
Høgnorskringen hev samskipnaden funnest nokre år og er velkjend i målrørsla.
Nærare informasjon ligg godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer
eller treng meir informasjon um dessa lag, kann kontakta formannen eller skrivaren i
fondsstyret.*

*Det er difor ynskje um utsegner um spursmål um (1) ein skal velja inn nye lag berre
um ein vrakar eitt overande vallag, (2) ein kann taka inn nytt/nye vallag attåt dei som
er med no, (3) det samla talet på vallag kann vera partal, og (4) kva grunnlag
vurderingi skal gjerast på.*

Vestlandske Mållag meiner at ein kann reisa store spursmål um det i høve til dette spursmålet
ligg fyre endra tilhøve, som er kravet i stiftinglovi § 35 for at statuttane kann endrast.
Vestlandske Mållag meiner at styret er inne på sume viktige umstende når det peikar på at
fondet ikkje må verta eit "Bergensfond", men eit fond for heile landet – slik Opedal sjølv
fastsette i statuttane for fondet. Det var eit samstemt ynskje i 1999 um å få rydja burt

kameraderiet som rådde grunnen i leidingi i fondet fram til det noverande styret i fondet tok sete våren 2000. Likevel meiner Vestlandske Mållag at det ikkje ligg fyre klåre og eintydige endra tilhøve som gjev heimel for å endra statuttane, slik stiftingslovi er formulera i § 35. Det ser til all hell ut til at leidingi i fondet no, hev teke dei turvande grep i for å få slutt på dei uheldige umstendi som rådde tidlegare..

Når ein ser på det som er problemi i høve til drifti av fondet er det ikkje Vestlandske Mållag og eventuelle vantande medlemstal i Vestlandske Mållag som er det avgjerande. Det som er problemet er at sume vallag ikkje hev klårt fyre seg at dei ikkje kann leggja seg burt i styringi av fondet. Det siste dømet er innspeli som er komne frå serleg Vestmannalaget og i nokon mun Noregs Mållag i høve til fondet sine vedtak um løvingar til Norsk Bokreidingslag. Det er klåre yvertramp frå Vestmannalaget og Noregs Mållag når dei let vera å godkjenna rekneskapen til fondet av di styret i fondet hev avslørt at Norsk Bokreidingslag hev prøvt å lura til seg midlar som det ikkje hadde rett på og at styret i fondet av den grunnen set strenge krav til dokumentasjon for studnad til Norsk Bokreidingslag.

Yvertrampet vert ikkje mindre av at Vestmannalaget er ein av dei største luteigarane i Norsk Bokreidingslag og leiaren i Noregs Mållag hev nære band til fleire av styreleidene i Norsk Bokreidingslag. Ein bør kunna krevja at lag som skal vera med på å velja styre og godkjenna rekneskapen for fondet, ikkje blandar korti. Det lyt setjast klåre krav um at ein ikkje kann lata vera å taka stode til rekneskapen av di vallaget er storaksjonær i Norsk Bokreidingslag eller at formannen i vallaget hev nære band til styret i Norsk Bokreidingslag.

Ein kann ikkje gardera seg mot slik uheldig og rettsstridig innblanding, men Vestlandske Mållag meiner at det no må gjerast tiltak som gjer at fondsstyret slepp å bruka tid på å forklåra vallagi elementære tilhøve knytt til fylseregnene, og gong på gong få meiningslause skuldingar retta mot seg. Framleggi til endringar av dei andre paragrafane er gagnlege i so måte. Det hev heller ikkje vore eit spørsmål um medlemstal og uppslutnad i denne striden. Vestmannalaget er pr. i dag eit medlemslag i Vestlandske Mållag. Vestlandske Mållag hev fleire medlemslag og soleis fleire einskildmedlemer enn Vestmannalaget åleine.

Tanken um å vraka Vestlandske Mållag som vallag er derimot lite konstruktivt. Vestlandske Mållag hev òg konkludera med at det ikkje ligg fyre heimel etter stiftingslovi kfr. § 35 til å vraka noverande vallag.

Heilt ålement meiner Vestlandske Mållag at det heilt klårt skal meir til fyrr styret i fondet kann søkja Fylkesmannen um å vraka vallag enn å søkja um å få velja inn nye vallag. Vestlandske Mållag ser det so at det er eit meir inngripande tiltak å vraka vallag enn det er å velja inn nye. Difor hev Vestlandske Mållag konkludera med at ein ikkje treng å leggja same vurdering av kor mykje endring som skal til fyrr ein vel nye som ein lyt ved vraking, når ein skal taka stode til desse to spørsmåli. Spørsmål um vraking lyt vurderast etter første avsnitt i § 35 som krev at vedkomande fylseregn "er blitt åpenbart uheldig eller åpenbart uformuflig". Spørsmålet um ein skal velja inn nye lag kann, etter Vestlandske Mållag si meinig; gjerast etter andre avsnitt i § 35 som krev at vedkomande fylseregn "viser seg å være uheldig eller uhensiktmessig". Formuleringi i andre avsnitt vil med andre ord segja at det skal mykje mindre til for at det ligg fyre heimel for endringsframlegget. Spørsmålet vert då um det ligg fyre endra umstende som opnar for nyval av vallag, sjølv um det ikkje ligg fyre heimel for å vraka vallag. Det lyt i so fall vera at eit umstende som er endra frå statuttane vart sette upp. Det kann sjølv sagt sjåast på som nye umstende at det er skipa nye lag som styd eller fremjar fyremålet som fondet hev, men Vestlandske Mållag meiner at det lyt meir til for å tala um endra tilhøve etter stiftingslovi kfr. § 35. Det kann sjølv sagt vera moment som i lag med andre til saman gjer at ein hev grunn til å tala um endra tilhøve etter stiftingslovi. Ein ser ikkje burt frå kombinasjonen vantande

tilknytning til det Bergensmiljøet, ynske um å få inn yngre folk i styret for fondet og hug til målreising og målodling i tradisjonen etter Gjelsvik og Indrebø.

Vestlandske Mållag vil peika på two umstende som ein ikkje kann sjå at styret i fondet hev dryft i samband med at ein vurderar eit anna tal på vallag. Det eine er fyresegni i statuttane kfr. § 3 um når styret er røysteført. Det andre er fyresegni um at fire styrelemer kann visa burt eit lag, kfr. statuttane sin § 6. Vestlandske Mållag vil syna til at stiftingslovi fastslår at "Som styrets vedtak gjelder det som flertallet av de møtende har stemt for.". Vestlandske Mållag vil gjera framlegg um at ein fastsett ei ålmen fyresegn, ikkje talfesta, um at styret er røysteført når minst helvti av styrelemlene møter. Vestlandske Mållag gjer framlegg andsynes styret i fondet um det vurderar fylgjande endring i statuttane sin § 3: "Eit møte der i minsto helvta av styremennene møter er vedtaksført." i staden for formuleringi: "Eit møte med tri mann er vedtaksført".

Vestlandske Mållag gjer framlegg um at ein ikkje endrar fyresegni um burtvising, av di regelen alt legg upp til sers høgt og kvalifisert fleirtal for burtvising. Vestlandske Mållag legg til grunn at ein ikkje utvidar styret med meir enn two styremenn, um det ikkje er tilfelle lyt ein sjå på denne fyresegni og.

Vestlandske Mållag meiner at ein bør skipa seg so at talet på vallag vert eit oddetal, og ikkje eit partal. Det er etter sedvane vanleg å unngå å setja seg so at det kann verta mykje makt til formannen, som gjer utslaget når røystetali stend likt.

Det er vore peika på at sidan Vestlandske Mållag ikkje hev so mange medlemer, so er det ikkje rettkome at laget hev valrett. Vestlandske Mållag meiner, i samhøve med Opedal, at det avgjerande ikkje er medlemstal eller storleik, men vilje og dugleik til å fremja målreisingi og målodlingi. Vestlandske Mållag hev ikkje endra medlemstalet mykje sidan fondet hadde skipingsmøte i 1976. Det lyt òg peikast på at Norsk Måldyrkingslag alt i 1971 hadde vesentleg færre medlemer enn Vestlandske Mållag, og Opedal valde å peika ut Norsk Måldyrkingslag som vallag, trass i det. Det er difor ingen grunn til å vurdera dei organisatoriske tilhøvi nogrann, men sjå på dei ideologiske og målpolitiske tilhøvi.

Vestlandske Mållag hev konkludera med at det ikkje ligg fyre heimel for å vraka nokon lag no, og at ein lyt sjå på verknaden av dei endringsframleggi som styret hev gjort upptak til fyrr ein gjer ei ny vurdering av spørsmålet um å vraka lag. Vestlandske Mållag meiner at spørsmålet um å sokja fylkesmannen um å velja nye vallag lyt vurderast ut frå eit litt anna perspektiv, enn vraking. Vestlandske Mållag meiner at talet på vallag lyt vera eit oddetal. Vestlandske Mållag meiner at ei vurdering av nye vallag må gjerast ut frå kva som tener fyremålet mest, og um dei nye vallagi vil tilføyra fondet meir ut frå målreisingi og målodlingi. Det er ikkje storleiken som tel, men vilja og dugleiken til å fremja dessa måli.

Fråsegn frå Vestlandske Mållag um tvisteløysingsordning og søksmålsfrest
Styret i fondet skreiv i høyringsbrev nr. 5 (høringsrunde nr. 2) fylgjande til vallagi:

Um den tvungne tvisteløysingordningi i § 3 og søksmålsfresten i § 6, uttala styret fylgjande:

Det er viktig å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest, jfr. § 6, sjå seinare (her i brevet nemnd framanfor). Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar innetter i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som

eller som fylgja av at statuttane vert brigda. I so fall kann styret påleggja ei tvisteløsing etter § 3 som vil hindra normal domstolsfyrehaving som skjer etter § 6. Skuldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spursmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styresmann.

Styret vedtok å søkja um fylgjande umskiping i tillegg til det tidlegare utsende framlegget til tekstu:

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegne koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegne som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Vestlandske Mållag meiner at ein ikkje trøng ny høringsrunde berre for dette tillegget i endringsframlegget som styret hev gjort upptak til. Vestlandske Mållag meiner at ein sjølvsgart lyt kunna venta av vallagi at dei anten godkjennet endringane i statuttane eller gjer seriøse framstøytar for å få endra dei tilhøvi som det er usemjø um. Slik framferd som me hev vore vitne til i dei siste åri um millom anna aldersgrensa lyt vera eit godt døme på at vallagi lyt ha skyldnad til å reisa rettsak eller leggja striden bak seg. At vallag gjennom mange år fremjer klagor og kritikk um same spursmål serleg til instansar som ikkje hev kompetanse til å klårgjera spursmålet, er ikkje fondet tent med. Vestlandske Mållag styd difor framlegget.

Fråsegn frå Vestlanske Mållag um den rettslege verknaden av ymse spursmål um vallagi
Styret i fondet skreiv i høringsbrev nr. 5 (høringsrunde nr. 2) fylgjande til vallagi:

Styret uttala etter (fyrste) høringsrundane fylgjande:

Halldor O. Opedal sette upp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styresmannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner styret er uheldig, og ynskjer å statutfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til statuttane som Opedal la fram i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Styret hev fenge tilslutnad frå høringsinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av statuttane, som millom anna er prenta i "Vestmannalaget 110 år". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gåvebrevet som er teke med i den mest bruksa utgåva av fondsfyresegne, og styret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegne. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" styret skipar seg, kann ikkje møta med styresmann i styret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styresmannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styremenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Styret meiner difor at det er rettare å nytta ordi – etter at styresmannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresettaden er visseleg at styresmannen er vald i samhøve med stiftingslogi og statuttane.

Styret vedtok difor følgjande tillegg til tekst um den rettslege verknaden av uppløysing av vallag::

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to veditaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Vestlandske Mållag meiner at endringsframlegget ikkje er vesentleg, og at det ikkje hadde vore trøng for ei høyring um dette endringsframlegget. Det er innan samskipnadsretten mange ulike definisjonar av nedlegging og uppløysing. Vestlandske Mållag registrerer at styret hev lagt til grunn at sjølvé søknaden til fylkesmannen skal reknast som lovfyrearbeider. Vestlandske Mållag meiner difor utan at ein gjer endring i teksti gjer ei nærmare opprekning av kva ein reknar som nedlegging og uppløysing, og ikkje minst når ein kann reknast som uppløyst. Er konkurs å rekna som uppløysing og når skal ein rekna eit lag som uppløyst, til dømes når konkurs vert opna eller når busyrehavingi er avslutta? Vestlandske Mållag meiner at slike umstende lyt klårgjerast meir presist i alle høve i lovfyrearbeidi. Vestlandske Mållag meiner at eit vallag ikkje kann hava rettar etter at det er opna konkurs i laget. So lenge eit lag er eit vallag, hev det òg rett på den statutfesta løyvingi. Fondet kann ikkje koma i den stoda at det lyt gjeva løyvingar til kreditorar, når fyremålet er å gjeva studnad til målreising og målodling. Skulde ein koma den stoda at urskurd u mopning av konkurs vert sett til sides på eit seinare tidspunkt enn når styret i fondet skipar seg, kann styresmannen slutta seg til styret frå det tidspunktet slik avgjer ligg fyre. Vestlandske Mållag er difor heilt samd i endringsframlegget frå styret, med etterhald um at det òg kjem ei presisering av kva som ligg i umgrepet uppløyst.

Olaar Torheim

Vedlegg 7

Høyringssvar frå Vestlandske Mållag, dagsett 12. desember 2003.

Vestlandske Mållag

Bergen, 12. desember 2003.

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Vallagi til fondsstyret
Fylkesmannen i Hordaland

Retting av ”Svar på høyringsrunde nr. 2”

Vestlandske Mållag vil med dette koma med fylgjande retting av meknaden sin i høyringsrunde nr. 2.

Vestlandske Mållag skrev i det fyrste svaret fylgjande:

”Heilt ålm̄ent meiner Vestlandske Mållag at det heilt klårt skal meir til fyrr styret i fondet kann søkja Fylkesmannen um å vrakar vallag enn å søkja um å få peika ut nye vallag. Vestlandske Mållag ser det so at det er eit meir inngripande tiltak å vraka vallag enn det er å peika ut nye. Difor hev Vestlandske Mållag konkludera med at ein ikkje treng å leggja same vurdering av kor mykje endring som skal til fyrr ein vel nye som ein lyt ved vraking, når ein skal taka stode til desse to spursmåli. Spursmål um vraking lyt vurderast etter fyrste avsnitt i § 35 som krev at vedkomande fyresegn ”er blitt åpenbart ueheldig eller åpenbart uformuflig”. Spursmålet um ein skal peika ut nye lag kann, etter Vestlandske Mållag si meinung; gjerast etter andre avsnitt i § 35 som krev at vedkomande fyresegn ”viser seg å være ueheldig eller uhensiktsmessig”. Formuleringi i andre avsnitt vil med andre ord segja at det skal mykje mindre til for at det ligg fyre heimel for endringsframlegget. Spursmålet vert då um det ligg fyre endra umstende som opnar for nyval av vallag, sjølv um det ikkje ligg fyre heimel for å vraka vallag. Det lyt i so fall vera at eit umstende som er endra frå statuttane vart sette upp. Det kann sjølvsg sjåast på som nye umstende at det er skipa nye lag som styd eller fremjar fyremålet som fondet hev, men Vestlandske Mållag meiner at det lyt meir til for å tala um endra tilhøve etter stiftingslovi krf. § 35. Det kann sjølvsgt vera moment som i lag med andre til saman gjer at ein hev grunn til å tala um endra tilhøve etter stiftingslovi. Ein ser ikkje burt frå kombinasjonen vantande tilknytning til det Bergensmiljøet, ynskje um å få inn ungre folk i styret for fondet og hug til målreising og målodling i tradisjonen etter Gjelsvik og Indrebø.”

Etter nærmere dryfting av rettsgrunnlaget for ei eventuell utviding av fondsstyret er Vestlandske Mållag kome til at grunnlaget for det fyrste svaret bygde på ei mistyding av heimelsgrunnlaget. Vestlandske Mållag la i det fyrste svaret sitt til grunn at avgjerdi um å taka opp nye lag låg hjå Fylkesmannen i Hordaland, krf. stiftingslovi. Vestlandske Mållag ser no at dette ikkje er rett heimelsgrunnlag. Grunnlaget for det fyrste brevet var difor ikkje rett, og konklusjonen misvisande. Vestlandske Mållag vil difor koma med ei ny fråsegn, som er tufta på grunnlaget for å peika ut nye vallag er statuttane sjølve, og ikkje stiftingslovi.

Det fylgjer av stiftingslovi, krf. § 37, at eventuelle reglar i statuttane um umskipingar stend yver lovi sine eigne reglar um umskiping. Vestlandske Mållag meiner difor at styret i fondet ikkje er bunde av dei råmene som det slegne fast i stiftingslovi, krf. § 35. Heimelsgrunnlaget er med det mykje vidare enn det som Vestlandske Mållag lagde til grunn tidlegare.

Det stend i § 6 i statuttane at "*Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret reysta det in og gje det fulle rettar.*" Det er soleides ikkje Fylkesmannen i Hordaland som hev heimel til å peika ut eventuelle nye vallag men, styret i fondet. Det er difor heller ikkje stiftingslovi, kfr. § 35 som er heimelsgrunnlaget for å velja nye vallag. Det er med det heller ingen formelle krav um at det skal vera skjedd ei endring, for å velja inn nye lag. Den einaste endringi som lyt vera skjedd er at det er tale um eit lag som ikkje fanst per 29. desember 1971, då gavebrevet vart sett opp. Dette fylgjer av formuleringi "*nye lag*", krf. statuttane § 6. Båe lagi, Høgnorskringen og Høgnorsk student- og elvemållag, er skipa etter at statuttane vart gjevne, det er difor skjedd ei endring, som oppfylgjer dette kravet i statuttane. Det er òg eit krav um at dei aktuelle lagi lyt "*stetta kravi åt dette fondet*" – det er noko uvisst kva som ligg i umgrepet kravi. Vestlandske Mållag meiner at det her er meint fyremålet til fondet, dvs. at for at lag kann veljast inn som vallag lyt dei fremja eit fyremål som samsvarar med fyremålet til fondet. Vestlandske Mållag meiner at både Høgnorskringen og Høgnorsk student- og elevmållag stettar kravi som er sette i statuttane – i alle høve fremjer dei fyremålet til fondet på ein klårare måte enn mange andre lag, irekna sume vallag.

Vestlandske Mållag meiner, etter at mistydingi av heimelsgrunnlaget er uppkåra, at styret i fondet med heimel i statuttane kann velja inn nye vallag som stettar kravi. Vestlandske Mållag meiner at det no er turvande å velja inn nye lag som kann tilføra fondet nytt blod og nye idear for korleides ein kann fremja målreising og målodling, og å få fokus burt frå kivingi kring det versle målmiljøet i Bergen. Fondet er eit landsfemnande fond, som det klårt vert sagt i frå um i statuttane krf. § 6 "*... styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet...*" og Vestlandske Mållag meiner at fondet vil tena på ein utviding. Serleg vil Vestlandske Mållag peika på at det no er viktig å reisa målreising og målodling millom studentar og ungdom. Aktivitetane som er avdekkja i det siste og reaksjonane som det er medført, vil krevja ein stor innsats for å få ny kveik i målreisingi millom studentar og ungdom.

Vestlandske Mållag vil peika på at ei utviding av styret i fondet vil medføra at det er turvande å sjå på dei andre fyersegnene i statuttane for å sjå um dei lyt brigdast som ein konsekvens av utvidingi. Vestlandske Mållag peika i det fyrste svaret sitt på på fyerseigner som etter meiningsi vår bør sjåast på. Vestlandske Mållag stend fast på den vurderingi som vart gjevi i det fyrste svaret um når styret i fondet er vedtaksført, krf. § 3, og regelen um burtvising av vallag, krf. § 6. Når styret i fondet skal utvidast lyt ein utvida det so det samla talet på vallag vert eit oddetal.

Vyrdsam helsing
Vestlandske Mållag

Vedlegg 8

Høyringssvar frå Vestmannalaget, dagsett 15. desember 2003.

WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 15. desember 2003

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
V/Dag Hagen Berg
Postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

Framlegg um vedtektsendringar/nye uppnemnarlag

Vestmannalget vil med dette berre understreka at me held fast ved vårt prinsipielle syn: det sitjande styret for fondet hev ikkje den tillit som trengst for å gjennomføra vedtektsendringar eller taka upp spursmålet um nye uppnemnarlag. Fyrst når fondsstyret for perioden 2004-2007 er lovleg skipa - og hev kome i arbeid - vil det vera grunnlag for ei vidare dryfting av desse spursmåli.

Slik me ser det, hev det noverande fondsstyret lagt upp til ei formalisering og byråkratisering av arbeidet som er heilt uturvande, ja beint ut i strid med det å drive idealistisk verksemd, slik dei fem uppnemnarlagi hev til fyremål.


For vår del kan me heller ikkje godta at fondet set knappe frestar for tilbakemeldingar, og automatisk tolkar vantande svar som stilltegjande tilslutnad til endringsframleggi. So lenge vår lovleg valde målsmann – eller varamannen hans – ikkje vert innkalla, fær ikkje Vestmannalaget taka del i arbeidet med vedtektsendringar på lik line med nokre av dei andre lagi. Det hastar difor no med å få uppnemnt fondsstyret for perioden 2004-2007.


Jon Askeland
Formann i
Vestmannalaget

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland
Ivar Aasen-sambandet
Noregs mållag
Norsk Måldyrkingslag
Vestlandske Mållag

Vedlegg 9

Høyringssvar frå Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål, dagsett 5. desember 2003.



*Halldor O. Opdal sitt fond
for ålmennytige føremål*

Halldor O. Opdal sitt fond
for norsk målreising og måldyrking

Postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

Fylgjeskriv

Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennytige føremål har fått tilsendt høyringsdokument som gjeld brigde av føresegnene for Halldor O. Opdal sitt fond for norsk målreising og måldyrking.

Styret handsama saka i møte 02.12.03 og gjode slikt vedtak:

Sak 10/03 Innspel og merknader til brigde av fondsføresegner

Oddmund Hus la fram eit framlegg til drøfting. Styret gjekk gjennom merknadane og gjode nokre små endringar.

Vedtak: Styret godkjenner merknader og innspel til brigde av føresegnene slik det går fram av vedlegget. Vedlegget vert å senda Halldor O. Opdal sitt fond for norsk målreising og måldyrking.

Lofthus 05.12.03

Med helsing
Halldor O. Opdal sitt fond for ålmennytige føremål

Gjerd Ullenvang Jacobsen (s)

Kjellaug Holm
Kjellaug Holm

Vedlegg: Fråsegn



*Halldor O. Opel sitt fond
for ålmennytige føremål*

Uttale om fyresegnene for Halldor O. Opel's fond for norsk målreising og måldyrking.

Underskrivne nestformann i H.O. Opel sitt fond for ålmennytige føremål er beden om å skriva ein merknad til dei dokumenta fondet har fått tilsendt i samband med framlegg til nye fyreseigner for Halldor O. Opel's fond for norsk målreising og måldyrking. Fondsstyret har fått tilsendt dette tidlegare òg, men fann ikkje grunn til å senda inn merknader då.

Men sidan både styringsstaden og opplysing av fondet er drege inn, har me funne grunn til å koma med ein del merknader denne gongen.

Den fyrste tanken som slo meg då eg las gjennom framlegget, er at det inneheld altfor mange formuleringar som kan gje grunnlag for unyttig usemje om det eg ser som heilt uvesentleg i høve til den store oppgåva fondet har fenge å forvalta. Eg har prøvt å foreslå nokre slike forenklingar i teksten, og eg meiner at det let seg gjera å få det endå enklare utan at det kjem i strid med errebrevet til Halldor O. Opel; det vil alltid ligga der som ei rettesnor for styringi av fondet.

Så til sjølve framlegget som eg legg fram for styret i Halldor O. Opel sitt fond for ålmennytige føremål.

Fråsegn.

For å skilja mellom uttrykka (norsk) lov og fyresegn vil ein råd til at Fondet vert styrt etter *fyreseigner* og fyresegnene bør difor ha pkt. og ikkje paragrafar.

§ 2 (Pkt. 2). siste setning bør heita: Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med *fyresegnene for fondet*.

§ 3 (Pkt.3). Fyrste setning i andre lekken bør heita:

Fondsstyret vel sjølv formann, varaformann (varamann er noko anna) *og skrivar.* (Skrivaren er nemnd i §4, men eg meiner at skrivaren må vera styresmann).

Den siste setninga bør heita: Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn 12 år og kan ikkje veljast etter fylte 71 år.

Twistemål om eit lag sin rett til å siuja i fondsstyret, må avgjerast innbyrdes i det laget som har rett til å velja styremenn. Om turvande kan fondsstyret krevja at eit slikt twistemål må avgjerast med skilsmålsdom. (Fondet bør stå utanfor ei eventuell innbyrdes usemje i eit lag).


§ 4. Fyrste setning bør heita: *Styret skal syta for rekneskapsførar og offentleg ettersyn (revisjon).*

Setningi "Styret har signatur i lag" bør gå ut. Kva tyder det eigentleg? Formannen må ha den tillit at han skriv under for fondsstyret.

Siste setning er ikkje klår nok og bør gå ut. Det må klara seg at formannen og skrivaren (som har sete i fondsstyret) har prokura.

Like eins må det vera skrivaren si oppgåve å referera styremøta og setja opp årsmelding for styret.

Lagi må sjølv sagt ha lov til å senda sine merknader både til årsmelding og rekneskap, men slike merknader må berre få fylgjer for seinare år. Styret har gjennom val fått lagi sin tillit til å vedtaka både rekneskap og årsmelding. Merknader frå lagi må gjerne få sin eigen bok i neste års årsmelding om styret finn det ynskeleg.



Det er altfor tungvint at styringslagi skal peika ut eller godkjenna ein ettersynsmann. Ein offentleg ettersynsmann (revisor) går gjennom både årsmelding, styrevedtak og rekneskap. Dessutan kan fylkesmannen gripa inn om han finn det turvande.

Framlegg:

§ 4 (Pkt. 4): *Styret skal syta for rekneskapsførar og offentleg ettersyn (revisjon). Formannen og skrivaren har prokura.*

Styret fastset årsmelding og etterset(revidert) rekneskap. Årsmelding og rekneskap skal sendast til dei lagi som har rett til å velja styresmenn for fondet og til fylkesmannen innan 1.april.

§ 5 (Pkt.5):

Dette punktet må kunna gjerast meir einfeldt. Det bør ikkje vera turvande å rekna ut kva 1000 1971-kroner er verde kvart år, og i tilfelle bør det vera i samsvar med Statistisk Sentralbyrå sin indeks for kroneverde.

Eg ville ha delt avkastingi i t.d. 20 luter og delt ut ein lut til kvar av dei lagi som har rett til å velja styresmenn til fondet. Styret for fondet vil då eta ut 15 luter til dei fyremåli som er omskrivne. Dette punktet vil då sjå slik ut:

§ 5 (Pkt. 5) *Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut til folk som varveitlar eit målføre eller nynorsk på ein rein og velflidd måte, både munnleg og skrifleg. Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.*

Utetlingane gjeng fyre seg i bolkar på 3 år. Avkastingi vert delt i 20 -tjuge - luter. Dei lagi som har rett til å nemna ut styresmenn får kvar 1-ein- lut. Styret byter ut sine 15 - femtan - luter, slik:

5.1. *Fyrste året gjeng styret sine luter til studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prentet kven som hev gjeve tilskotet.*

5.2. *Andre året gjeng styre sine luter til studentar ved universitet eller høgskular for idugt arbeid for nynorsk mål. Styret kann òg gjeva påskyming til lag i bygd eller by for framifrå målarbeid.*


5.3. *Tridje året deler styret ut sine luter med ein fjerdepart til kvar av desse: 1. Ein kringkastingsmann, 2. Ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), 3. Ein bladmann eller eit blad og 4. Ein stortingsmann, skulemann, kyrkjemann eller yrkjesmann or næringslivet.*

Det kan òg vera tale om andre personar.

I serhøve kann styret vika av frå desse reglane dersom det er i samsvar med grunntanken å fondet.

Fondet bør gjera utetlingane kjende for ålmenta med utlysing.

§6. (Pkt.6). Det er gledeleg at styret for fondet vil leggja sætet for fondet til Lofthus i Ullensvang. Det er sjølv sagt kontroversielt å la Ullensvang Herad nemna opp ein eller fleire styresmenn, men dersom det er ynskeleg å knyta fondet sterkare til Hardanger, bør det vera ei god løysing. Eg kan leggja til, og utan at eg tok opp emnet med han, at Halldor O. Opedal fleire gonger gav uttrykk for nett det. Han meinte Hardanger hadde falle utanfor i den måten fondet vart styrt på. Framlegg til



*Halldor O. Opedal sitt fond
for ålmennyttige føremål*

§6. (Pkt.6). Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet, skal Ullensvang herad nemna upp ein styresmann, slik at styret for fondet alltid har fem styresmenn. Ein styresmann som slik gjeng ut or styret, sit i styret for den tidi han er vald. Styret kann ikkje røysta inn nye lag med styringsrett for fondet utan at dei 5 lagi som har rett til å peika ut styresmenn er samde i det.

Fondet har sæte på Lofthus i Ullensvang.

Dersom alle lagi ynskjer å gå ut or styret for fondet eller verta oppløyste, gjeng fondsmidlane inn i ei eigi deild i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål.

2. desember 2003. Oddmund Hus.

Vedlegg nr. 10

Høyringssvar frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 10. desember 2003.

Norsk Måldyrkingslag
v/ Arne Gjeraker
postboks 6
6851 Sogndal

Sogndal, 10.12.03

Haldor O. Opedals fond
postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

FRAMLEGG OM ENDRING AV VEDTEKTENE TIL STIFTINGA

På vegne av styret i Norsk Måldyrkingslag har ein fylgjande merknader til høyringsrunde nr. 2 mot brev av 09.11.03.

Hovudinhaldet i merknadane er òg refererte til og fekk tilslutnad frå alle som var med på årsmøte i Måldyrkingslaget 06.12.03.

1. Innleiing

Allment har fleirtalet i det sitjande styret for Haldor O. Opedals fond laga til så mykje strid, usemje og ugreie i si styringstid at styret manglar allmenn og grunnleggjande tillit og legitimitet for verksemnda. Allment sluttar styret seg til innhaldet i brev av 06.08.03 frå Vestmannalaget, og likeeins til pkt. 1 og 4 i brev av 10.10.03 frå Vestmannalaget.

Dette vert sagt sjølv om ein er vel klar over og ser at det er naudsynt med ein del endringar i både styremåte, rekneskapsoppsett og vedtekter for laget. Når dette likevel vert sett saman med alle andre endringar og framlegg om stridsspørsmål som styret set i verk vert det allment protestert mot at det noverande styret gjer noko fleire vedtak ut over det reint naudsynete og forretningsmessige. Det vert såleis kravd at det ikkje vert sett i verk eller vidareført noko framlegg til endringar slik høyringsbrevet av 09.11.03 gjer framlegg om. Dette må bli eit arbeid for styret som kjem i arbeid frå 2004.

2. Allment

Det vert òg merka at når Norsk Måldyrkingslag tidlegare ikkje har kome med merknader er dette m.a. sin grunn at styret i Opedalsfondet utesengde den oppnemnde styresmannen frå Måldyrkingslaget.

Det synest klart at ein del av framlegga frå fleirtalet i det noverande styret er ein del av ein større strategi for å få makt over fondet, på lik line som deler av det same fleirtalet gjer i andre organisasjonar i målrørsla. Dette seier styret i Måldyrkingslaget seg leie for.

Det vert protestert mot at styret i Opedalsfondet i brev av 07.11.03 – som undertekna ikkje har motteke kopi av – på fleire punkt refererer til merknader frå to styremedlemmar i Norsk Måldyrkingslag. Som de sikkert kjenner til er Hallvard Bergwitz ikkje lenger skrivár i Norsk Måldyrkingslag og Johan A. Schulze kjenner ikkje til at det er sendt inn noko fråsegn på vegne av han. Johan Forsmo har ein i dette høve ikkje vore i kontakt med, jf. at han er sjuk. Det vil verta sendt merknader til Fylkesmannen i Hordaland om dette forholdet.

3. Konkrete merknader

Under alle omstende finn styret i måldyrkingslaget at ein god del av framlegga som er med i høyringstunde nr. 2 er framlegg som ikkje kan gjerast og er ulovlege i forhold til gåvebrevet frå Opedal.

- 3.1. Styret støttar turnusskipnaden som Noregs Mållag har gjort framlegg om.
- 3.2. Det er illustrerande at noverande fondsstyre nederst på side 2 seier:

"Fondsstyret peikar på at det kann vera uheldig for eit landsfemnande fond å berre vera så nær knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen."

Dette viser at fondsstyret ikkje har nok medvit om innhaldet i gåvebrevet frå Haldor O. Opedal. Styret er sett til å setja i verk føremålet og innhaldet i gåvebrevet og ikkje drive politikk ut frå eit ynskt gåvebrev. Fondsstyret har såleis ikkje noko med å koma med slike forslag.

§ 6, 1. ledd, i gåvebrevet omtalar i første ledd kva som skjer om eit av vallaga vert nedlagt. Andre ledd omtalar at om så er kan eit anna lag veljast inn. § 6 må såleis lesast i samanheng. Det er såleis ikkje høve til å utvida styret med fleire styremedlemmar oppnemnt av andre lag då dette er mot gåvebrevet, og vedtekten til stiftinga.

Eg går ut frå at søkerane til å koma inn i styret for fondet indirekte har kome frå fleirtalet i styret, jf. at det ikkje er normalt å senda slike søkerane av eige tiltak.

Den same merknaden har styret til framlegget om tilslutningsfråsegn. Her gjeld òg gåvebrevet og til det noverande styret kom i drift har dette ikkje vore noko problem.

Ein ser at styret i fondet òg er svært opptekne av å "jussifisere" ei lang rekke forhold. Dette har til no vore ukjent i målrørsla, og er lite tenleg for både denne stiftinga og andre stiftingar.

Ein ser òg allment, jf. framlegget til tilslutningsfråsegn, at det vert vist til aksjelova. Dette er feil då det er stiftingslova som her skal vera gjeldande.

4.0. Bruk av midlar – ymse

Det vert med tilvising til ovannemnde protestert mot at ikkje-tilbakemelding er tilslutning til framlegga til brigde som det er gjort opptakt til.

Det er vel kjent at styret i deler av vallaga har få styremøte i året og treng i alle fall fire månader på seg for å koma med utsegner. Fristar på 3-4 veker er såleis ikkje akseptabelt og det vert her vist til at dette er ikkje noko som hastar på noko vis – og det er difor overraskande at noverande styre har slik hast for å få gjennomført endringar.


Det viktigaste er semje mellom vallaga. Styret i Norsk Måldyrkingslag vil såleis koma tilbake til einskildpunkt ved eit seinare høve til dei framlegga som er i brevet av 09.11.03.

- 4.1. Styret finn òg på alle måtar òg å måtte ta avstand frå at noverande fleirtal i styret og/eller styreformann i Haldor O. Opedals fond finn å setje i gang sanksjonar mot personar og/eller organisasjonar i målrørsla utan at årsaka til dette er forklart på fullgod måte i skriv.

Det vert òg teke avstand frå på prinsipielt grunnlag det som står i skriv av 05.12.02 til Jostein Krokvik der det med brei penn vert kunngjort boikott av all bokutgjeving i regi i Norsk Bokreiingslag L/L.

- 4.2. Styret tek avstand frå den måten arbeidet i styret no vert drive på ved å konsultera advokat / juridisk hjelp for ei rekke einskildspørsmål. Ei rekke av einskildspørsmåla skulle la seg løyse etter vanleg god sømd og skikk og faste normer for lagsstyring.
- 4.3. Allment seier styret seg svært leie for at det er unødig strid i fonnet og at dette òg kjem ålmenta til kjenne gjennom at visse persona tydelegvis nyttar pressa til å spreia sine synspunkt.

Med helsing



Arne Gjeråker

Kopi: Vestmannalaget v/ Jon Askeland, Krohnengsgt. 3, 5035 Bergen
Noregs mållag, postboks 474 Sentrum, 0105 Oslo
Arne Skjerven, lerarlag@ulvik.org
Johan Forsmo, Ostaddalsv. 79, 0752 Oslo
Johan A. Schulze, Ullevålsalleen 4 C, 0852 Oslo
Jostein Stokkeland, Nordlandsvegen 8, 3531 Krokkleiva
Kjell Kjerland, Røynstrandv. 17, 5735 Granvin
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 Bergen

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 29. september 2004.

Til:
Vestmannalaget
v/ Jon Askeland

SVAR PÅ ”TILLEGGSMERKNADER TIL ÅRSUPPGJERDI FOR 2003.

Eg syner til tilleggsmerknader frå Vestmannalaget, dagsett 14. september 2004.

Jon Askeland kjem på ny fram med mykje gammalt stoff og siterer litt frå det eine og hitt, utan at det vert teke umsyn til heilskap og samanheng. Eg vil svara i same kronologi som brevet frå Jon Askeland.

Sjølvmotsegjande styring (og argumentasjon)

Jon Askeland siterer brev frå 12. oktober 2000 og ”tillegg” brevet innhald og meininger det ikkje er grunnlag for. Jon Askeland meiner at eg skulde ha bytt standpunkt og argumentasjon i høve til godkjenningsordningi. Detta er nok ikkje heilt rett. Eg hev alltid lagt til grunn at vallagi hev rett til å få innsyn i disposisjonane og rekneskapen, noko eg hev fylgd som formann. Med eg hev alltid meint at vallagi ikkje hev høve til å ”tvinga” fram disposisjonar på tvers av fondsstyret. Jon Askeland skriv vidare at ”*Vedtektene til fondet er ikkje endra sidan den gongen [90-talet]*”. Det høver seg diverre for Jon Askeland at fondsfyresegni vart brigda i 1992. Sjølv um fyresegni um rekneskapen i fondsfyresegni ikkje vart brigda på 1990-talet vart stiftingslogi og rekneskapslogi brigda. Diverre utan at det dåverande fondsstyret fylgte med på utviklingi. Dessa logbrigdi fekk rettsverknad for Opedalsfondet. Ut frå lex superior-prinsippet vart dessa fyresegnene, som logreglar, yverordna fondsfyresegni. I 1995 vart stiftingslogi brigda, soleides at rekneskapslogi sine fyresegner vart gjort gjeldande for rekneskapane og ikkje minst rekneskapsfastsetjingi til stiftingar. Dessa rekneskapsfyresegnene gjaldt ikkje tidlegare for stiftingar. I 1998 vart rekneskapslogi brigda, og fyresegnene um andsvaret for rekneskapsfastsetjingi vart skjerpa. Det hev soleides ikkje vore eit sams regelverk for alle rekneskapsfastsetjingane på 1990-talet. Med dessa brigdi vart innverknaden vallagi hadde i byrjingi av 1990-talet meir og meir innskrenka i detta 10-året. Dvs. det vart fleire fyresegner som sperra for at andre enn stiftingi sine eigne organ kann påverka fastsetjingi.

I høve til rekneskapen for 1999 var det ikkje berre vallagi som ynskte brigde, men òg fondsstyret. Ettersynsmannen drog òg attende godkjenningi av rekneskapen.

Jon Askeland tek på ny upp aldersgrensa. Eit anna moment i høve til detta er at det på 1980-talet var ei aldersgrensa på 70 år i stiftingslogi, ikkje berre i fondsfyresegni. Når det skjedde brot på fondsfyresegni skjedde det òg brot på logi. Detta segjer meir um tilstanden og (u)vilja til å fylgja logverket på den tidi enn um kor flink detta fondsstyret er i jussen.

Jon Askeland kjem på ny inn på kontakten millom fondsstyret og Norsk Måldyrkingslag i 1991/92. Eg ser at Jon Askeland ikkje tek eller vil taka poenget som er med denna kontakten og grunnen til at eg nemnde "striden". Jon Askeland blandar i hop two ulike umstende, og tillegg meg meininger um at Jon Askeland var "sentral" i dessa umstendi. Detta er synsmåtar som ikkje kann tilleggjast meg. Jon Askeland hadde, so vidt eg veit, ingen aktiv rolla i "striden" millom Norsk Måldyrkingslag og fondsstyret i 1991/92. Det var Hallvard Bergwitz, som skrivar i Norsk Måldyrkingslag, som meinte at Hans Sørbø skulde møta på fondsstyremøtet våren 1992, ikkje Jon Askeland. Detta kravet vart sett fram andsynes fondsstyret ved Helga Mehl. Ho som avviste kravet med å syna til sedvanen um at fondsstyri sat i bolkar på fire arbeidsår, ikkje fire kalenderår. Um Jon Askeland hadde kjenskap til kravet, veit ikkje eg, og det er ikkje kjerna i saki heller. Poenget er at det hev vore ein ubroten praksis og med det ein fast sedvane at styrebolkane ikkje fylgjer kalenderåret. Det andre er at det internt i Norsk Måldyrkingslag var ei sterk strid på denna tidi. Jon Askeland melde seg i alle høve ut or laget, saman med mange andre. Um dessa utmeldingane hadde rot i same tilhøve og um striden millom Norsk Måldyrkingslag og fondsstyret var kytte til utmeldingane, hev ikkje eg hev ytra meg um. Striden i Norsk Måldyrkingslag nemnde eg for å syna at det hev vore strid i det laget lenge fyrr eg vart formann i fondsstyret. Det er soleides ikkje detta fondsstyret som hev skuld i striden, slik Jon Askeland hevdar.

Ugildskap

Eg ser at Jon Askeland på ny prøver å vri seg unna det faktum at han ikkje maktar å skilja rollene sine. Han møtte på fondsstyremøtet 20. desember 2003 med fullmakt frå leidaren i Norsk Måldyrkingslag, ikkje frå styret i laget. På møtet uppmoda Jon Askeland fondsstyret til å koma Norsk Bokreidingslag i møte. I tillegg protesera Jon Askeland på at Bjørn Tormod Ringdal møtte for Vestmannalaget. Eg meiner detta syner den uvyrdnad som vert synt mot gildskapsreglane i logverket.

Jon Askeland prøver å blanda saman ulike umbod eg hev havt tidlegare, fyrr eg vart medlem i fondsstyret, med at eg skulde vera ugild i høve til å fyrehava søknader frå Norsk Bokreidingslag. Denna samanblandingi er ikkje rett, og eg hev tidlegare på fullnøgjande måte svara på dessa "skuldingane".

Løyndarspel

Jon Askeland tillegg meg meininger um at leidarane i vallagi ikkje kann tala saman. Det hev eg aldri meint, og det er heller grunnen til at eg nyttar umgripet "løynarspel". Det forvitnelege er sjølvsagt ikkje at gode vene og allierte møtast yver kaffien på arbeidsstaden sine. Det er heilt naturleg at Jon Askeland og leidaren i Noregs Mållag som arbeidskameratar og leidarar i kvart sitt vallag møtast yver kaffien og dryftar både Opdalsfondet og anna. Det forvitnelege er at leidaren i Noregs Mållag ikkje vilde vedkjenna seg detta, då eg spurde han. Til all lukka spurde eg ikkje leidaren i Noregs Mållag meir enn ein gong, han slapp med det å netta trigonger for at han hadde tala med Jon Askeland um Hesthamar og tolkingi av fondsfyresegni.

Jon Askeland meiner eg skal ha drive eit løynarspel, men alle vallagi og fondsstyret vart vitra um at fondsstyret ikkje godtok vanvyrdan for vilja til Opdal, slik ho kjem til uttrykk i fondsfyresegni.

Eg ser at Jon Askeland hevdar at det hev vore sedvane at styremennene hev vitra "sine" vallag, jfr. kritikken av Bjørn Tormod Ringdal. Det er berre Hans Sørbø og Leidulv Hundvin som hev hevdat denna synsmåten. Det hev i alle høve ikkje vore røynsla mi frå Noregs Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Eg spurde sumaren 2000 um vallagi kunne finna spor etter rekneskapane frå fondet og innspel frå styremennene i arkivi sine. I arkivi til vallagi fann ein ikkje slike tidi etter 1986. Norsk Måldyrkingslag svara ikkje. I Jon Askeland sitt lag i dag, Vestmannalaget, kunne ein i 2000 ikkje finna spor etter rekneskapi eller slik vitring i tidi frå 1993 til 2000 i arkivet til laget. So handlemåltane til Bjørn Tormod Ringdal er i samsvar med praksis frå styremennene frå Vestmannalaget. Eit anna moment er at det etter våren 2000 er vitra fullnøgjande gjenom at rekneskapane og årsmeldingane er sende vallagi på høyring, noko som ikkje var vanleg medan Jon Askeland sat i fondsstyret frå 1988-92.

Misbruk av fondsmidlar

Eg ser at Jon Askeland skriv at Arne Skjerven ikkje hev fenge godtgjering. Arne Skjerven hev fenge møtegodtgjering tilliks med andre. Jon Askeland peikar på at møtekostnadene hev auka monalegt i 2003. Det er rett, men ein lyt hugsa at det i 2003 vart halde fire styremøter og prisutetling – mot eit møte i 2002.

Eg ser òg at Jon Askeland er ottefull for at fondet ikkje hev svara arbeidsgjevaravgift. Det burde han òg ha vore. Fram til detta fondsstyret vart skipa i 2000, vart det ikkje svara arbeidsgjevaravgift av godtgjeringane frå fondet. Til all lukka vart skattefylresegnene brigda med verknad for 2000, slik at fondet som ein ideell og ålmennytig samanslutning ikkje lyt svara arbeidsgjevaravgift for godtgjeringane, når kvar person fær mindre enn 30 000 kr. per år og samskipnaden hev samla godtgjering på under 300 000 kr. per år. Det skal med det ikkje svarast arbeidsgjevaravgift korkje av godtgjeringi eller prisane frå Opedalsfondet – etter 2000, sidan ingen privatperson hev motteke meir enn kr. 30 000 per år, og dei samla ytingane er mindre enn 300 000 kr per år.


Eg ser òg at Jon Askeland nemner at skrivaren, Lars Bjarne Marøy, i fondsstyret, som leidar i Vestlandske mållag, kom til Kjell Kjerland og *"bad på sine kne um forlik"*. Eg er undrande til ordleggjungi all den tid Kjell Kjerland i forliket akseptera at Lars Bjarne Marøy hadde innkallingskompetanse til årsmøtet i Vestlandske Mållag og at alle disposisjonane han hadde gjort vart godteke. Sjølv um det ikkje hev noko med umbodet mitt som formann i fondsstyret, undra det meg kvifor Jon Askeland og Kjell Kjerland skapa so mykje uro og strid, for til slutt å godtaka at Lars Bjarne Marøy var leidar i Vestlandske Mållag likevel. Det stend i alle høve ikkje i samsvar med ordleggjungi åt Jon Askeland og Kjell Kjerland, jfr. merknadene til årsmeldingi.

Jon Askeland prøver å "klistra" meg til hendingar eg ikkje er knytte til. Eg hev aldri hatt styreumbod i Vestlandske Mållag, og hev ikkje møtt på årsmøti som eventuelt skulde ha vore eller ikkje vore dei siste åri. Eg hev vore leidar i Ivar Aasen-sambandet, men eg gjekk ut or umbodi mine i 2001. Eg hev sidan ikkje hatt umbod der. Eg vil leggja til at Jon Askeland òg sat i styret på den tidi eg var leidar, utan at eg kann hugsa at han protestera på noko av det eg gjorde som leidar eller gav uttrykk for at eg ikkje synte samarbeidsvilja. Tvert um tykte eg me hadde eit godt samarbeid. Kva som hev hendt i Ivar Aasen-sambandet etter at eg gjekk av som leidar er ikkje eg andsvarleg for og eg er heller ikkje andsvarleg for Vestlandske Mållag sine disposisjonar all den tid eg ikkje hev havt umbod der.

Eg ser elles ingen grunn til å kommentera innhaldet vidare. Mykje av innhaldet er svara fullnøgjande på mange gonger tidlegare. Eg hev ikkje tid til på ny å svara på slikt. Eg avsluttar med detta ordskiftet um årsmeldingi og rekneskapen, som vert levera til Fylkesmannen.

Det "nye" fondsstyret skipar seg i morgen. Eg fær vona ein byrjar å sjå frametter, og ikkje baketter.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg
- formann -

Avprent er sende til:

- Mona Stormark
- Lars Bjarne Marøy
- Bjørn Tormod Ringdal
- Arne Skjerven
- Noregs Mållag
- Norsk Måldyrkingslag
- Ivar Aasen-sambandet
- Vestlandske Mållag,
- v/Kjell Kjerland
- Vestmannalaget
- Sissel Anny Hjelmtveit
- Vincent Eye Færavåg
- Kåre Lilleholdt
- Marie Morken
- Torfinn Slettebø
- Skjalg H. Halmøy

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 30. september 2004.

Til:

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

MERKNAD TIL BREV FRÅ ARNE SKJERVEN TIL FYLKESMANNEN I HORDLAND, DAGSETT 27. SEPTEMBER 2004

Eg hev òg tidlegare i sumar svara Arne Skjerven på merknadene han hev andsynes årsmeldingi og rekneskapen, jfr brev dagsett 30. juni 2004.

Eg hev fenge two brev frå Arne Skjerven, dagsett 16. juni og 7. juli d.å.. Eg ser at Arne Skjerven i brevet sitt frå 27. september d.å. syner attende til tri brev. Eg kann ikkje sjå at fondsstyret hev motteke noko brev frå Arne Skjerven/Norsk Måldyrkingslag, dagsett 16. juli d.å.. Eg kann med det ikkje kommentera detta brevet.

Det er òg interessant at Arne Skjerven fyr årsmeldingi og rekneskapen er ferdug – segjer seg leid for at han ikkje hev havt høve til å setja seg inn i dessa dokumenti. Arne Skjerven ser heilt burt i frå at styremennene, både nye og gamle, og vallagi i brev, dagsett 9. juli 2004, fekk tilsendt dokumenti og vart bedne um å koma med merknader til årsmeldingi og rekneskapen. Eg bad i brevet um at eventuelle merknader vart sende inn til fondsstyret fyr 10. august 2004. Eg nemnde i brevet òg at utkast til årsmelding – slik ho vart etter styremøtet 13. juni og etter at rekneskapstali var tekne inn - ville koma dei nærmaste dagane. Skrivaren sende ut utkastet i slutten av juli.

Arne Skjerven hev berre møtt på eitt styremøtet i den fireårsbolken som ligg attom oss, trass i at fleire møtedatoar er endra og/eller lagt til tidspunkt som Arne Skjerven hev ynskt. Han hev ikkje møtt på ei einaste av dei andre tilstellingane som fonnet hev havt. Utetlingi av studentprisane vart i fjar utsett, av di Arne Skjerven ikkje hadde høve til å koma på det tidspunktet som fondsstyret primært ynskte. Arne Skjerven hev reist kritikk mot at eg den 10. juni d.å. prøyde å få til eit styremøte på tri ulike datoar same månad, 12, 20. eller 26. juni. Eg ynskte helst styremøte i samband med utetlingane av heidersprisane, den 12. juni, sidan alle styremennene då skulde vera til stadar på heidersprisutelingi. Arne Skjerven visst um prisutetlingen, jfr. brev frå meg dagsett 25. mai, og han visste at styremennene sjølv sagt burde møta upp og han visste at det til vanleg var styremøte i samband med utetingane. Arne Skjerven svara meg under telefonsamtalen, den 10. juni, at det for hans del var uaktuelt å ha møte i samband med heidersprisutetlingi, sidan han ikkje hadde høve til å prioritera denne tilstellingi. Det var heller ikkje akuelt å møte på dei andre datoane eg gjorde framlegg um. Eg tykkjer episoden fortel meir um vantane vilja til å prioritera umbodet som styremann, enn manglar ved innkallingane.

Det er forvitneleg at Arne Skjerven når fondsstyret skal avslutta arbeidsgjerningi si kjem med tilslutnad til skarp kritikk av fondsstyret han sjølv sat i utan å ha gjort noko for å fremja dessa synsmåtane tidlegare. Serleg interessant er det av di mykje av kritikken som kjem frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og som Arne Skjerven no sluttar seg til gjeld umstende og avgjerder som knytter seg til tidlegare år, ikkje arbeidsbolken 2003/2004. Arne Skjerven hev ikkje på noko tidspunkt fyrr styremøtet 13. desember 2003 ytra seg um eller reservera seg mot avgjerdene og synsmåtane til fondsstyret – trass i at han hev havt høve til (1) å koma med kritikk på styremøti, (2) til å reservera seg gjennom å koma med merknader til årsmeldingane og rekneskapane for tidlegare år og (3) til eventuelt elles framja sine synsmåtar andsynes fondsstyret og vallagi.

Det segjer litt um framferdi til Arne Skjerven at då eg i slutten av juni bad han um å koma med framlegg til ein dato som høvde for han å ha møte i fondsstyret, svara han at han ikkje såg grunn til noko styremøte, jfr. brev dagsatt 7. juli d.å. Eg ynskte eit nytt styremøte for å gjeva ogso Arne Skjerven høve til å leggja fram synsmåtar sine på eit styremøte. Det er òg interessant at Arne Skjerven i august og i september, etter å ha motteke det ferdige utkastet frå skrivaren i slutten av juli, ikkje fremde nokon merknad til årsmeldingi. Det er send ut two utkast til årsmelding til Arne Skjerven; eitt som styredokument til styremøtet i juni og det endelige utkastet som skrivaren sende ut i slutten av juli. Det er soleides ikkje rett når Arne Skjerven skriv fylgjande i brevet frå 27. september 2004:

... [i] veke 39, ringde formannen i fondet for å få underskrift. ... Me vart likevel samde um underskrift, fordi eg hadde fått markert synspunkta mine. Nokre dagar etter telefonsamtalen, kjem så årsmelding og rekneskap til underskrift. Men det er ikkje DEN SAME, som eg fekk tidlegare på året, [] Mi tilføyning

Den årsmeldingi og den rekneskapen som Arne Skjerven fekk til underskriving i september, var dei same dokumenti som høvedsvis skrivaren og formannen sende Arne Skjerven i juli. At Arne Skjerven trudde at detta utkastet var det same som vart send ut i juni, og soleides ikkje satte seg inn i detta utkastet, kann ikkje formannen og skrivaren lastast for. Detta tilhøvet vert meir merkjeleg av di eg i samtala med Arne Skjerven i månadsskriftet juni/juli sagde klårt i frå um at eg ikkje var ferdug med rekneskapen (som vart ferdug 9. juli). Eg nemnde vidare at når rekneskapen var ferdug vilde tali verta tekne inn i årsmeldingi. Eg sagde vidare at når dessa dokumenti var ferdugskrivne vilde dei verta sende ut på høyring. Arne Skjerven burde med det ha havt god kjenskap til at den årsmeldingi som kom i slutten av juli, var den som skulde kommenterast og som etter at høyringsrunden var fullendt, skulde underskrivast av styresmennene.

I brevet frå 27. september d.å. nemnder Arne Skjerve eitt tilhøve der han meiner at han er usamd med "fleirtalet" i fondsstyret:


Eg hev ikke vore samd i alle vedtak, ... Detta gjeld mellom anna bruk av pengar til advokathjelp utan at eg har fått utskrift om vedtak, rapport om korleis pengane vart brukte,

Eg kann ikkje svara på kva Arne Skjerven er samd i, men Arne Skjerven hev havt kjennskap til avgjerdi um å nytta advokathjelp lenge.

Avgjerdi um å nytta advokat og å setja av kr. 60 000 vart teken i alt 2002, ikkje i arbeidsbolken 2003/2004. Avgjerdi er millom anna umtala i rekneskapen for 2002. Arne Skjerven skreiv under rekneskapen for 2002 sumaren 2003 utan å protestera på at fondsstyret skulde nytta advokat og at det vart sett av kr. 60 000 til slik hjelp.

Når ein styresmann hev vore med på ei ferd han ikkje tykkjer um utan å gjera rop, bør han ikkje koma med kritikk – men sjølvkritikk.

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking


Dag Hagen Berg

- formann -

Avrent er sende til:

- Mona Stormark
- Lars Bjarne Marøy
- Bjørn Tormod Ringdal
- Arne Skjerven
- Noregs Mållag
- Norsk Måldyrkingslag, v/Arne Gjeraker
- Ivar Aasen-sambandet
- Vestlandske Mållag, v/Kjell Kjerland
- Vestmannalaget
- Sissel Anny Hjelmtveit
- Vincent Eye Færavåg
- Kåre Lilleholdt
- Marie Morken
- Torfinn Slettebø
- Skjalg H. Halmøy

Ashjørn G. Litteré

REGISTRERT REVISØR

FJØSANGHØVDEIEN 57/61 - 5037 SOLHEIMSVIKEN

TLF. 55 29 96 55 - FAX 55 29 99 62

TLF. PRIVAT 55 28 98 72

ORG.NR.: NO 967 992 224

Til generalforsamlingen i Halldor O. Opedals fond

REVISJONSMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for Halldor O. Opedals fond for rekneskapsåret 2003, som syner eit årsunderskot på kr. 116.825,26. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og framlegg til dekning av årsunderskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, jumvekti og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret.. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon. Revisjon omsattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskaps-prinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omsattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg.
- leिङga har oppfylt plikta si til å syle for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og forslaget til dekning av årsunderskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Utan at det har noko å seia for konklusjonen i avsnittet over, vil vi presisere at oppgåveplikta vedr. oppgåvepliktige utbetalinger i tilknytning til utreidde loyvingar er uklar

Bergen, den 11. oktober 2004



Ashjørn Litteré
Registrert revisor